

Ragnhild Hystad-Tjelle

*"Like fra is-tiden har befolkningen i det nordlige Norge levet av fiske"*<sup>1</sup>

**Noregs argumenter for torskeførekommstane i internasjonale  
forhandlingsfora 1949-1994**



Masteroppgåve i historie

Universitet i Bergen

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Våren 2014



---

<sup>1</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl. Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 1 kapittel 1:12

*Til Pappa som forlot denne jord så alt for tidleg.  
-eg dedisere denne oppgåva til deg*

Foto framside: regjeringen.no Henta ut den 13.05.2014 frå:  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/veiledninger/2000/havet---vart-spiskammer.html?id=87564#torsk>

## **Forord**

Med eit er det morgon igjen, lange netter med skrivekampar, adrealinkick av spanande tankar er no med eit forbi. Det har vore ei interessant reise gjennom masterprosessen, kanskje spesielt det å vera detektiv på jakt etter kjelder som opnar vegen for nye kunnskapar og utviding av forståingshorisontar, men akk no er dette over for denne gang og eg er klar for å møte nye utfordringar her i livet.

Kjære Arild takk for at du er min bestekompis, kjærast og ein pilegrim saman med meg her på livets veg, du har vore så tolmodig og hjelpsam gjennom heile denne prosessen og eg set så stor pris på deg.

Eg vil nytte høve til å takke vegleiaren min, Bjørn-Petter Finstad ved Fiskerihøgskolen, Norges arktiske universitet for eit godt og konstruktivt samarbeid. Mest av alt takk for at du var med på å halde motivasjonen min oppe og for at du hadde trua på meg når eg tvilte.

Spesielt takk til tidlegare Fiskeridirektør Knut Vartdal for eit veldig inspirerende intervju.

Sanne, takk for alle oppmuntrande tilbakemeldingar på mitt materiale, da har betydd mykje for meg. Elles takk til Mamma, Silje, familie og vener for støtte og gode tankar.

Masterseminaret mitt «På tvers av grenser» har vore til god hjelp og gjeve meg ny giv med konstruktive tilbakemeldingar. Da vert rart å ikkje gå på master meir, er veldig takksam for alle gode samtalar med medstudentar. Har lært så mykje nytt både om studie og menneske.

- Eventuelle feil og manglar er mitt ansvar åleine

**Laksevåg Mai 2014.**

**- Ragnhild Hystad-Tjelle**

## **Innholdsliste**

<b>Liste over forkortingar</b>	<b>S. 6</b>
--------------------------------	-------------

### **Kapittel 1: Innleiing** **S. 4**

1.1 Tema og problemstilling	<b>S. 7</b>
1.2 Teori og metode	<b>S. 13</b>
1.3 Kjelder og kjeldekritikk	<b>S. 15</b>
1.4 Faglitteratur	<b>S. 16</b>

### **Kapittel 2. Den norsk-britiske fiskerigrensetvisten ved Den Internasjonale Domstolen i Haag 1949-1951 -Korleis argumenterte Noreg for torskeførekomstane?** **S. 18**

2.1 Tvistens oppkomst og utvikling	<b>S. 20</b>
2.2 Noregs argumenter for torskeførekomstane under sjølve rettssaken	<b>S. 26</b>
2.2.1 Historisk bruksrett til torskeførekomstane basert på gamal hevd	<b>S. 28</b>
2.2.2 Framande statars anerkjenning og/eller stilltidi samtykke til det norske system	<b>S. 31</b>
2.2.3 Den folkerettslige legitimitet til den kongelegge resolusjon av 12. juli 1935	<b>S. 33</b>
2.3 Siste påstandar frå Storbritannia	<b>S. 45</b>
2.4 Domaravgjersla	<b>S. 47</b>
2.5 Ein viktig siger for Noreg	<b>S. 49</b>
2.6 Avslutning	<b>S. 49</b>

### **Kapittel 3. Noregs argumenter for torskeførekomstane i den norsk sovjetiske fiskerikommisjon 1975-1977** **S. 50**

3.1 Eit nytt forvaltings- og havrettsregime vinn fram	<b>S. 50</b>
3.2 Noregs argumenter for torskeførekomstane under forhandlingane	<b>S. 58</b>
3.3 Verknadshistorie: overkapasitet og overfiske?	<b>S. 71</b>
3.4 Avslutning	<b>S. 73</b>

**Kapittel 4. Fiskerispørsmåla i EØS-forhandlingane (1989-1994)**

**- Korleis argumenterte Noreg for fiskeførekomstane og då spesielt torsken? S. 75**

4.1 Dei politiske grunnsteinane for ein EØS-avtale vert lagt **S. 76**

4.2 Samanfall av to fiskerimessige omveltingar **S. 82**

4.3 Syse-regjeringa sitt standpunkt angående fiskerispørsmåla **S. 84**

4.4 EØS-forhandlingane står i stampe **S. 89**

4.5 Brundtland-regjeringa tek vidare kampen om **S. 90**

dei vanskelige fiskerispørsmåla i EØS-forhandlingane

4.6 Forhandlingseinigheit angående fiskerispørsmåla i EØS-avtalen **S. 95**

4.7 Avslutning **S. 101**

**Kapittel 5. Konklusjon** **S. 103**

**Kjelder** **S. 108**

**Litteraturlista** **S. 115**

## Liste over forkortinger

<b>AP</b>	= Arbeidarpartiet
<b>DPK</b>	= Den Permanente Kommissjon
<b>EEC</b>	= European Economic Community (Det europeiske økonomiske fellesskap)
<b>EF</b>	= De europeiske fellesskapa
<b>EFTA</b>	= European Free Trade Association (Det europeiske frihandelsforbund)
<b>EU</b>	= Den europeiske union
<b>EØS</b>	= Det europeiske økonomiske samarbeidsområde
<b>FAO</b>	= Food and Agriculture Organization of the United Nations
<b>FrP</b>	= Fremskrittspartiet
<b>FN</b>	= De Forente Nasjoner
<b>H</b>	= Høgre
<b>HI</b>	= Havforskningsinstituttet i Bergen
<b>ICES</b>	= International Council for the Exploration of the Sea
<b>ICNAF</b>	= International Commission for the Northwest Atlantic Fisheries
<b>KrF</b>	= Kristeleg folkeparti
<b>MSY</b>	= Maximum Sustainable Yield
<b>NAFO</b>	= Northwest Atlantic Fisheries Commission
<b>NEAFC</b>	= North East Atlantic Fisheries Commission
<b>NF</b>	= Norges Fiskarlag
<b>NNN</b>	= Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund
<b>NOS</b>	= Norges offentlige statistikk
<b>NOU</b>	= Norges offentlige utredninger
<b>NTB</b>	= Norsk Telegrambyrå
<b>SNL</b>	= Store norske leksikon
<b>SP</b>	= Senterpartiet
<b>SSB</b>	= Statistisk Sentralbyrå
<b>TAC</b>	= Total Allowable Catch
<b>UD</b>	= Utanriksdepartementet
<b>UNCLOS</b>	= United Nations Conference on the Law of the Seas
<b>VG</b>	= Verdens Gang

## 1. Innleiing

*"Nu maae jeg mig snoe til den Nordlandske Torsk, Skuld` Torsken os feyle, hvad havde vi da,  
Som Fiskerne kalde monn` Skreien paa Norsk,      Hvad skulle vi føre til Bergen herfra?  
Han nævnes maae Nordmandens Krone,            De seyled` vist Jægterne tomme.  
Han kroner vor Gielde han kroner vor Skiaae      Hvad have vi andet, her bygger og boer,  
O! Sæel est du Bonde, som Torsken kan faae,      End søge vor Føde med Angel og Snor  
Han føeder baad` dig og din Kone.                Og pløye de Bølge hin gromme?  
Du Torsk maae vel kaldes vor Næring og Brug,     ...Ney! Fisken i Vandet, det er vores Brød,  
Du skaffer fra Bergen saa mangen Tønd` Rug,     Og miste vi hannem, da lide vi Nød,  
Den stakkels Nordfarer til føde.....            Og jammerlig nødes at sukke."*

**Petter Dass Nordlands Trompet 1739.<sup>2</sup>**

### 1.1 Tema og problemstilling

Denne masteroppgåva er eit tverrsnittstudie beståande av tre caser som omhandlar korleis Noreg framstilte og argumenterte for torskeførekomstane i internasjonale forhandlingsfora.

Torskeførekomstane var og er den største fiskebestanden Noreg forvaltar både i økonomisk og kvantitativ forstand. Tidlegare direktør ved Havforskningsinstituttet (HI) Odd Nakken hevdar at den moglegvis er verdas største. <sup>3</sup>Torskebestanden det er tale om her har fleire namn: på latin Gadus morhua, nordaustatlantisk torsk, norskarktisk torsk og arktisk torsk. Eg skal bruke namnet nordaustarktisk torsk i denne oppgåva fordi det er dette omgrepet som er mest utbreidd blant norske havforskarar i dag. <sup>4</sup> Ein anna torsketype er kysttorsken. Denne er i kvantum ein langt mindre bestand enn den nordaustarktiske torsken og så er den meir "stavnsbunden" i dei norske fjordane og

---

<sup>2</sup>Dass, Petter. 1989:46

<sup>3</sup> Nakken, Odd. et. al. 2008:9,84

<sup>4</sup> Nakken, Odd. et al. 2008:7

migrerar difor langt mindre enn sin arts frende.<sup>5</sup> No skal derimot den nordaustarktiske torsken vera i sentrum.

Torsk betyr ein fisk som vert tørka eller skal tørkes, og namnet kjem difor av ein utbreidd foredlingsmåte av denne ressursen i Nord-Noreg. Tørrfisk er Noregs første kommersielle eksportvare med røter tilbake til 1000-talet.<sup>6</sup>

Den nordaustarktiske torsken gyter langs Norskekysten frå Stadt til Lofoten. Størsteparten av innsiga kjem ved kysten av Nord-Noreg, der Lofoten er det viktigaste gyteområdet. <sup>7</sup>Egga er sårbare i det våte element der dei er utsett for naturlege fluktusjonar som havets straumar, temperatur og rovdyr. Samstundes er egga også avhengig av havet. Når egget har spist opp "nistepakka" si og vert yngel må den ha mat med ein gong. Om ikkje yngelen møter på dyreplankton som bokstaveleg talt symje rett inn i gapet på den, så dør yngelen etter kort tid og vert ein del av havets økologiske kretsløp. I snitt er det berre eit av ein million gytte egg som veks opp til å verta gytemoden torsk.<sup>8</sup> Er det tilgang på mat er det større moglegheit for at yngelen overlev og migrerer ut til Barentshavet. Der ung-torsken veks opp. Om ung-torsken når tre årsalderen migrerer den inn etter lodda langs den nord-norske kysten. Dette torskeinnsiget dannar grunnlaget for det nest viktigaste torskefiskeriet i Noreg: Vårtorsk fiske. Dette fisket føregår frå april til juni utanfor Finnmarkskysten. <sup>9</sup>

Det er denne "loddetorsken" som dannar rekrutteringsgrunnlaget til den gytemodne torsken; Skreien. Denne overgangen skjer mellom torskens 6. og 8. leveår.<sup>10</sup> Skreien har fått sitt namn frå det norrøne ordet "skriðr" som betyr å vandre, fordi skreien migrerer årleg tilbake til sine faste gyteområder der liva deira opphavleg starta. Skreifiskeriet er

---

<sup>5</sup> Maurstad, A. 2008:368-371

<sup>6</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 1 kapittel 2:18

<sup>7</sup> Nakken, O. et. al. 2008:83

<sup>8</sup> Nakken, Odd. et al 2008:88-89

<sup>9</sup> Nakken, O. et. al. 2008:88

<sup>10</sup> Gjennomsnittsalderen for når torsken vert gytemoden har sunke dei siste 50-åra. I fylgje Nakken, O. et. al 2008: Frå 8-11, ned til å verta gytemoden som 6-8 åringar. Økologiske forandringar og fiskepress vert gjeven som nokre av grunnane til dette.



det største fiskeriet i Noreg, både i volum og økonomisk. Det er utanfor Lofoten og føregår i vintermånadane februar og mars.

Kven som skal ha rett til å fiske på den nordaustarktiske torsken har og er fortsatt eit brennheit tema både i den norske forvaltingspolitikken og i distrikts- og samfunnsdebatten. I størst mogleg grad har fokuset vore på kven som har rett til å drive fangst på desse torskeførekomstane. Eit anna aspekt har vore kven som har rett til å foredla og kven har rett til å selja fangstane etter at dei er brakt i land.<sup>11</sup>

I denne oppgåva har eg vald å fokusera på korleis Noreg framstilte og argumenterte for torskeførekomstane i internasjonale forhandlingsfora ved tre ulike høve. Dermed har denne tverrsnittstudiet eit perspektiv med hovudfokus på Noregs utanriksforhandlingar angående fiskeressursar med særleg vekt på torskeførekomstane.

### **Forskingsspørsmåla er desse:**

*Korleis framstilte Noreg torskeførekomstane i internasjonale forhandlingsfora mellom 1949-1994?*

*Korleis vart desse torskeførekomstframstillingane framforhandla og legitimert?*

Målet er ikkje å undersøkje om framstillingane var "rette" eller "falske", men korleis dei vart framforhandla og legitimert av Noreg. Kontaktflater mellom aktørar og strukturar dannar forhandlingsgrunnlag for korleis kunnskap om torskeførekomstar vert framforhandla mellom anna gjennom innsamling av historiske materiale, sakkyndige rapportar, høringsinstitusjonen og i komitéarbeid.

I denne oppgåva inneber "Noreg" hovudsakleg dei som forma argumenta og dei som forhandla på vegne av det offisielle Noreg. I den forbindelse gjeld dette representantar

---

<sup>11</sup> Jamfør; NOU 2008:5 *Hvem har rett til fisken i havet utenfor Finnmark.* & Samfunns-, og politiske drøftingar 2014 angående Kjell Inge Røkke og kystaksjonen mot hans selskap Norwegian Seafood jamfør: kystmuseene om "Mehamnopprøret" henta ut den 29.04.2014, Dagbladet om Røkkes "løftebrudd" i Nord-Norge og "Kystaksjonen" henta ut den 03.03.2014 og 04.03.2014.

frå Utanriksdepartementet, Fiskeridirektoratet, Fiskeridepartementet og Havforskningsinstituttet. Storting og regjering er også medverkande i denne "policy"-danninga, men det er først i den siste casen at desse to instansane vert framtrédande. Det har også vore turvande å trekkje inn innspel frå andre aktørar, slik som Norges Fiskarlag.

Kongeriket Noreg har måtte argumentera for torskeførekommstane utanfor Nord-Noreg ved fleire høve på internasjonalt plan. Dei tre sakene som er forskingsgrunnlaget i denne oppgåva er vald ut i frå tre føresetnadar: 1. Forskingsetikk. 2. Tid og rom. 3. Interesse. Forskingsetisk er dei vald på grunnlag av kvite hol i forskingslitteraturen som vil gagna historiefaget i å verta studert nærare. I høve til tid er det fordi dei tre enkeltsakene spreier seg ut over eit tidsrom på over førti år der det skjer store omveltingar i Noreg. Når det gjeld rom så møter ein tre ulike forhandlingssituasjonar med tre forskjellige motpartar. Det at sakene også er vald ut grunna eiga interesse er gjort medvitent med tanke på det store arbeidet eit masterprosjekt inneber. Det å arbeide med noko ein tykkjer er spanande er med på å halde motet og konsentrasjonen oppe gjennom heile prosessen.

Den første enkeltsaken omhandlar "The Anglo-Norwegian Fisheries Case" også kjent som den norsk-britiske fiskerigrensetvist 1949-1951 ved Den internasjonale domstolen i Haag. Denne fiskerigrensetvisten starta tidleg på 1900-talet medan ei rekkje havrettsspørsmål ikkje var avklart. Under Nordsjøkonferansen i 1882 hadde Storbritannia, og ei rekkje andre land, forfekta at eit lands territorialgrenser til sjøs skulle ha breidde på 3 nautiske mil. Noreg, som fekk følgje med Sverige, hevda på si side at deira lands territorialgrense skulle vera på 4 nautiske mil, fordi dei lenge hadde forfekta denne breidda i deira statspraksis.<sup>12</sup> *Mare Liberum*: havets fridom var internasjonalt anerkjend og gjekk ut på at havet utanfor statars territorialgrenser var fritt for alle. Dette gjaldt både i høve til fri ferdsel og fangst av dei levande marine ressursane.<sup>13</sup> Da britiske trålarar byrja å fiske inne i den nord-norske skjergarden og dei tilstøytande fjordane vart dei etterkvart møtt av norske sanksjonar mellom anna i form av arrestasjonar og rettssaker. Korleis utvikla denne konflikten seg? Kva var stridens

---

<sup>12</sup> Fulton, T. W. Først utgjeven 1911. 2002:635-637

<sup>13</sup> Skogvang, S. F. 2012:83-84

kjerne? Korleis argumenterte Noreg for torskeførekomstane under rettssaken i Haag mellom 1949-1951? Korleis legitimerte Noreg sine framstillingar? Kva sa domaravgjersla om Noregs rett til utnytting av torskeførekomstane utanfor kysten av Nord-Noreg? Kva betydning fekk rettssaken for Noreg?

I sak nummer to er det Sovjetunionen Noreg møter ved forhandlingsbordet i *Den blandede norsk-sovjetiske fiskerikommisjon*. Hovudfokuset skal vera på den nyoppretta kommisjonen frå 1975-1977. I denne forbindelse er det fiskeriforvaltning som er tema. Fiskeriforvaltning består av ein omfattande prosess. Frå sakkyndige forvaltingsråd basert på havforskning, til argumentasjonsdanning, forhandlingar samt utføring og oppfølging av forvaltingsresultat i form av kontroll- og sanksjonsfunksjonar.<sup>14</sup> Etter fiskerigrensetvisten i Haag hadde det skjedd ein stor omvelting innan havrett og fiskeriforvaltning. I 1968 gav Garrett Hardin ut artikkelen "*The Tragedy of the Commons*". Denne tok føre seg problemet rundt det å ha ein felles u-regulert allmenning med ressursar som var opne tilgjengeleg for alle. Konsekvensen av dette var ein uunngåeleg desimering av allmenningens ressursar.<sup>15</sup> I stor grad var dette representativt for samtida der eit effektivt forvaltningssystem vanta. Havet var ein open allmenning etter prinsippet om *Mare Liberum*. Etter den andre verdskrigen auka presset på den opne allmenningen og dei marine levande ressursane grunna nye aktørar, ny teknologi og rasjonalisering av fangstleddet. Arbeidet med utvikling av havretten fekk sitt gjennombrudd med FN sine tre Havrettskonferansar i perioden 1958-1982. Prinsippet om 200 mils økonomiske soner fekk gjennomslag under den tredje Havrettskonferansen i 1975. Trass i at UNCLOS III ikkje var ferdigforhandla, så danna det seg ein statspraksis om at dei økonomiske sonene skulle verta innført. Ved innføring av 200 mils økonomiske soner følgde både forvaltingsrett- og plikt til å regulera dei marine levande ressursane. Torskeførekomstane migrerte mellom Sovjetunionen og Noregs framtidige økonomiske soner, og nå måtte dei samarbeide om forvaltninga av denne felles ressursen.

<sup>16</sup> Vart arbeidet i fiskerikommisjonen bygd på tidlegare fiskeriforvaltingsorganisasjonar

---

<sup>14</sup> FAO sitt fiskeri- og akvakulturdepartement om fiskeriforvaltning, definisjonar. Henta ut den 23. 08. 2013.

<sup>15</sup> Hardin, G. 1968

<sup>16</sup> Då Noreg innførte to hundre mils økonomiske soner den 1. Januar 1977 innebar dette at 90% av alle dei marine levande ressursane var delt med andre nasjonar. Multi- og bilaterale forhandlingar vart frå no av vanleg statspraksis. Jamfør: Kolle, N. 2002:101

eller byrja ein med blanke ark? Korleis posisjonerte Noreg seg i forhandlingssituasjonane? Korleis argumenterte Noreg for torskeførekomstane i denne samanhengen?

I den tredje og siste casen skal Noregs argument for fiskeførekomstane i forbindelse med EØS-forhandlingane drøftast. Noregs posisjon innan EFTA skal danna eit viktig grunnlag for diskusjonane, men hovudfokuset skal vera på Noregs argument i høve til EF. Tidsperspektivet skal vera frå 1989-1994, med særleg fokus på sjølve forhandlingane frå juni 1990 til oktober 1991. Vidare var det store fiskerimessige omveltingar. For det første vart det torskekrise, tydeleggjort ved at fiskeriminister Mørk-Eidem stoppa kystflåtens fiske den 18. april 1989.<sup>17</sup> For det andre så var Noreg i ferd med å trappe ned statsstøtte til fiskerinæringa. Dette kom både av indre strukturpolitiske målsetnadar om at fiskerinæringa skulle verta meir marknadstilpassa og på grunnlag av ei omforming av norsk regelverk for å hindre konkurransevriding i høve til krav frå EF.<sup>18</sup> Kvifor ville EFTA-landa og spesielt Noreg tilpassa seg EF sin indre marknad? Korleis stilte dei ulike partia på Stortinget til denne EF-tilpassinga? Kvifor var fiskerispørsmåla særleg vanskeleg under EØS-forhandlingane? Kva var Syse-regjeringa og Brundtland-regjeringa sine fiskeripolitiske målsetnadar i EØS-forhandlingane? Korleis var mot-krav frå EF med på å omforma Noregs standpunkt og forhandlingsresultatet? Kva oppnådde Noreg i fiskeriforhandlingane i forbindelse med EØS-avtalen?

Eit tverrsnittstudium mogleggjer å trekkje utviklingslinjer da lik- og ulikskapar kjem fram gjennom å studere eit fenomen ved enkelthendingar over tid.<sup>19</sup> Det positive ved dette er å få syntetisere og trekkje slutningar over ei generell utvikling. Ei utfordring er korleis slike generaliseringar kan bidra til at det spesielle ved utviklinga forsvinn da ein søker generelle rammeforteljingar.<sup>20</sup> På den andre sida er dette noko som ein bør vera oppmerksam på, men samstundes ikkje forhindre ein i å kunne trekkje generelle utviklingstrekk. Målet med å fordjupe seg i enkeltcasar er nettopp å både finne det spesielle og særeigne i den casen, medan ein på den andre sida skal trekkje ut generelle

---

<sup>17</sup> Holm, P et. al. (upublisert manus) 2014:1

<sup>18</sup> Holm, P et. al. (upublisert manus) 2014:19 & NOU 2012:2:419

<sup>19</sup> Andresen, A. et. al. 2012:95

<sup>20</sup> Andresen, A. et. al. 2012:99

slutningar ved å samanlikne den med andre enkeltsaker. Målet med denne masteroppgåva er å koma med eit nytt bidrag som fortrinnsvis er med på å nyansera, og stilla nye spørsmål til etablerte forteljingar og forklaringar.

## 1.2 Teori og metode

Når det gjeld teori har eg vorte inspirert av historikar Kristin Asdal sine teoretiske synspunkt. Desse er henta frå hennar bok "Naturens politikk – politikken natur".<sup>21</sup> Sosiologane Bruno Latour og John Law skal i fylgje Asdal ha vore to av oppfinnarane til Aktør-nettverk teorien. Asdal vektlegg at den særleg omhandlar korleis aktørar og nettverk gjensidig påverkar kvarandre.<sup>22</sup> Ein anna av Asdal sine teoretiske historiske synspunkt er henta frå filosofen Laurent Thévenot.<sup>23</sup> Han hevdar at handlingar vert mogleggjort gjennom dei kontaktflater aktørar står i og skaper. Desse aspekta har vore med på å utvida min forståingshorisont i møte med kjeldene. Det å vera open for at rammer kan setja grenser for kva som kan verta drøfta både i høve til organisatoriske mandat, men også etablerte normer. Samstundes kan rammer verta forandra. I tillegg har det auka merksemda mi rundt korleis kunnskapslegitimering og argument oppstår. At desse vert framforhandla mellom ulike aktørar og organisasjonar. Asdal hevdar også at korleis ein definere eit sak eller eit problem i seg sjølv sett grenser for kva løysinga og resultatet vert.<sup>24</sup> I den forbindelse har det vore vitalt for meg å vera oppmerksam på kva hovudformålet med drøftingane er. I forhandlingar plar det liggje underforstått ein viss del i å gi, ta og få. Kompromiss-gjering plar vera sentralt i dette arbeidet. Partane i ein forhandlingssituasjon vil hovudsakleg vera opptatt av å framheva sine saker og argumenter. Korleis ein kan nytte strategien ved å gå hardt ut på krava slik at ein har meir forhandlingsrom å gå på til seinare i drøftingsrundane. Forandring i torskeargument kan verta lette å finne, men det å finne tilbake grunnlaget for denne utviklinga kan vera svært vanskeleg. Difor skal hovudfokuset mitt vera på kva argumenta var og om innhaldet i desse argumenta forandra seg.

---

<sup>21</sup> Asdal, K. 2011

<sup>22</sup> Asdal, K. 2011:218-222

<sup>23</sup> Det som mogleggjer handling er dei relasjonane og forbindelsane vi står i. Asdal, K. 2011:222

<sup>24</sup> Asdal, K. 2011: 211,217

Teori og metode går tett hand i hand gjennom masterarbeidet. Av både forskningsetiske og av praktiske grunnar har eg vald å nytte ulike metodeverktøy som grunnsteinar i møte med kjeldene. Dette går til dømes ut på å etablere kjeldas sjanger, kva saksgang den ligg i og kor lang sakstutviklinga var på veg. Eit anna moment vart å avdekkje avsendar, mottakar og kva medium denne informasjonen vart sendt gjennom. Samstundes har det vore viktig for meg å lese mellom linjene og koma i hug den situasjonen kjelda var skriven i.

På bakgrunn av dette så har eg i stor grad stilt meg bak idéhistorikaren Quentin Skinner sine tre tolkingsområder av omgrepet "mening". I møte med kjeldene så bør ein tolke desse på tre ulike måtar. For det første har ein "leksikalsk mening" som inneber kva orda og omgrepa i teksten betyr. For det andre med "relevans" så tolkar ein teksten ut i frå kva den betyr for lesaren. Her har eg nytta denne tilfangstmåten i høve til å syntetisere med utgangspunkt i perspektiv, tema og problemstilling. For det tredje er det "historisk" mening som går ut på kva kontekst kjelda stod i og kva som var formålet med danninga av den. Vidare kan sjølvstundt dette formålet forandra seg mellom anna i høve til korleis andre har nytta kjelda i sin argumentasjonsoppbygging ved eit seinare tidspunkt.<sup>25</sup> Grunna oppgåvas tema og problemstilling har det vore av særleg betydning å studere teksters historiske mening med utgangspunkt i høve til legitimeringsgrunnlag og formål ved Noregs argumenter for torskeførekommstane i internasjonale forhandlingsfora.

Ved tekstproduksjonen har eg vald å nytta ein forteljande stil der årsaks- og intensjonsforklaringar dannar ein viktig del av tekstens argumentasjonsoppbygging. Det er fragment frå fortida som eg tolkar ut i frå min forståingshorisont, perspektiv og problemstilling. På den måten er oppgåva min ein form for konstruksjon av fortida. Her er det viktig å understreke at det har vore av stor betydning for meg å nytte eit rikt kjeldegrunnlag slik at "forteljinga" eg formidlar har eit sterkt empirisk fundament. Balansegangen med å syntetisere og respektere kjeldene har vore ein stor etisk utfordring, særleg i høve til å ikkje verta for kjeldenær.<sup>26</sup>

---

<sup>25</sup> Andresen, et. al. 2012:107

<sup>26</sup> Heiret. J et. al. 2013:19,23

### 1.3 Kjelder og kjeldekritikk

Da det er Noregs sine argument for torskeførekommstane i internasjonale forhandlingsfora så er det dei offisielle dokument som har danna den største delen av det empiriske kjeldegrunnlaget til denne oppgåva: Stortingsmeldingar, Norges offentlige utgreiingar, komitéarbeid, juridiske innlegg og statistikk.

Ein generell kritikk mot offentlege dokument er at desse ofte framstår som "nøytrale" utan særlege sterke og framtrekande tendensar. Ofte er det ikkje tydeleg kven forfattaren er. Difor kan det vera vanskeleg å trekkje ut formålet med tekstane. Dette er difor noko eg har hatt i hug i møte med desse kjeldene da dei dannar grunnlaget for ulike meiningar på Stortinget, i regjeringar, direktorat og departement. Faren for å sjå på Staten som ein heilskap utan motstridande meiningar og praksisar har difor vore av stor betydning for meg å vera merksam på. Det har også vore viktig å halde auga opne for fagterminologi og setja seg inn i kva dette står for og korleis meiningsinnhald kan forandra seg mellom tid og rom.<sup>27</sup>

I høve til dei to siste enkeltsakene har det vore vanskeleg å få innsyn i arkivmateriale. I forbindelse med arkivmateriale frå arbeidet i den norsk-britiske fiskerikommisjon så var dette fortsatt kategorisert som hemmeleg hos Utanriksdepartementets arkiv. Heldigvis hadde fiskerikommisjonen lagt ut rapportar frå alle sine sesjonar på nettsida deira Jointfish.com. Ein utfordring med desse kjeldene var derimot at dei berre formidlar resultatata i kommisjonen, og ikkje forhandlingsrundane som ligg forut for desse referata. Når det gjaldt fiskerispørsmåla angående EØS-avtalens forhandlingar var eg heldig og fekk innsyn i tidlegare gradert materiale ved Utanriksdepartementets arkiv i Oslo. Elles har det i stor grad vore godt og lett tilgjengeleg kjeldetilfang både hos Statsarkivet i Bergen og Riksarkivet i Oslo.

Når det gjeld bruk av offentlig statistikk har det vore essensielt å ta høgde for at det her ikkje dreiar seg om "nøytrale tal", men at kategoriar og innsamlingsmåte er prega av

---

<sup>27</sup>Asdal, K. 2011:211

forvaltingspolitiske målsetnadar. Difor må statistikk tolkast som andre kjelder, også i høve til moglege fråvik.<sup>28</sup>

Ei anna type kjelde som er vald er aviser som hovudsakleg vart nytta som ein type kjeldegrunnlag i kapittel 4. Ein ting å vera oppmerksom med aviser er at for det første kan dei bera stor preg av sensasjonsnyheiter der saker vert blåst opp frå ei fjær til fem høns. Vidare kan det vera faktafeil i aviser da desse ofte vert skrivne under stort press. Med denne kjeldekritikk og litt sunn fornuft i bakhovudet kan derimot aviser vera gode kjelder på kva som opptok pressen, gje grunnlag for kronologisk utvikling og kunnskap. Sistnemnte gjeld særleg i høve til intervju med aktørar frå til dømes forhandlingsfora og opinion.

Bileter av historiske hendingar og ting vert nytta som kjelde i kapittel 2. Dette vert nytta både for å illustrera og informera lesaren. Desse er henta Noregs argument i den norsk-britiske fiskerigrensetvist i Haag.

Den siste kjeldetypen eg har nytta er intervju. Eg fekk gleda av å ha eit spanande intervju med Knut Vartdal som var direktør ved Fiskeridirektoratet mellom 1973-1978. I den forbindelse var eit av fokusa å ha i hug at 1. Han er sakkyndig på feltet 2. Samstundes som eg måtte prøve å halde avstand og ikkje verta for kjeldenær og verta for påverka av hans syn på mine problemstillingar. 3. Ha etiske forhåndsreglar for kva informasjon som var viktig for oppgåva mi 4. Å respektera informanten og dei påstandane som vart trekt fram i høve til andre individ sine ettermæle. 5. Koma i hug at dette vert fortald i etterpåklokskapens lys samt moglegheit for å blande ulike saker eller dårleg hukommelse.

---

<sup>28</sup> Andresen, et. al, A. 2012:93



## 1.4 Faglitteratur

Som ovannevnt er hovudvekta av det empiriske grunnlaget i denne oppgåva basert på kjelder. Faglitteratur har også spelt ei viktig rolle i å kunne forstå kjeldene. I den forbindelse er det fire verk som eg vil trekkje fram som viktige bidrag i mitt arbeid.

*Norwegian Spring-spawning Herring & Northeast Arctic Cod. 100 Years of Research and Management.* Kom ut i 2008 og vart skriven av ein rekkje framtreande norske havforskarar og redigert av Odd Nakken som var leiar ved Havforskningsinstituttet frå 1986-1992. Denne boka vert nytta i arbeidet med å forstå det biologiske livsgrunnlaget for torskeførekomstane samstundes som den drøftar sentrale utviklingstrekk ved fiskeriforvaltning. Det at den er skriven av havforskarar gjev dette verket ekstra stor tyngde.

*Kvotekamp og kyststatssolidaritet: Norsk-russisk fiskeriforvaltning gjennom 30 år.* Vart utgjeven i 2007 av samfunnsvitaren Geir Hønneland. Denne boka vart skriven i forbindelse med 30 års jubileet til den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Hønneland hadde tilgang på gradert arkivmateriale i dette arbeide. Boka dannar eit viktig grunnlag for å forstå kommisjonens arbeid, samstundes som den har bidrege til at eg har fått nye forskningsspørsmål.

Rolf Tamnes si bok *Oljealderen* som er bind 6 i serien "Norsk utenrikspolitiske historie" har danna essensielle grunnforståingar i høve til kronologi og samanhengar. Dette gjeld særleg i høve til kapittel 4 om EØS-avtalen.

*I kamp om havets verdier. Norges Fiskarlagshistorie* kom ut i 2005 i forbindelse med 75 års jubileet til Norges Fiskarlag og vart ført i pennen av historikaren Pål Christensen og samfunnsvitaren Abraham Hallenstvedt. Dette verket viser norsk fiskerihistorie frå Norges Fiskarlags organisatoriske grasrotnivå og tek føre seg djupe strukturendringar innan fiskerinæringa sidan NF sin etablering i 1926. Elles visar eg til litteraturlista til sist i oppgåva der eit breidd utval av litteratur har vorte nytta.

Dei tre enkeltsakene kjem i kronologisk rekkjefølgje. Kapittel 2 har ein tematisk drøfting medan dei to siste er kronologisk bygd opp. Definisjonar vert drøfta i dei ulike kapitla

## 2. Den norsk-britiske fiskerigrensetvisten ved den Internasjonale domstolen i

### Haag 1949-1951

#### -korleis argumenterte Noreg for torskeførekomstane?

Den 28. september 1949 leverte den britiske ambassadøren for den britiske regjering eit stemningsbrev til domstolen i Haag.<sup>29</sup> To dagar etter vart Noreg offisielt underretta at Storbritannia hadde brakt fiskerigrensetvisten inn for retten. Etter over førti år med strid og diplomatiske forhandlingar skulle Noreg og Storbritannia leggje fram sine argumenter for den anerkjende Internasjonale domstolen i Haag og endeleg få ein konsolidering på fiskerigrensetvisten.

I dette kapitlet er det rettssaken mellom saksøker Storbritannia og opponent Noreg som skal vera i hovudfokus. Innleiingsvis skal oppkomsten av tvisten og hovudtrekk i utviklinga av den drøftast. Deretter skal sjølve rettssaken inn under lupa der eg skal undersøkje og drøfte korleis Noreg argumenterte for torskeførekomstane både direkte og indirekte i løpet av rettssaken. Vidare skal sjølve domaravgjersla diskuterast både i høve til fleirtal og ikkje minst usemje frå enkelte domarar framhevast. Avslutningsvis kjem ein konklusjon.

Ei rekkje sentrale omgrep som vert nytta i dette kapitlet er på sin plass å definera. Tolkingar av desse omgrepa var i større eller mindre grad innhylla av usemje og strid i den norsk-britiske fiskerigrensetvist. På den eine sida er difor ein utfordring å koma med definisjonar av desse omgrepa, på ei anna side er det viktig at det vert gjort for å leggje eit viktig grunnlag i forklaring av nøkkelementa i tvisten. Definisjonane av omgrepa vil ha ei slagside då dei er henta frå norsk litteratur. For å ikkje føregripa drøftingar seinare så skal ikkje ulike tolkingar av omgrepa diskuterast her, men eg tykkjer det er naudsynt å understreka at det eksistere usemje.<sup>30</sup>

---

<sup>29</sup> Den internasjonale domstolen i Haag. Kjelde henta ut den 04.09.2013 frå: [http://www.icj-cij.org\\_docket\\_files\\_5\\_1713](http://www.icj-cij.org_docket_files_5_1713)

<sup>30</sup> Jamfør Tabell 2.2.3.1

Ei **fiskerigrense** er det område langs kysten som eit land etter folkeretten og gjerne tufta på gamal hevd reknar for å tilhøyra deira stats suverenitet i høve til utnytting av dei marine levande ressursane.

Eit **sjøterritorium** består av indre farvatn og ytre farvatn. Etter folkeretten så er det i det indre farvatn som består av bukter, fjordar og øyer vert rekna som forlengelse av fastlandet og dermed som del av denne sin jurisdiksjon. Sjøterritoriumet utanfor er også underlagt statens jurisdiksjon, men i teorien skal ein vera meir streng i høve til gjennomfart i fredstid innanfor den ytre del av statsterritoriet framfor det indre farvatn.

**Sedvanerett** er når normer oppstår og utviklar seg til å verta vanleg praksis som ein alltid, eller svært ofte fylgjer i tilsvarande situasjonar. Til lengre tilbake i tid og jo meir etablert kontinuitet ein sedvane har til meir legitimitet og juridisk tyngde får den. Sedvanar bør ikkje gå i mot rimelighet og skal vera rettferdig. Sedvanar kan vera grunnlag for danning av nye rettsreglar.

**Statspraksis** går både ut på sedvanar, lovar, traktatar og dessutan statens utføring av desse i høve til tilsvarande hendingar. Om ein stat har lik praksis angående liknande saker over lengre tid, så gjev dette større legitimitet og juridisk tyngde til statens praksis på det gitte området.

**Folkerett**; på engelsk International Law, inneber regler og normer som i større eller mindre grad er anerkjend av verdens statar. Dette betyr at internasjonal folkerett står utanfor statars lover, men er gjerne påverka av desse. Folkerettslege reglar eller normer oppstår hovudsakleg på tre måtar: for det første gjennom bi- eller multilaterale traktatar, for det andre på grunnlag av historisk sedvane eller for det tredje på grunnlag av mellomstatlege tvistar som vert løyst ved rettssaker og påfølgjande domaravgjersle.<sup>31</sup> Kva som var og er internasjonal folkerett kan vera dynamisk både ved å vera prega av ulike statars eksterne maktbalanse og vidare i forandring i høve til lands ressursbehov og tverrnasjonale diplomatiske forhold. Det kan vera svært lukrativt for statar å vinne

---

<sup>31</sup> FN.no om folkerett. Henta ut den 06.02.14 frå: <http://www.fn.no/Tema/Folkerett/Hva-er-folkerett>

fram med sine tolkingar av internasjonal folkerett både på eit kort- og langsiktig tidsnivå.

## 2.1 Tvistens oppkomst og utvikling

Britiske trålarar dukka opp for fyrste gong utanfor Aust-Finnmark i 1906.<sup>32</sup> Dei kom langveis frå på jakt etter dei rike fiskeførekomstane, opphavleg kom dei for å fiske på gullflyndre, men eg vil hevde at grunnen til at dei stadig kom attende var grunna dei betydelege torskeførekomstane langs Norskekysten. Heime rundt dei britiske øyer var fiskebankane marginale, allereie på midten av 1800-talet hadde enkelte fiskarar og forskarar lagt merke til at tilgangen på fisk minka. Det vart naudsynt for britiske trålarar å søkje lengre og lengre ut etter nye fiskebankar for å mette den heimlege etterspurnaden etter fiskeressursar.<sup>33</sup> Nord-norske fiskarar klaga til Stortinget angående det dei hevda var "inntrengjarane" som stal deira fisk og øydela deira fiskereiskaper. Stortinget reagerte snarleg og den 2. juni same år vart ei lov vedtatt som forbaud all utanlandsk fiske innanfor Noregs fiskerigrense.<sup>34</sup> To år seinare vart denne lova fylgd opp med lov av 13. Mai 1908 som forbaud fiske med trål innanfor territorialgrensa.<sup>35</sup> I 1911 vart den britiske trålaren *Lord Roberts* oppbrakt av fiskerioppsynsfartyet Heimdal inne i Varangerfjorden der trålaren fiska 4 ½ nautiske mil frå land.<sup>36</sup> Skipperen vart dømd i Heradsretten for ulovleg fiske i norske farvatn. Den britiske regjering protesterte; dei hevda at der *Lord Roberts* hadde fiska, ikkje var norsk farvatn, men ope internasjonalt farvatn. Britane underbygde dette med at i fylgje den sedvanlege romarretten så var havet med sine ressursar fritt for alle.<sup>37</sup> Etter internasjonal folkerett, eller "International Law" så var det *Mare Liberum*.

---

<sup>32</sup> Arntzen, S. 1952:115

<sup>33</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 1 kapittel 1:15

<sup>34</sup> Fiskeridirektoratets Småskrifter nummer 10. 1950:3

<sup>35</sup> Fiskeridirektoratets Småskrifter nummer 10. 1950:9

<sup>36</sup> Christensen, P & Hallenstvedt, A. 2005:176

<sup>37</sup> Arntzen, S. 1952:115-116

Det sentrale omgrepet *Mare Liberum* vart presentert av nederlendaren Hugo Grotius i 1609. Grotius hevda at havet skulle vera fritt, ein open allmenning der dei marine ressursane skulle verta tilgjengeleg for alle ut i frå prinsippet av at kyststatars territoriale grenser strakte seg så langt som strekninga av eit kanonskot frå land ut til havs. Prinsippet om *Mare Liberum* vart framheva av nederlendarane mellom anna fordi Spania og Portugal tidlegare hadde delt jordas verdshav mellom seg og erklært dei for sine. Rundt 1609 var det også svært lukrativt for nederlandske fiskarar å fiske utanfor Skottland og England. Sistnemnte hevda derimot også rett til varierende størrelser av havet rundt dei engelske øyer som *Mare Clausum* og gjennom ein bilateral traktat forsvarte også England nabolandet Skottland sine fiske rike havområder.<sup>38</sup> Nederland var både ute etter å kunne fiske fritt utanfor Skottland og Englands kystar så vel som å drive handel i Austen som Portugal gjorde. Difor var det viktig for Nederland å få folkerettsleg gjennomslag for prinsippet om *Mare Liberum*.<sup>39</sup>

*Mare Liberum* hadde etterkvart vorte etablert som internasjonal folkerett etter historisk sedvane. Tidleg på 1900-talet vart dette prinsippet gjensidig anerkjend av både Noreg og Storbritannia, noko som innebar at nasjonalstaten berre hadde ei tynn kyststripe som var deira territorialgrense, medan utanfor dette var det opne havet med alle sine ressursar i prinsippet tilgjengeleg for alle.<sup>40</sup>

Tilbake til arrestasjonen av den britiske trålarer "Lord Roberts" så kan ein hevde at dette var startskotet for den diplomatiske fiskerigrensetvisten mellom Noreg og Storbritannia. Her er det viktig å framheve at ulike tolkingar av folkeretten er eit av hovudelementa i denne tvisten. På ei anna side så vil eg hevde at denne disputten ikkje hadde eksistert om det ikkje var for kampen om historisk bruksrett til dei marine levande ressursane utanfor kysten av Nord-Noreg. Som til dømes Trollfjordslaget i 1890 mellom nokre få dampskip og fleire tusen fiskarar.<sup>41</sup> Der den klart største ressursen både økonomisk og i kvantum var den nordaustarktiske torsken.

---

<sup>38</sup> Meyer, B. V. 1927:10

<sup>39</sup> Meyer, B. V. 1927:11-13

<sup>40</sup> Skogvang, S. F. 2012:83-84

<sup>41</sup> Kolle, N. 2005:1

Folkerettsleg var Storbritannia og Noreg hovudsakleg usamde på to områder. For det første kor brei ein stats territoriale sjøgrense skulle vera og for det andre korleis denne grensa skulle verta oppmålt. Britane hevda at nasjonalstaten berre hadde rett til eit sjøterritorium som svarte til eit kanonskot – 3 nautiske mil – frå land som skulle verta oppmålt etter kystens buktingar. Dette var den britiske tolking av internasjonal folkerett. Noreg hevda derimot på si side at dei hadde lov i høve til den internasjonale folkerett etter prinsippet om 4 nautiske mil som skulle verta trekt opp etter rette grunnlinjer. Desse rette grunnlinjene skulle verta trekt frå punkt ytst i skjergarden som var holmar, øyer eller tørre skjær. Dette innebar at rette grunnlinjer utanfor skjergarden danna utgangspunktet og dei 4 nautiske mila vart målt opp der ifrå og ut sine lengdemål i havet.<sup>42</sup>

I forbindelse med fiskerigrensetvisten nedsette Noreg fleire komitear som la fram rapportar til Stortinget angående norske fiskerirettar, statspraksis, utvikling innan havretten og korleis fiskerigrensene skulle strekkjast opp. Etter den såkalla "Lord-Roberts-saka" i 1911 hadde Storbritannia og Noreg fleire diplomatiske forhandlingar og brevkorrespondansar seg i mellom for å koma fram til avklaring på denne fiskeritvisten. I dette høve er det viktig å trekkje fram Kodifikasjonskonferansen i Haag 1930 der 40 av verdas regjeringar var representert som: USA, Noreg, Storbritannia, Sverige, Sovjetunionen, Frankrike og Tyskland. Eit av dei sentrale tema på konferansen var havrett, og korleis sjøterritorium samt fiskerigrenser skulle trekkjast opp. Svært lite vart avklart på konferansen, ein kan heller seie at usemje og disharmoni verdas statar seg i mellom kom fram på konferansen angående havretten, framfor einigheit.

Sidan dei diplomatiske forhandlingar mellom Noreg og Storbritannia ikkje hadde kome fram til løysingar, og ingen einskapleg folkerett angående havrett hadde vorte avklart ved Kodifikasjonskonferansen i Haag, valde Stortinget å etablere eksakte punkt for kor fiskerigrensa skulle trekkjast utanfor den nord-norske skjergarden. Den kongelege resolusjon av 12. Juli 1935 fastsette dei rette grunnlinjer som vart trekt mellom 48 punkt ytst i skjergarden frå Grense-Jakobselv i Finnmark til Træna i Nordland:

---

<sup>42</sup> Giverholt. H. 1952:4

*”Med grunnlag i gamal nasjonal hevd, - i samsvar med dei geografiske vilkåra langs den norske sjøsida, - til verje for livskrava for den norske busetninga i den nørdeste luten av landet, - og i samhøve med dei kongelege resolusjonane 22 februar 1812, 16 oktober 1869, 5 januar 1881 og 9 september 1889, - blir hermed fastsett grenselinene ute i sjøen for det norske fiskeområdet i den parten av Noreg som ligg nordenfor 66 ° 28,8' nordleg breidd. Desse grenselinene skal bli utmælt soleis at dei fylgjer i breidd dei rette grunnlinjer som blir dregne millom faste punkt på land, øyar eller skjer frå endepunktet for riksgrensa lengst aust i Varangerfjorden til Træna i Nordland fylke. Dei faste punkta som grunnlinene skal gå imillom, er nøgje oppgjjevne i særskilt vedlegg til denne resolusjonen. <sup>43</sup>*

Storbritannia var raskt ute med å klage på denne kongelege resolusjonen. Fleire diplomatiske forhandlingar fylgde. Betydinga av denne tvisten var stor og partane tok seg faktisk tid til drøftingar i London under den andre verdskrigen, men til inga nytte. Storbritannia og Noreg klarte ikkje å verta samde i løysingar som vart godkjend av deira folkevalde. Sidan tvisten var underlagt stadige diplomatiske bilaterale forhandlingar valde Noreg å følgje vedtaka i resolusjonen av 12.juli 1935 på ”lempelig vis”. Dette gjorde dei ved å ta i bruk eit tidlegare norsk framlegg ved Oslo-forhandlingar 1924, der dei såkalla raude linjer vart nytta, noko som eg skal drøfte vidare under punkt 2.2.3. Dette var eit kompromiss-forslag som i stor grad fylgde indreleia langs den nord-norske kysten like utanfor der fastland og kystfarvatn møtes inne i skjergarden. Dei trålarane som dreiv fangst her fekk berre ei åtvaring og vart forvist utanfor den norske fiskerigrensa og dermed ikkje trekt for retten og ilagt bot slik lova gjorde krav på.

I 1948 valde Stortinget å fylgje den kongelege resolusjon av 12. Juli. 1935 heilt ut, og utanlandske trålarar som opererte innanfor den norske fiskerigrensa stod dermed i fare for å verta brakt inn av fiskerioppsynet og domfelt. I ei Høgsterettskjenning den 24. Oktober 1953 vart ein skipper domfelt til å betala den norske stat 15.000 kroner i bot for å drive fangst innanfor den norske fiskerigrensa samt 90.000 kroner som delvis inndraging av fangst, fartøy og fiskerireiskap.<sup>44</sup> Dette visar kor høge bøter utanlandske trålarskipparar kunne verta tilkjent for å drive fangst innanfor den norske fiskerigrensa.

---

<sup>43</sup> IV. Kgl. resolusjon frå 12. Juli 1935 I Dokument nr. 22. Fastsettelse av grunnlinjepunkter for beregningen av Norges fiskerigrense fra Grænse-Jakobselv til Træna. Offentliggjort i henhold til Stortingets beslutning av 24 juni 1935: 6

<sup>44</sup> Høyesterett – kjennelse 24.10.1953 Publisert: Rt-1953-1312.

Da Stortinget valde å slutte med den lempeleige utøving av den kongelege resolusjon av 12.juli 1935 opponerte Storbritannia mot dette. Etter fleire diplomatiske brevvekslingar og bilaterale forhandlingar vart det tydeleg for Noreg at Storbritannia var i ferd med å trekke saken inn for den internasjonale domstolen i Haag. Ved den kongeleg resolusjon av 28. Juli. 1949 vart difor Fiskerigrensekomiteen oppnemnt for å førebu ein eventuell komande rettssak.<sup>45</sup>

Fiskerigrensekomiteen var av tverrpolitisk bakgrunn. Dette visar at denne fiskerigrensetvisten var eit nasjonalt spørsmål da Regjeringa henta inn Noregs skarpaste hjernar av juristar, kartografiar og fiskeribiologar.<sup>46</sup> Fiskerigrensekomiteen og advokatane kom til å utgjera eit viktig arbeid i innsamlinga og fram-forhandlinga av kva som skulle verta dei legitime argumenta i Noregs forsvarsinnlegg.

Korleis denne fiskerigrensetvisten skulle løysast i praksis, fekk fylgjer for at saken tok ein litt anna vending, enn det den opphavleg hadde gjort. Britane hevda dei hadde internasjonal retts sedvane på si side og at deira påstandar hadde sitt legitimitetsgrunnlag i internasjonal Folkerett. Begge nasjonar måtte dermed leggje fram sine saker innanfor den judisielle sjanger.

Den internasjonale domstolen i Haag låg under FN og dei femten dommarane vart vald av FN sin generalforsamling og sikkerheitsråd. Dei store maktene hadde alltid ein domar av deira nasjonalitet ved retten i Haag. Målet var at blant dei 15 dommarane skulle verdas ulike rettssystem og sivilisasjonar verta representert og at dommarane skulle døma mest mogleg rettferdig uavhengig av deira nasjonalitet. Domstolens oppgåve er å dømme i høve til Folkeretten. Både Noreg og Storbritannia hadde erkjent domstolen sin jurisdiksjon og var innanforstått med at ein domfelling var endeleg og at ein ikkje kunne anke i ettertid.

<sup>47</sup>

---

<sup>45</sup> Riksarkivet. I Utanriksdepartementets arkiv 1940-1949. 31.6 boks nummer 11003 bind I Brev frå fiskerikomiteen i U.D. Oslo. 30.9.49.

<sup>46</sup> St. prp. nr. 87. 1952:3-4

<sup>47</sup> Arntzen, Svein 1952:120



## Fiskerigrænsekomiteén og Noregs forsvarsadvokatar under rettssaken i Haag<sup>48</sup>

Namn og rolle i tvisten	Yrkestittel	Tidlegare meritter
Paal Berg (1873-1968): formann Fiskerigrænsekomiteén	Høgsteretts-justitiarius, venstrepolitkar	Sosialminister, justisminister, Heimefrontens leiar 1944- 45
J. C. Hambro (1885-1964): nestformann Fiskerigrænsekomiteén	Høgres Parlamentariske leiar	Leiar Utanrikskomiteen 1925-46, Medlem sjøgrænsekomiteen 1926
Sven Arntzen (1897-1976): advokat og den norske agent under rettssaken	Høgsterettsadvokat	Ein av Heimefrontens leiarar under krigen, riksadvokat under landssvikoppgjøret
Maurice Bourquin: belgisk statsborgar, advokat for Noreg under rettssaken.	Professor ved Universitetet i Genève og ved Universitetsinstituttet for Høye Internasjonale Studier	Ekspert på internasjonal folkerett. Juridisk rådgjevar for Belgias Utanriksdepartement. Belgisk delegat ved internasjonale konferansar
Jens Evensen, jurist (1917- 2004), Arntzens medhjelpar	Høgsterettsadvokat	Høgsterettsadvokat
Christopher B. V. Meyer (1879 - ?) medlem Fiskerigrænsekomiteén	Kommandørkaptein i den norske marine. Direktør.	Medlem sjøgrænsekomiteen av 1926, skrive om sjørett, statsparksis, folkerettslære
Frede Castberg (1893-1977): jurist, medlem Fiskerigrænsekomiteén	Juridisk professor ved UiO, spesialist på forvaltings- og folkerett. Delegat for Noreg i Haag 1930 ved Kodifikasjonskonferansen	Folkerettskonsulent for Utanriksdepartementet
Gunnar Rollesen (1899-1976), medlem Fiskerigrænsekomiteén fiskerifagleg sakkyndig	Leiar ved Havforskningsinstituttet i Bergen	Internasjonal anerkjend fiskeribiolog. Delegat ved internasjonale konferansar
Trygve Utheim (1884-1952): jurist, medlem av Fiskerigrænsekomiteén	Fylkesmann for Møre og Romsdal, venstrepolitkar	Nestformann i Venstre, byråsjef Justisdep. (1920- 28) Lovarbeid komitear
Reidar Skau (1893-?): jurist, medlem Fiskerigrænsekomiteén	Høgsterettsdommar	Høgsterettsdommar sidan 1945
Lars J. Jorstad (1894- ?): jurist, medlem Fiskerigrænsekomiteén	Juridisk sakkyndig ved Utanriksdepartementet	Juridisk sakkyndig i fleire norske deleasjonar ved internasjonale konferans

<sup>48</sup> St. meld. nr. 87: 1-3, Bourquin, M. 1952:183, Gram, H & Steenstrup, B. 1948:105,107,273-274,358,485,550 Store norske leksikon om Arntzen, S., Berg, P., Castberg, F., Evensen, J. Hambro, C.J., Rollesen, G. og Utheim, T. Alle henta ut den 08.11.2013.

## 2.2 Noregs argumenter for torskeførekommstane under sjølv rettssaken

Som vist ovanfor var denne tvisten i botn og grunn ein kamp om fiskeriressursar og då mest av alt torskeførekommstane då dei var og er den største og mest betydingsfulle bestanden i det omhandlande området: den nord-norske kysten som ligg nord for 66 grader 28,8 min. nordleg breidd mellom Træna og Grense Jakobselv. Det grunnlag den britiske regjering stevna Noreg inn for retten var:

“(a) to declare the principles of international law to be applied in defining the base-lines, by reference to which the Norwegian Government is entitled to delimit a fisheries zone, extending to seaward 4 sea miles from those lines and exclusively reserved for its own nationals, and to define the said base-lines in so far as it appears necessary, in the light of the arguments of the Parties, in order to avoid further legal differences between them ;

(b) to award damages to the Government of the United Kingdom in respect of all interferences by the Norwegian authorities”<sup>49</sup>

Med dette bidrog Storbritannia til at denne fiskerigrensetvisten tok ein annan retning enn kva den opphavleg hadde vore. Retten fekk i oppdrag å erklæra kva for folkerettsleg prinsipp som skulle leggjast til grunn for grensedraginga av fiskerisona som Noreg hevda. Med andre ord: var grensedraginga tufta på fire nautiske mil og rette grunnlinjer som vart forfekta i den kongelege resolusjon av 12. juli 1935, korrekt i høve til folkeretten?

Storbritannia var den saksøkande part og var difor alltid først ute både med skriftlege og munnlege innlegg. Partane kom til å ha to skriftlege og to munnlege framlegg kvar under rettssaken, der dei fylgde kvarandre annakvar gong. Storbritannia kom med påstandar og argumenterte for desse, medan Noreg forsvarte seg for desse hevdingar og kom gjerne med nye argument som i sin tur dei juridiske representantane for den britiske regjering opponerte mot. Som nemnt i innleiinga så er det Noregs argumenter som står i hovudfokus her, noko som medfører at det er den norske fiskerigrensekomité og advokatane M. Bourquin og S. Arntzen sine framlegg som står i sentrum. Desse

---

<sup>49</sup> Den internasjonale domstolen i Haag. Kjelde henta ut den 04.09.2013 frå: [http://www.icj-cij.org\\_docket\\_files\\_5\\_1713](http://www.icj-cij.org_docket_files_5_1713)

argumenta går i større eller mindre grad i mot dei britiske påstandar, noko som medfører at dei britiske framlegg ikkje er plassert fullstendig på sidelinja. Det er derimot viktig å påpeike at det hovudsakleg vil vera Noregs tolkingar av dei britiske argument som drøftingane vil baserast på. Denne avgrensinga er vald på grunnlag av masteroppgåva sitt perspektiv, problemstilling, tids- og plassavgrensing. Difor er det hovudsakleg kjelder danna av den norske regjering sine representantar før, under og i etterkant av rettssaken som skal vera det primære kjeldegrunnlaget.

På grunnlag av problemstillinga og analysering av kjeldene har eg vald å syntetisere og trekkje fram tre hovudtrekk i type argument som Noreg la fram under rettssaken.

- 1) Historisk bruksrett til torskeførekomstane basert på gamal hevd.
- 2) Framande statars anerkjenning og/eller stilltidi samtykke til det norske system
- 3) Den folkerettslege legitimiteten til den kongelege resolusjon av 12. juli 1935, mellom anna på grunnlag av korleis sedvanleg folkerett oppstår og vert anerkjent.

Desse tre ovannemnte spørsmål dannar grunnlaget for ein tematisk drøfting av dei norske argumenta som vart lagt fram under rettssaken. Valet om å ta ei tematisk drøfting er tatt på grunnlag av at eg ikkje har hatt tilgang på alle dei norske innlegga på eit språk eg forstår (norsk og engelsk), og ikkje minst fordi ei tematisk drøfting i mindre grad vil vera gjentakande. Samstundes gjev ein tematisk framstilling større rom for å trekkje fram hovudtrekkja i dei norske argumenta, uavhengig av kronologi i sjølve innlegga eller i rettssaken. Der det skjer store omveltingar undervegs i rettssaken, som eg hevdar, er viktig å belyse i høve til problemstilling og avgrensing av oppgåva mi, så skal dette verta trekt fram og drøfta eksplisitt.

### 2.2.1 Historisk bruksrett til torskeførekomstane basert på gamal hevd

I det norske mot-memorandumet bedyra Noreg at Storbritannia sitt fokus på det folkerettslege ved den kongelege resolusjon av 12. juli 1935, var med på å danna eit skeivt bilete av tvisten. Noreg underbygde dette med at det var elementært å argumentera for føresetnadane for kvifor denne resolusjon vart etablert.<sup>50</sup>

*”Som en følge av mangelen på dyrkbar land sammen med kystens formasjon, har nordmennene siden uminnelige tider skaffet sig et levebrød fra fiske og aktivitet på sjøen. Fiskeplassen (sic) langs kysten har alltid vært en av få naturlige hjelpemidler som Norge har kunnet by sin befolkning.”<sup>51</sup>*

Dette sitatet ovanfor er representativt i forhold til korleis Noreg framstilte den nordnorske kystbusetnadens avhengigheit til dei marine levande ressursane. Knyta til denne typen argumentasjon nyttar Noreg gjennomgåande uttrykket *”siden uminnelige tider”* for å underbygge kystbusetnadens langvarige sosio-økonomiske avhengigheit til dei marine levande ressursane. Noreg hevda på grunnlag av arkeologiske funn at dei første nordmennene som slo seg ned langs den nord-norske kysten, då isen trakk seg tilbake for rundt 11.-12.000 år sidan, var avhengige av fangst og fiske. Desse menneska busette seg nærast mogleg fiskegrunnane og har fiska på dei rike torskeførekomstane og andre fiskeslag i dette området.<sup>52</sup> Sjøen vart nytta både til transport, handel og ikkje minst danna livsgrunnlaget ved å vere menneska sitt hovudmatforråd. I denne samanheng var det veldig viktig for Noreg å skildre kor godt, karrig og ufruktbart

---

<sup>50</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, innleiing:3

<sup>51</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, del 1 kapittel 1;7

<sup>52</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 1 kapittel 1:10

fastlandet var. Ikkje berre var det slik i *"uminnelige tider"*, men Noreg la også fram påstandar om at slik hadde det alltid vore sidan den gongen. Skjergarden vert framstilt som ein vidareføring av det norske golde og karrige fastlandet og dermed ein del av det norske territorium. Vidare la Noreg fram hevdingar om at store delar av skjergarden frå Træna til Jakobselv var både busett og ikkje minst nytta av kystbusetnaden til fiske på dei rike torskeførekomstane. *"Det er vel kjendt at de største fiskefangster hele verden over blir gjort i den norske hemisfære"*.<sup>53</sup> Det biologiske livsgrunnlaget for at Nord-Aust-Atlanteren hadde (og har) eit av verdas største fiskeførekomstar, kom av at nettopp her er det eit næringsrikt møte mellom den varme Golfstraumen og arktisk kaldt sjøvatn. For å prova kontinuitet av at desse områda hadde vore busett og nytta "siden uminnelige tider", la Noreg fram ulike kart med påteikna gamle méd. Méd-systemet inneber eit skjeringspunkt mellom to rette linjer som er trekt frå fastsette haldepunktet på fastlandet eller i skjergarden. Slik mogleggjorde bruken av méd at fiskarane kunne finne attende til gode fiskeplassar både innan og utanfor skjergarden der dei sette sine garn og fiska med liner.<sup>54</sup> Det at dei nord-norske fiskarane nytta méd også utanfor skjergarden var av særleg betyding for Noreg i å forfekte historisk bruksrett og kontinuitet i denne praksis. I det norske mot-memorandum så dannar det seg ein "idealtipe" av den nord-norske fiskar med kontinuitet i frå dei såkalla uminnelege tider og til samtida for rettssaken. Mann, fattig, sosio-økonomisk avhengig av torskeførekomstane, sårbar i høve til konjunkturar på marknaden og i høve til naturlege fluktuasjonar i torsketilsiga, treng vern frå den norske stat, nyttar små båtar der det skjedde ein overgang etter 1905 da eksplosjonsmotoren vart såpass billegg at mange gjekk over til å nytta desse i tillegg til segl og årer. Noreg argumenterte inngående korleis den nord-norske fiskar alltid hadde eigd sin eigen fiskarbåt gjerne ved at menneskapet eigde fartøyet i lag, der profitten av fangsten hadde vorte fordelt etter prinsippet om lott. Deretter forfekta Noreg kontinuitet i fiskaranes bruk av passive reiskaper som juksa, garn og line og hevda at det bare var naturleg at fiskarane i Nord-Noreg ikkje hadde gått over til å nytta trål fordi torskeinnsig til Lofoten, Vesterålen og langs Finnmarkskysten gav årlege store fiskerier frå januar til april. Fiskarane hadde

---

<sup>53</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 1 kapittel 1:8

<sup>54</sup> Giverholt. H. 1952:8

ikkje hadde råd til å investere i trål, og at det ikkje var i deira interesse å arbeide på ein trålar som dei ikkje hadde eigarskap i, dette skal ha vært unaturleg og utenkeleg for den nord-norske fiskar. Det var viktig for Noreg å visa kontinuitet i høve til den nord-norske fiskar og understreka at deira avhengigheit til torskeførekomstane og dei andre fiskeslaga utanfor den nord-norske fortsatt var gjeldande i samtida:

*"...70-80% av den mannlige befolkning i kystregionene i det nordlige Norge er beskjeftiget i fiske . Til disse tall må legges antallet av personer som er beskjeftiget som med tilberedningen av fisk og i industrier..."<sup>55</sup>*

Med den "mannlige befolkning" gjeld dette menn over 15 år, busett i kystnære strok og dei som bur i byar fell utanfor denne statistikken.<sup>56</sup>

Eit anna punkt som var viktig for Noreg å vise til kontinuitet i eldre norsk statspraksis. Dei tok fram historiske hendingar, som til år 872, då Harald Hårfagre samla Noreg. Der skal han ha krevd at alle havområder mellom Noreg og til kystane av Island, Grønland, Hebridene og Orknøyane tilhørte det norske kongedømme. Noreg medga at store deler av deira tidlegare territorium ikkje lenger låg under deira jurisdiksjon mellom anna på grunnlaget av prinsippet om *Mare Liberum*, men stod fast ved at skjergarden var ei forlenging av det norske fastlandet og dermed ein del av det norske territorium. Det var svært viktig for Noreg å hevde at kystfolket kontinuerleg sidan dei uminnelige tider hadde nytta og stått i avhengighetsforhold til fiskeførekomstane utanfor den nord-norske kysten. Noreg underbygde dette med prov av korleis tørrfisk hadde vorte selt til Bergen sidan rundt år 1000 og fram til samtida. På grunnlag av dette var det at Noreg ved Reskriptet av 18. juni 1745 slo fast, basert på gamal hevd, at Noregs territorialgrense skulle verta trekt utanfor skjergarden på ytste holmar, øyer og skjer

---

<sup>55</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 1 kapittel 1:12

<sup>56</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 1 kapittel 1:12-13

med rette grunnlinjer.<sup>57</sup> Dette prinsippet vart vidareført i kongelege resolusjonar av 1812, 1889. og 1882 som danna grunnlaget for den kongelege resolusjon av 12. juli 1935.

På grunnlag av dette så vil eg hevde at Noreg argumenterte for tre sentrale trekk i sitt forsvar: for det første at skjergarden var ein forlenging av fastlandet og ein del av det norske territorium på basis av gamal hevd. For det andre at det hadde vore kontinuitet i busetnadsmønster langs den nordnorske kysten og at menneska der alltid hadde stått i eit avhengigheitsforhold til sjøen og då spesielt torskeførekomstane. For det tredje så var norsk statspraksis uløyselig tufta på dei to ovannemnte prinsipp og ikkje minst var den kongelege resolusjon av 12. juli 1935 ein vidareføring av etablert norsk statspraksis. Desse tre aspekta danna grunnlaget for det Noreg hevda var deira såkalla *norske system* som var føresetnaden til den kongelege resolusjon av 12. Juli 1935.<sup>58</sup>

### 2.2.2 Framande statars anerkjenning og/eller stilltidi samtykke til det norske system

I tillegg til å argumentere for betydinga av korleis det norske system kom til, og at det var uløyselig knyt til den nord-norske skjergarden og busetnadens avhengigheits forhold til torskeførekomstane så var det av stor signifikans for Noreg å prove framande statars anerkjenning av dette norske system.

Christian den IV tok i 1599 ei reise langs Finnmarkskysten. Der fekk han arrestert fire britiske fiskefartøy som han tok attende til København. Som fylgje av dette kom det til langvarige diplomatiske forhandlingar, dette enda opp med at kong Jacob I av England og Skottland sendte eit brev datert den 26. april 1616 til Christian den IV der han lovde

---

<sup>57</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 3:271

<sup>58</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 3:271

at hans undersåtter for framtida skulle halde seg frå all fiske i dei norske farvatn.<sup>59</sup> Eg vil hevde at det er utfordringar i desse norske argumenta fordi det vart ikkje definert kor grensene til dei norske farvatn går.

Vidare viste Noreg til diplomatiske brevkorrespondanse mellom Russland og Danmark-Noreg knyta til det at russiske fiskarar fiska utanfor kysten av Aust-Finnmark på midten av 1700-talet. På dette tidspunkt hevda kongedømet langt større rekkjevidde for fiskerisuvereniteten enn 4 nautiske mil. Dei kom til einigheit og tsarens Russland anerkjende norsk suverenitet og hans undersåtter vart tillat å fiske 6 nautiske mil utanfor for kysten, mot avgifter som skulle betalast til den lokale myndigheit. Noreg skildra også korleis ei noteveksling hadde føregått i 1868 mellom Noreg og Frankrike då franske trålarar fiska i Vestfjorden. Noreg forfekta sin rett til å forby utanlandske fiskarar å fiske i denne fjorden. I note av 27. Juli 1870 erkjente Frankrike, på grunnlag av framstillingar av det norske system, å gjera seg til tåls med situasjonen. Underbygd på desse argumenta hevda Noreg i sitt mot-memorandum at både Frankrike og Russland hadde anerkjend det norske system og dermed Noregs krav til suverenitet over desse fiskeririke områda.<sup>60</sup>

Noreg la fram påstandar om at Storbritannia i 1906, altså det same året som britiske trålarar byrja å tråla utanfor kysten av Aust-Finnmark, anmoda den norske utanriksministeren til å sende kopi av alle resolusjonar som hadde med norske territorium- og fiskegrenser å gjera. Dette vart sendt til dei rette britiske instansar, og Noreg understrekar at ingen protestar kom frå Storbritannia i etterkant som fylgje av denne informasjonen. Noreg kritiserte Storbritannia for inkonsekvens vedrørande dette:

*Har en stat rett til å bestride gyldigheten av en internasjonal situasjon som er så gammel at vedkommende stat ikke med rimelighet kan påberope seg uvitenhet om den, en situasjon som den indirekte har akseptert og med hensyn til hvilken den i hvert fall aldri har reist noen protest? Kan vedkommende stat si: Jeg tillot denne situasjon å fortsette, jeg tolererte den uten å gi uttrykk for noe forbehold så lenge*

---

<sup>59</sup> Arntzen, Sven. 1952:115

<sup>60</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl. Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 3:274



*som mine egne interesser ikke krevde noen aksjon. Men nå når denne situasjon hindrer min industrielle utvikling, bryter jeg tausheten og henvender meg til den Internasjonale Domstol for Mellomfolkelig Rettspleie for å få denne situasjon eklært rettsstridig?”<sup>61</sup>*

Noreg forfekta difor å slå fast at det norske system anten hadde vorte anerkjend av framande statar som Russland og Frankrike, eller på grunnlag av å vera vitande om det norske system ikkje hadde protestert og dermed stilltidi samtykka til dette.

### **2.2.3 Den folkerettslege legitimitet til den kongelege resolusjon av 12. juli 1935**

Dei folkerettslege aspekta ved den kongeleg resolusjonen av 12. juli 1935 var det Storbritannia la til grunn ved stemninga av Noreg. Eg har vist ovanfor at i dei norske motargumenta la Noreg betydeleg vekt på korleis oppkomsten til det norske system gjekk til, samt korleis framande statar anerkjente dette. Når det gjeld Noregs argument i høve til den folkerettslege legitimiteten til den kongelege resolusjon av 12. Juli 1935 gjekk dei norske representantane djuptgåande til verks.

For det første vil eg her trekkje fram nokre av Noregs drøftingar knyta til korleis sedvanerett oppstår, då eg vil hevde at dette var ein av berebjelkane i dei norske argumenta når det gjaldt folkerett. Noreg definerte sedvane ut i frå to element: praksis og det psykologiske element, som gjekk ut på at ein handlar i tråd med eksisterande rettsplikt eller naudsynheit. Deretter siterte dei ein definisjon på sedvane i høve til artikkel 38 i Domstolens statuttar som *”bevis for en generell praksis som er anerkjent som lov”*<sup>62</sup> Det at ein sedvane måtte vera generell betydde ikkje at den måtte vera universell praksis og generelt anerkjend av alle statar i verda, men at det er nok at nokre statar

---

<sup>61</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 3:275

<sup>62</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 2:137

anerkjenn sedvanen og oppfattar sedvanen som ein stilltidi avtale og at det er ein viss kontinuitet i bruken av sedvanen.

I dette høve er det svært viktig å understreka eit unntak som Noreg argumenterte for ved å sitere mange juristar. Dette argument vart nytta fleire gonger på sentrale punkt i Noreg sitt forsvar: *"En sedvaneretts-regel er imidlertid ikke bindende for en stat som konstant og utvetydig har avslått å anerkjenne den."*<sup>63</sup>

Slik eg oppfattar det norske mot-memorandum så er det mellom anna på grunnlag av generelle sedvanereglar at folkerett oppstår og at den kan verta nedfelt i traktatar og i andre overeinskomstar statar seg i mellom. Noreg kritiserte Storbritannia på to grunnleggjande punkt i høve til deira framlegg om fiskerigrenser og tolking av havets fridom. For det første at det er svært vanskeleg å skilje mellom territorial- og fiskerigrense fordi desse er uløseleg knytt saman i folkeretten. For det andre at det var svært viktig å ta med i betraktning den historiske utviklinga i folkeretten i møte med spørsmåla om territorial- og fiskerigrense.<sup>64</sup> I denne forbindelse framheldt Noreg særleg Storbritannia sine hevdingar i på kva måte prinsippet om *Mare Liberum* hadde vorte generell folkerett. Her påpeikte Noreg at Hugo Grotius ikkje gjekk i mot statens rett til å inneha maritime domene, men at han danna denne teorien om havets fridom for å sikre at enkelt statar ikkje skulle ta kontroll over for store deler av havet da dette kunne forhindre sjøfart. På grunnlag av dette gjekk Noreg i mot Storbritannia sine påstand om at:

*"et hvilket som helst krav på suverenitet over et gitt område av sjöen må rettfærdiggjøres som en undtagelse som er godkjendt av folkeretten."*<sup>65</sup>

---

<sup>63</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 2:138

<sup>64</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:107-109

<sup>65</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Under har eg vald å laga ein tabell for å gje eit oversyn over nokre av hovudstridane mellom Storbritannia og Noreg angående folkerettslege aspekt under rettssaken. Deretter skal desse ulike punkta drøftast med særleg fokus på korleis Noreg argumenterte for sine syn.

**Tabell 2.2.3.1**

<b>Folkerettsprinsipp</b>	<b>Storbritannia</b>	<b>Noreg</b>
<b>Fiskerigrenser</b>	<b>3 nautiske mil</b>	<b>4 nautiske mil</b>
<b>Fiskerigrenser trekt opp etter</b>	<b>Kystens indre farvatn, der fastlandet møter kysten.</b>	<b>Kystens ytre farvatn, ved ytste punkt utanfor skjergarden.</b>
<b>Fiskerigrenser trekt opp etter</b>	<b>Sirkelbueprinsippet.</b>	<b>Prinsippet om rette grunnlinjer.</b>
<b>Fiskerigrenser trekt opp etter</b>	<b>Kystens buktingar.</b>	<b>Kystens generelle retning.</b>
<b>Skjergarden</b>	<b>Fiskerigrenser skulle trekkast opp utanfor kvar enkelt øy og holme.</b>	<b>Skjergarden som ein heilskap og forlenging av fastlandet.</b>
<b>Bukter</b>	<b>10 nautiske mil maksimal lengde for opptrekk av rette grunnlinjer over ei bukt.</b>	<b>Bukter integrert del av skjergarden, lov til å trekkje rette grunnlinjer utanfor bukter dersom det eksisterte minimum tørrskjer som kunne danna punkter for rette grunnlinjer utanfor skjergarden.</b>

### 2.2.3.2. 3. versus 4. nautiske mil

I denne forbindelse refererte Noreg til den franske juristen Gilbert Gidel: *"Jo mer mektig en stat blir på sjöen...jo større er dens tendens til å begrense utstrekningen av territoriale farvann.."*<sup>66</sup>

Storbritannia hevda at 3. nautiske mil hadde vorte akseptert som ein generell folkerettsregel særleg basert på to grunnlag. For det første Nordsjøkonvensjonen i 1882 der prinsippet om 3 nautiske mil vart vedtatt og for det andre la dei ned påstandar om at Kodifikasjonskonferansen i Haag vidareførte og dermed bekrefta at dette etter internasjonal standard var den korrekte breidde for å trekke opp territorialgrense.

Noreg var ikkje ukjend med Storbritannia sine påstandar om 3. nautiske mil da britane stadig hadde lagt ned diplomatisk press på Noreg til å gå over til dette prinsipp. Så har man den norske utanriksminister Irgens sitt møte den 26. Juni 1911 med den britiske utanriksminister Sir Edward Grey. Der Grey skal ha uttalt at: *"spørsmålet om avgrensingen av territoriale farvann var så viktig for Storbritannia at det om nødvendig vilde berettige å gå til krig."*<sup>67</sup>

Det kom da som ei stor overrasking at Storbritannia i sitt første skriftlege innlegg erklærte at Noreg hadde på historisk grunnlag rett på unntak av regelen om 3. nautiske mil. I fylgje den norske agent advokat Sven Arntzen prøvde Noreg under heile rettssaken å få grunngeving for kva desse såkalla historiske grunnlaga gjekk ut på. Storbritannia var derimot ikkje villig til å gå nærare inn på denne forklaringa.<sup>68</sup>

Kvifor valde Storbritannia å gjere dette? Var det fordi dei i førebuingane til rettssaken fann ut at Noreg gjennomgåande hadde forfekta 4. nautiske mil og at dei dermed kom til å tape på dette punkt, uansett? Var det ein del av britanes taktiske spel, at ved å gjera ein

---

<sup>66</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:110

<sup>67</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:110

<sup>68</sup>Ibid: del 2 kapittel 1:113 & Arntzen, S. 1952:127.

slik innrømming så vridde dei på saken, prøvde dei å fjerne drøftingar rundt breidda, slik at fokuset skulle vera på korleis grensene skulle trekkjast opp? Var det for å i praksis vise at unntak for regelen om *Mare Liberum* alltid måtte grunnjevast på folkerettslege prinsipp for dermed å alminneleggjera dette krav om bevis og dermed slå fast at havets fridom var det viktigaste prinsipp som dei andre måtte forholde seg til? Dette er berre nokre sannsynleggjingar som eg legg fram som døme på forklaringar, moglegvis var det ein blanding av desse, eller kanskje var det ingen av dei ovannemnte. Uansett så fekk domstolen ein mindre ting å avgjera i rettssaken då Storbritannia gjorde innrømmingar om at Noreg hadde historisk rett til å forfekte territorialbreidde på 4. nautiske mil.

Trass desse innrømmingar så valde Noreg å bruka ein god del plass i sitt skriftlege mot-memorandum på britanes hevdingar om at 3. nautiske mil var den korrekte folkerettslege breidde. For det første understreka Noreg den ovannemnte norm angående sedvane: "En sedvaneretts-regel er imidlertid ikke bindende for en stat som konstant og utvetydig har avslått å anerkjenne den."<sup>69</sup> .

I forbindelse med Nordsjøkonvensjonen (1882) hadde Noreg ikkje skrive under på denne avtalen og dermed hevda Noreg at dei på basis av ovannemnte regel ikkje var bunden av denne konvensjonen. Når det gjaldt Kodifikasjonskonferansen i Haag (1930) understreka Noreg at det einaste som det kom til einigheit om på denne konferansen var;

*"...folkeretten tillegger hver kyststat suvereniteten over et sjöbelte rundt den kyster", og denne suverenitets-sonen "må betraktes som essentiell for beskyttelsen av statens legitime interesser"*<sup>70</sup>

Noreg la særleg vekt på at det ved Kodifikasjonskonferansen i Haag ikkje kom til samstemtheit på dette punkt og at dei dokumenta Storbritannia viste til i sin bevisførsel

---

<sup>69</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 2:138

<sup>70</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:131

ikkje prova generell folkerett, fordi dei enten var førebuingssdokument eller utkast til traktatar som ikkje vart vedtatt på konferansen. På grunnlag av dette hevda Noreg at Storbritannia sine referansar til denne konferanse ikkje var legitim som bevis for internasjonal anerkjent folkerett, men snarare tvert i mot.

I denne samanheng var det også viktig for Noreg å vise til utviklinga innan folkeretten på det maritime domene etter Kodifikasjonskonferansen i Haag i høve til framande lands statspraksis. Jens Evensen gjorde her eit viktig arbeid ved å samle inn data frå 34 ulike land. Alle desse landas statspraksis var annleis enn det Storbritannia forfekta som generell folkerettsleg praksis både i høve til sjøterritoriale-, og til dels fiskerigrenser samt måten desse grensene vart trekt opp på.<sup>71</sup> Ved å vise til nasjonars utviding av deira sjøterritorium slo dermed Noreg fast at britanes påstandar var feil. Noreg sine 4. nautiske mil var ikkje eit unntak av den generelle folkerettsregel på 3. nautiske mil. Fordi sistnemnte heller var minstemålet for kva ein stats sjøterritorium kunne vera på. I denne forbindelse har eg laga ein tabell for å vise kort utviklinga i utviding av sjøterritorium til nokre av dei framande statane som Noreg nytta i sin argumentasjonsoppbygging.

**Tabell 2.2.3.3 Døme på utvikling i statspraksis: sjøterritorium/fiskerigrense**<sup>72</sup>

Dato	Stat	Sjøterritorium/fiskerigrense
<b>30. august. 1935</b>	Mexico	Sjøterr. 9 nautiske mil
<b>17. desember. 1936</b>	Hellas	Sjøterr. 6 nautiske mil
<b>2. februar. 1938</b>	Equador	Fiskerigrense målt 15 nautiske mil frå ytste punkt på kysten.
<b>1941</b>	Texas	Sjøterr. 27 nautiske mil
<b>23. juni 1947</b>	Chile	Sjøterr. 200 nautiske mil frå land.
<b>1. august. 1947</b>	Peru	Sjøterr. 200 nautiske mil frå land.
<b>29. juli 1948</b>	Costa Rica	Sjøterr. 200 nautiske mil frå land.

<sup>71</sup> Arntzen, S. 1952: 124 & Giverholt, H. 1952:25

<sup>72</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl. Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:118-120

Noreg understreka særleg betydinga av at stormakta USA gjennom president Truman sine to erklæringar den 28. September 1945, og korleis den første gjekk ut på at staten hadde rett til å utvinne dei naturlege ressursar i sjøbotn og under denne på det kontinentale platå som ligg i naboskap med USA, medan den andre gjaldt ei konserveringssone som innebar at fisket skulle verta underlagt regulering og kontroll. Sistnemnte kom hovudsakleg på grunnlag av dei aukande nærveret av framande statars trålarar etter den andre verdskrigen, då spesielt japanarar.<sup>73</sup> Vidare understreka Noreg at land i Sør-Amerika og Midtausten fylgde snarleg opp med tilsvarende erklæringar og då spesielt når det gjaldt ein stats rett til utvinning av naturressursar på og under sjøbotn.<sup>74</sup>

Noreg understreka at grunnen til at dei la fram desse kjeldene som grunnlag for sin bevisførsel var ikkje fordi dei kom med tilsvarende krav i den kongelige resolusjon av 12. juli. 1935, men av di dei ville framheva kor lite oppdatert dei britiske tolkingar av folkeretten på det maritime domene var. Noreg understreka særleg at britane la for stor vekt på juridiske forfattarar som skreiv i eit gammalt paradigme som ikkje reflekterte utviklinga innan folkeretten i høve til statspraksis og dermed at Storbritannia sitt system var rigid og lite oppdatert.<sup>75</sup>

#### 2.2.3.4 Noregs motargument i høve til opptrekkinga av fiskerigrensa

Storbritannia hevda i stor grad at måten Noreg hadde trekt opp fiskerigrensa i den kongelige resolusjon av 12. juli. 1935 var feil i høve til folkeretten. For det første hevda britane at fiskerigrensa skulle verta trekt opp der fastland møter kysten. Om Noreg hevda motsett la Storbritannia ned påstand at dei måtte prove deira rettar til kvart av

---

<sup>73</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:119

<sup>74</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.


Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:119-121 land som Saudi-Arabia, Kuwait, Peru og Mexico.

<sup>75</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:122

kystavsnitta langs den nord-norske kysten. I denne forbindelse la Storbritannia fram dei såkalla "Douglas-karta" som hadde vorte nytta under diplomatiske forhandlingar i 1924 og 1925. Her hevda dei at Noreg hadde framlagt eit kompromiss om såkalla "raude linjer" som i stor grad fylgde kysten der fastlandet møter sjøen. Vidare forfekta Storbritannia at fiskerigrensa skulle verta trekt opp etter kystens buktningar, og at dette vart gjort best i høve til det såkalla sektor-prinsippet som dei hevda var den korrekte metode å trekkje opp fiskerigrensene på.

### Utsnitt Fiskerigrensekart nytta av Noreg under rettssaken i Haag<sup>76</sup>



*Den raude linja gjekk langt innanfor skjergarden.*

I forbindelse med dei raude-linjer, så vedgjekk Noreg at dette var kompromiss-forslag lagt fram av den norske delegasjon i 1924. Vidare påpeikte dei at ved byrjinga av forhandlingane var begge partar innforstått med at eventuelle avtalar inngått mellom dei to lands delegasjonar måtte verta ratifisert i ettertid av både den norske og britiske stat for å vera gjeldande. Trass i at delegasjonens formann Johan Hjort, direktør ved Fiskeridirektoratet samt internasjonal anerkjend havforskar, og den norske utanriksminister Johan Ludvig Mowinckel var svært innstilt på å inngå kompromiss med Storbritannia, så valde Stortinget å stemme i mot dei *raude linjene* fordi dei fråveik i

<sup>76</sup> Kartet vart nytta som vedlegg til Stortingsmelding nr. 87. 1952.



altfor stor grad linjene som vart føreslått av sjøgrensekommissjonen av 1911. <sup>77</sup> Difor vart ikkje dei raude linjene godkjent som kompromiss av Noreg, og difor var dei ikkje gjeldande rett.<sup>78</sup>

Britiske påstandar om at fiskerigrensa skulle verta trekt opp etter sektormetoden samstundes som dei rette grunnlinjer berre kunne vera på 10 nautiske mil (punkt til punkt), kom i samanheng med deira hevdingar om at skjergarden ikkje var eit heile, men at holmar og øyer skulle verta rekna for einingar uavhengige og skilte frå kvarandre. Her var det særleg to utfordringar Noreg stod ovanfor: for det første å prove at desse hevdingane ikkje utgjorde generell folkerett og for det andre at prinsippet om rette grunnlinjer og måten desse hadde vorte trekt opp på, ikkje streid mot folkeretten. Når det gjaldt rette grunnlinjer hevda Storbritannia at ein berre hadde lov til å trekkje ei maksimalt over ti nautiske mil. Dette råka direkte bukter, på den andre sida innrømde britane at Noreg hadde historisk rett til enkelte bukter og fjordar. Spørsmåla om grensetrekking stod veldig tett saman, difor kjem mine drøftingar om dette også i stor grad verta i nær samanheng med kvarandre, ikkje minst fordi dei norske argumenta var veldig like kvarandre.

Når det gjaldt folkerettslege motargument så viste Noreg til utvikling innan statspraksis til andre land som gjekk i mot dei heller rigide og lite fleksible britiske prinsipp. På grunnlag av utviklings innan folkeretten (jamfør tabell 2.232) la dermed Noreg ned påstand om at dei britiske hevdingar ikkje var generelt folkerettsprinsipp som var bindande for kongeriket Noreg. Både på grunnlag av at Noreg hadde stått i mot britiske påstandar tidlegare, grunna historisk bruksrett til desse områda innanfor fiskerigrensa av den kongelege resolusjon av 12. Juli 1935. Ikkje minst i høve til skjergarden der Noreg bedyra at denne var ein vidareføring av fastlandet og at kystbusetnaden hadde


---

<sup>77</sup> Arntzen, S. 1952:117-118

<sup>78</sup>I innstillingar frå henhaldsvis 1912 og 1913 hadde sjøgrensekommissjonen kome med forslag for grensetrekking for norsk sjøterritorium i frå Grense Jakobselv til Træna. Grensene for Aust-Finnmark var tilsvarande dei teinka opp i 1908 av dåverande amtmann i Finnmark fylke. Jamfør Arntzen, S. 1952:116

nytta fiskegrunnar innan og utanfor skjergarden sidan uminnelege tider. Samt at desse områda vart nytta til sjøveg og frakt av både menneske og varer.<sup>79</sup>

### Kartutsnitt norsk innlegg fiskerigrensetvisten i Haag<sup>80</sup>



"The Green Pecked Line" var britenes kompromiss-forslag under rettsaken trekt opp etter Sirkelbueprinsippet. Dei gule områda visar kor store deler av sjøen som ville gått tapt ved dette kompromisset, i høve til Noregs fiskerigrense.

Dette utsnittet viser eit av dei mest kontroversielle og debatterte områda under tvisten. Mellom grunnlinje punkt 20,21 og 22: Lopp havet mellom Sørøya i nord (Finnmark) og Arnøya samt Fugløya i sør (Troms). Etter britanes Sirkelbueprinsipp så var det betydelege områder som danna dei gule innrissa områda som Noreg måtte argumentere for som korrekte i høve til folkeretten.

Sirkelbueprinsippet gjekk i fylgje Maurice Bourquin ut på å:

*"...trekke opp sirkelbuer (i det foreliggende tilfelle med 4 mils radius) ut fra punkter langs kysten og å betrakte den ytre envelopen som sirkelbuene danner som grensen for territorialfarvannene."*<sup>81</sup>

Noreg viste til professor Gidel, ekspert på folkerett. Ein av grunnane til at hans juridiske verker var nytta var fordi han baserte sine utsegn i stor grad på empiri i høve til utvikling i statspraksis, sedvane og folkerett. I høve til Sirkelbueprinsippet så hevda han for det første at det ikkje var ein generell sedvanleg regel. For det andre så ville ein

<sup>79</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 1:121

<sup>80</sup> Kartet vart nytta som vedlegg til Stortingsmelding nr. 87. 1952. Angående tekst knytt til kartet jamfør: Giverholt, H. 1952:framside, St. prp. nr. 87. 1952: 5,15.

<sup>81</sup> Bourquin, M. 1952:193

Sirkelbueprinsippet ikkje fungera på ein kyst med buktingar fordi dette hadde vore vanskeleg å forholde seg til for både fiskarar og fiskaroppsyn. Difor hevdar Gidel at ei grense burde følgje kystens buktingar, men berre den sin generelle retning.<sup>82</sup> Noreg hevda at det var nettopp det dei rette grunnlinjene gjorde: fylgde kystens generelle retning. Noreg understrekte at desse rette grunnlinjer kom av ein kontinuitet i norsk statspraksis som gjekk tilbake i alle fall til 1745.<sup>83</sup> Noreg la difor ned påstand om at for det første så var dei ikkje forplikta av ein generell folkerettsregel i å nytte Sirkelbueprinsippet på grunn av at dette ikkje var ein generell folkerettsregel tufta på utviklinga av seinare statspraksis og dermed folkeretten. For det andre hadde Noreg forfekta dei rette grunnlinjer og ikkje anerkjend Sirkelbueprinsippet og difor stod dei ikkje i eit forplikta forhold til denne regel. For det tredje ville ikkje denne grenseopptrekkings metoden fungera på ein så bukta kyst som Noreg.<sup>84</sup>

Vidare var Noreg, som ovannemnt, svært opptatt av å ikkje gå seg vill i juridiske detaljar, men ha ein vid horisont og stadig minne domarane på kva denne rettssaken etter deira syn handla om å beskytte den nord-norske kystbusetnadens livsgrunnlag nemlig fiskeførekomstane, som dei sidan tidenes morgon, kontinuerleg hadde livnært seg på. Ved å Hindre at britiske trålarar skulle koma og øydeleggja deira fiskereiskapar og fiska opp fisken, som kunne føre til fråflytting av Nord-Noreg kyst. At ikkje eit imperiums industrielle sug etter fiskeprotein skulle underminere for den nord-norske kystbusetnadens livsgrunnlag.<sup>85</sup>

---

<sup>82</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 2:156

<sup>83</sup> Rescriptet av 18. Juni 1745. Jamfør: Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl. Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 3:271

<sup>84</sup> Bourquin, B. 1952:194

<sup>85</sup> Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 3:271

Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18: Gjenpart av brev til Det kgl.

I tillegg til bruk av kart og flybileter av den nord-norske kysten så fekk Fiskerigrænsekomitéen av 1949 sin fiskerisakkyndige: Gunnar Rollefsen, gjennomslag for at dei skulle få laga eit relieffkart<sup>86</sup>. Dette kartet var i "3D", vart produsert for hand, er rundt 3 meter langt og dekker området frå Brønnøysund (Nordland) til Grense Jakobselv (Finnmark). Dette kartet står på Norges fiskerimuseum sitt arkiv i Bergen.

*-Under: Utsnitt frå Relieffkartet nytta som del av norsk forsvar. Sværholthavet grunnlinje punkt 11-12 var det andre store tvisteområde langs den nord-norske kysten.<sup>87</sup>*



---

Fiskeridepartement frå J. Aars Rynning Oslo den 2. Juni 1951, vedlegg: Rynning si omsetjing av det norske mot-memorandum per mars 1951, Del 2 kapittel 3:271

<sup>86</sup> Kartet vart laga av reklamekonsulent Thomas Haugland frå Bergen etter måø

<sup>87</sup> Bilete tatt av underteikna etter løyve frå Norges Fiskerimuseum, Bergen. 12 mils grensa er sett på ved eit seinare tidspunkt.

Under: Frå rettssaken i Haag. Relieffkartet vert studert i Fredspalassets store rettssal.  
Bilete nytta etter løyve frå Norges fiskerimuseum, Bergen.



Relieffkartet vart satt fram som del av dei norske munnlege innlegg i Haag.<sup>88</sup> Her fekk Bourquin og Arntzen vise gamle fiskeplassar, linehav og garnhav, ulike méd, utbreiing av kystbusetnaden langs den nord-norske kysten. Vidare vart særleg fiskegrunnane som hadde vore nytta av den nord-norske kystbusetnaden sidan uminnelege tider peikt ut på relieffkartet i forhold til den britiske "Green Pecked Line". I fylgje Jens Evensen så gav dette kartet større inntrykk på domarane enn mange juridiske frasar.<sup>89</sup>

### 2.3 Siste påstandar frå Storbritannia

I Storbritannias siste munnlege innlegg kom dei med fleire nye påstandar som ikkje før hadde vorte nemnt. Av desse er det to eg vil nemne. For det første argumenterte Storbritannia for at grunna nedgang i handelsbyen Bergen så hadde det vorte vanskeligare for fiskarane i Nord-Noreg å få selje tørrfisk til den tidlegare Hansabyen. På grunnlag av dette med bevisførsel i form av enkelte amtmannsdokument så påstod britane at kysten av Nord-Noreg hadde vorte fråflytta på 1800-talet. Vidare at det berre

---

<sup>88</sup> Dei munnlege innlegga varte i til saman fem veker i månadane september og oktober 1951. Jamfør Arntzen, S. 1952:125

<sup>89</sup> Aftenposten 1.10.1951, Arntzen, S. 1952:126, Tekst på relieffkartet som står på arkivet til Norges fiskerimuseum i Bergen.

var russarar som fiska på bankane utanfor Nord-Noreg. Dermed hadde ikkje Noreg kontinuitet verken i historisk bruksrett på torsken eller det norske system som la grunnlaget for statspraksisen til den kongelege resolusjon av 12. juli 1935.<sup>90</sup> For det andre hevda britane at domstolen burde dela saksbehandlinga ved å først vedta kva for grunnleggjande prinsipp som den norske fiskerigrensa skulle verta trekt opp etter. Deretter skulle partane inngå forhandlingar seg i mellom om dei enkelte kystavsnitt. Om det oppstod tvistar under desse drøftingane, skulle Noreg og Storbritannia ta dette innfor domstolen igjen.<sup>91</sup>

I denne forbindelse så lurar eg på om dette visar til at Storbritannia var urolege for å tape rettssaken, og at dei prøvde å koma seg ut av det ved at partane skulle tilbake til forhandlingsbordet, der dei hadde forsøkt å koma til einigheit dei siste 40 åra.

Når det gjeld britanes første påstand så hadde ikkje Noregs delegasjon i Haag, bevis som kunne nyttast i argument mot desse hevdningane. Dermed måtte ein av delegatane reise til Oslo for å finna bevis mot at den nord-norske kysten hadde vorte avfolka på 1800-talet. Dette klarte Noreg å finne fram bevis for og argumentere for i sitt siste munnlege innlegg oktober 1951.<sup>92</sup>

Når det gjaldt det britiske standpunktet om at Domstolen burde dele saksbehandlinga, så gjekk Noreg i mot dette fordi dei meinte at ein ikkje kunne skilje prinsipp og praktisk opptrekk av fiskerigrensa utanfor den nord-norske kysten frå kvarandre, da desse to var uløseleg knytt saman som i den kongelege resolusjon av 12. juli 1935.<sup>93</sup>

---

<sup>90</sup> Giverholt, H. 1952:23

<sup>91</sup> St. prp. nr. 87 1952:12

<sup>92</sup> St. prp. nr. 87. 1952:13-14

<sup>93</sup> St. prp. nr. 87. 1952:12

## 2.4 Domaravgjersla

Rettsaken vart tatt opp til doms den 29. oktober og domaravgjersla falt den 18. desember 1951. Grunna eit dødsfall og to sjukdomsfråfall var det berre 12 domarar der ein var frå Noreg og ein annan frå Storbritannia. Den norske omsetjinga av dommen er som fylgjer:

*"Domstolen erklærer, idet den forkaster alle påstander i strid hermed, med ti stemmer mot to, at den metode som er brukt ved den kgl. norske resolusjon av 12. juli 1935 for opptrekkingen av fiskeriområdets grenser ikke er i strid med folkeretten: med åtte mot fire stemmer, at de grunnlinjer som nevnte resolusjon fastsetter ved anvendelsen av denne metode, ikke er i strid med folkeretten."*<sup>94</sup>

Det var den kanadiske domaren J. E. Read og den britiske domaren Arnold McNair som dissenterte mot at prinsippa nytta i den kongelege resolusjon ikkje var foreina med folkeretten.<sup>95</sup>

Dommar Hsu Mo frå Kina var einig i prinsippa som låg til grunn for opptrekkinga av grunnlinjene i den kongelege resolusjon av 12. juli 1935. På den andre sida kunne han ikkje godkjenne to av grunnlinjene som var trekt opp i denne resolusjonen. Han la særleg vekt på prinsippet Noreg forfekta om at dei rette grunnlinjer skulle følgje kystens generelle retning. Når det gjaldt punkta mellom 11 og 12 ved Sværholthavet (nord for Nordkapp) og punkta 20-21 ved LoppHAVET så hevda Mo at Noreg hadde tatt seg for store fridomar i tolkinga av å fylgje kystens generelle retning.<sup>96</sup>

Den britiske domaren Arnold McNair viste ein viss empati med den nord-norske kystbusetnadens avhengigheit til fiskeressursane. På den andre sida hevdar han at saken ikkje omhandlar dette, men kva folkeretten seier om sjøterritoriums utstrekking for enkeltstatar.<sup>97</sup> Han hevda at Noreg hadde til dels vilkårleg trekt opp sine fiskerigrenser, som han hevda at eigentleg var grense for sjøterritorium, lik resten av Domstolen.

---

<sup>94</sup> St. prp. nr. 87. 1952:14

<sup>95</sup> St. prp. nr. 87. 1952:14

<sup>96</sup> St. prp. nr. 87. 1952:36-37

<sup>97</sup> St. prp. nr. 87. 1952:38

”Folkeretten sier ikke til en stat: ”Du er berettiget til å gjøre krav på territorialfarvann dersom du ønsker det.”<sup>98</sup> McNair hevda at av dei 48 punkta som danna grunnlaget for opptrekkinga av dei rette grunnlinjer så var dei fleste vilkårleg vald. Han uttrykte vidare at sympati med kystbusetnads sosio-økonomiske avhengigheit til fiskeførekomstar ikkje var valid grunn for å trekkje grenser lenger ute enn kva folkeretten gjev lov til.<sup>99</sup> McNair nytta dermed i stor grad same argumentasjon som dei britiske advokatane.

Den kanadiske domaren Read la særleg vekt på at Noreg verken hadde gjort verda merksam på det norske system godt nok eller og tidleg nok. Deretter hevda han at Noreg først byrja å sanksjonere mot utanlandske trålarar på 1920-talet, i den forbindelse la han ned påstand om at det norske system som skulle ha hatt sitt opphav frå før 1745, først vart verksett litt under 200 år seinare. Difor hevda han at det norske system ikkje hadde ein slik folkerettsleg kontinuitet som Noreg hevda. Samstundes la han til grunn at resolusjonane som visstnok skulle vise kontinuitet på 1800-talet, ikkje omhandla kysten utanfor Nord-Noreg. Difor var det ingen kontinuitet i det norske system, da det hadde mange hól<sup>100</sup> Read ytra at Noreg hadde trengt seg på det frie hav ved utvidinga si i 1935, og at dette var eit suverenitetsområde som Noreg ikkje hadde rett til å gjera krav på.<sup>101</sup>

Den fjerde dissinterte domaren skreiv ikkje eit votum, da dette er eins dommars rett, men ikkje plikt.<sup>102</sup>

---

<sup>98</sup> St. prp. nr. 87. 1952:39-40

<sup>99</sup> St. prp. nr. 87. 1952:43,45

<sup>100</sup> St. prp. nr. 87 1952:60-64

<sup>101</sup> St. prp. nr. 87 1952:53-56

<sup>102</sup> St. prp. nr. 87 1952:31



## 2.5 Ein viktig siger for Noreg

Denne sigeren i Haag var viktig for Noreg, som hadde lagt ned store ressursar for å kunne best mogleg leggje fram si sak for Domstolen. At ein 40 års vanskelig diplomatisk konflikt med Storbritannia var over må også har vore av betydning, særleg sidan landet var ein viktig alliert til Noreg. Dette var i byrjinga av den kalde krigen, Nord-Noreg og særleg Finnmark var i gang med å verta byggjast opp. Det å ha ei stor kystflåte og busetnad i den nordlege landsdel var viktig for den norske sikkerheitspolitikken, særleg i høve til samarbeidet i NATO, trass i enkelte restriksjonar frå norsk side for å ikkje skape for mykje uromoment i høve til den sterke nabo i nordaust.

Det at Domstolen i Haag snudde sakens utgangspunkt ved å hevde at domaravgjersla ikkje berre skulle gjelde fiskerigrensa, men også sjøterritoriet og at desse skulle verta trekt opp etter prinsippet om rette grunnlinjer vil eg hevde var eit stort gjennombrøt innan folkerett, da rette grunnlinjer vart rekna for å vera folkerettslege.<sup>103</sup> Ein seinare presendens i høve til dette kom ved den første havrettskonferanse i regi av FN, i Genève 1958 og utvidinga av sjøterritoriet til 12 nautiske mil, så skulle desse trekkjast etter rette grunnlinjer. Det er slik 12 mils sjøterritorium innanfor 200 mils økonomiske soner vert trekt den dag i dag.

## 2.6 Avslutning

I denne fiskerigrensekonflikten mellom Noreg og Storbritannia var den nord-norske busetnaden sin avhengigheit og bruksrett til torskeførekomstane ein sentral del av Noregs argument. Sjølvråderett over naturførekomstane stod sterkt gjennom heile prosessen. Storbritannia argumenterte som om dei ville lausrive den kongelege resolusjon av 12. juli 1935 frå fundamentet som var med på å utgjera det norske system. Kanskje var dette eit taktisk grep i frå britane si side. Noreg på si side stod fast på at kystbusetnadens utnytting av torskeførekomstane danna basisen for busetnaden langs denne karrige kysten og det norske system. Noreg vann fram og denne rettssaken skulle mellom anna få følgjer for den vidare utviklinga innan Havretten.

---

<sup>103</sup> Evensen, J. 1952:628-629

### 3. Noregs argumenter for torskeførekomstane i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon 1975-1977

Den 11. april 1975 inngjekk Sovjetunionen og Noreg ein avtale om bilateralt samarbeid om forvaltning av migrerende marine levande ressursar. Avtalen innebar også utveksling av forskingsbaserte resultat.<sup>104</sup> Det at eit medlemsland av NATO og leiaren av Warszawapakta vel å inngå ein slik bilateral samarbeidsavtale under den kalde krigen, var ein unik situasjon i samtida.

I dette kapitlet skal først den fiskeriforvaltings- og folkerettsmessige samanhengen til opprettinga av den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon drøftast. Deretter skal Noregs forsvar av torskeførekomstane i fiskerikommisjonen diskuterast; *Kva for forvaltning av torskeførekomstane forfekta Noreg?*

#### 3.1 Eit nytt forvaltings- og havrettsregime vinn fram

Etter den andre verdskrigen eskalerte fiskarflåten på verdsbasis både i form av nye aktørar, men også grunna omfattande teknisk rasjonalisering av fangstleddet. Større og betre fiskefartøy bidrog til å utvida rekkjevidde til meir omfattande fangstområder samstundes som ny teknologi som ekkolodd, kraftblokk samt kvalitet,- og kapasitetsauke oppgang i fiskerireiskap førte til betydeleg stiging i fangstvolum. Ein direkte konsekvens vart auka press på fiskeressursane.<sup>105</sup> I den forbindelse er det viktig å understreke om at det ikkje var konsensus blant forvaltarar og havforskarar om fiske kunne føra til nedgang av dei marine levande ressursane. Enkelte hevda tvert om at havet var som ei "Sareptas krukke" og at det berre var såkalla naturlege fluktusjonar som førte til nedgang i fiskeførekomstar.<sup>106</sup> Innan torskeavdelinga på Havforskningsinstituttet var fiskeribiologane derimot overtydd om at menneske kunne desimere marine levande ressursar.<sup>107</sup> Internasjonalt auka det eit behov for å handtera konsekvensane av den stadig blomstrande fiskerikapasiteten. Det internasjonale havforskningsrådet (ICES) hadde allereie eksistert sidan 1902 der Noreg hadde hatt ein

---

<sup>104</sup> 1. sesjon den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon 1976:1

<sup>105</sup> Cushing, D. E 1988: 234-242 & Evensen, J. 1976:17-21

<sup>106</sup> Schwach, V. 2000:277-287

<sup>107</sup> Hysten, A, Sætersdal, G 1957:1-3

sentral part i grunnlegginga.<sup>108</sup> I ICES samla havforskarar seg frå Vest-Europa til årlege konferansar der fiskeribiologiske og oseanografiske forskingsspørsmål vart diskutert.<sup>109</sup>

Overfiskekonferansen i London anno 1946 tok opp problematikken rundt overfiske, og det Aust-Atlantiske fiskeriforvaltingsorganet Den Permanente Kommissjon (DPK) vart oppretta under konferansen. Det første møtet i DPK var i 1953.<sup>110</sup> Den første Havrettskonferansen i FN (Genève 1958) tok opp igjen spørsmål som Folkeforbundets Kodifikasjonskonferanse i Haag 1930 hadde drøfta om folkerett i høve til det marine domenet. Som drøfta i kapittel 2 vart ikkje denne konferansen ein suksess i høve til å koma fram til einigheit, men synleggjorde heller internasjonal usemje på området. Ved den første Havrettskonferansen i Genève vart det framforhandla at den nye internasjonalt folkerettslege anerkjende fiskerigrensa skulle vera på tolv nautiske mil.<sup>111</sup> Fiskerigrensene skulle verta trekt opp etter prinsippet om rette grunnlinjer, eit prinsipp som Noreg fekk gjennomslag for ved den internasjonale domstolen i Haag (jamfør kap. 2). Havrettsleg var dette sett på som eit viktig grep for å oppnå målsetnad om effektiv forvaltning av dei marine levande ressursane.<sup>112</sup>

Under Havrettskonferansen i Genève 1958 vart det også vedtatt at kyststatar skulle ha jurisdiksjon over havbotn på kontinentalsokkelen som var inntil 200 meter djup. Dette vedtaket er viktig å sjå i samanheng og direkte påverknad av Truman-doktrinen og USA sin utviding av kontinentalsokkelen i 1947. Vedtaket måtte verta ratifisert og i byrjinga

---

<sup>108</sup> Schwach, V. 2000:113. ICES sitt hovudsete vart lagt til København, der dei fortsatt held til den dag i dag. Dei opphavlege 7 medlemslanda var: Danmark, Nederland, Noreg, Russland, Storbritannia, Sverige og Tyskland, jamfør side 80.

<sup>109</sup> Rozwadowski, H. 2002:9-12

<sup>110</sup> Dei opphavlege 12 medlemslanda var: Belgia, Danmark, Frankrike, Irland, Island, Nederland, Noreg, Polen, Portugal, Storbritannia, Sverige, Spania. Vest-Tyskland vart medlem i 1955 medan Sovjetunionen kom til i 1958. Jamfør St. prp. nr. 16. 1947:1-2 & Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskeridirektør Klaus Sunnanå (1947-1973) arkiv. 043/77 Permanent Commission 1957-1958. 1. *Report by the President on the Sixth Meeting of the Permanent Commission. Held in London October, 1957.* Issued from the Office of the Commission. London. 1958 2. *Report by the President on the Seventh Meeting of the Permanent Commission. Held in Dublin, November, 1958.* Issued from the Office of the Commission. London. 1958

<sup>111</sup> Regjeringen.no om Havrettskonferansen henta ut den 15.12.2013. Det var bare fiskerigrensa som vart utvida. Territorialgrensa til kystnasjonane fortsette å vera på 4 nautiske mil. Jamfør Christensen, P. & Hallenstvedt, A. 2005:187

<sup>112</sup> Hønneland, G. 2007:9

var Noreg avventande til dette. Prinsippet om at kyststaten skulle få utvinne mineral- og petroleumsførekomstar ressursar på havbotn var Noreg einig i. Problemet omhandla det faktum at kyststatens jurisdiksjon på kontinentalsokkelen berre gjaldt havdjupner inntil 200 meter.<sup>113</sup> Noreg kom i den forbindelse med to innstillingar "resolusjon om norsk statshøyhet over visse undersjøiske områder" vedtatt den 31. mai 1963 nr. 1 og lova av 21. juni 1963 nr. 12 om undersjøiske naturførekomstar.<sup>114</sup> I den første stod det:

*"Havbunnen og undergrunnen i de undersjøiske områder utenfor kysten av Kongeriket Norge er undergitt norsk statshøyhet for så vidt angår utnyttelse og utforsking av naturforekomster, så langt havets dybde tillater utnyttelse av naturforekomstene, uten hensyn til de ellers gjeldende sjøgrenser, likevel ikke ut over midtlinjen i forhold til andre stater."*<sup>115</sup>

Denne resolusjonen unngjekk å bruke ord som "kontinentalsokkel" og viste ikkje til konkrete djupnemål. Vidare så anerkjende Noreg midtlinjeprinsippet og det var dette som vart nytta som utgangspunkt i drøftingar med tilstøytane naboland i Nordsjøen vedrørende delegrenselinjer til kontinentalsokkelen. Både Storbritannia og Noreg hadde betydeleg interesse for petroleumsførekomstar på havbotn. Då desse landa vart samde i grenser for kontinentalsokkelen den 10. mars 1965 og for deretter å byrje arbeid med seismiske undersøkingar av sine respektive kontinentalsokklar, var dette eit viktig arbeid med å få internasjonal anerkjenning av sine kontinentalsokklar. Ikkje berre hadde Storbritannia og Noreg gjensidige avtalar, men begge landa hadde tatt i bruk avtalens prinsipp, noko som innebar at avtalen *de facto* vart anvendt. Difor var det vanskeleg for tilstøytande kyststatar å ta til motmæle mot denne kontinentalgrenseavtalen, fordi den

---

<sup>113</sup> Store norske leksikon angående forhandlingene om kontinentalsokkelen. Henta ut den 30.04.14.

<sup>114</sup> Lov av 21.juni. 1963 nr. 12 om undersjøiske naturforekomster.

<sup>115</sup> Fastsatt ved kongelige resolusjon 31. mai. 1963. Framarbeida av Olje- og energidepartementet. Publisert: I 1963 s 573, II 1963 s 275.

vart sedvanleg rett.<sup>116</sup> Mellom 1965 og 1968 vart tilsvarande delelinjeavtalar inngått med Sverige og Danmark etter midtlinjeprinsippet.<sup>117</sup>

Når det gjeld den første Havrettskonferanse i Genève så vart fiskerigrensa, som ovannemnt utvida til 12 nautiske mil, Noreg etablerte dette ved lov av 17. juni 1967.<sup>118</sup> Utanfor fiskerigrensa på 12 nautiske mil var det fortsatt prinsippet om *Mare Liberum* som gjaldt. Tanken om at denne opne allmenningen med sine marine levande ressursar var fritt tilgjengeleg for alle, stod difor fortsatt sterkt som gjeldande folkerett.

I 1964 vart DPK avløyst av The North East Atlantic Fisheries Commission (NEAFC). Både i NEAFC og DPK var det ein stor utfordring for medlemslanda å verta samde om reguleringstiltak på den felles opne allmenningen. NEAFC var ikkje eit overnasjonalt organ og 2/3 av landa måtte vera samde for innføring av nye reguleringar av fiske. Vedtaka på møta stod dessutan i fare for å verta nedstemt i ettertid, da det vart omfattande reglar angående klagerett. Denne var på opphavleg 90 dagar og om ein stat klaga, var den ikkje bunden av vedtaket. Om derimot tre land gjorde dette, vart det opphavlege vedtaket ikkje gyldig. Vidare gjaldt det opphavlege mandatet til kommisjonen at berre reguleringar som til dømes maskevidde til garn og not, og stenging av fiskeområder som kunne verta vedtatt. Noreg ville at mandatet til kommisjonen skulle vera meir open, slik at ein seinare hadde moglegheit til å kunne ta i bruk uttaksreguleringar (kvoter), men Noreg fekk ikkje gjennomslag for dette. Det vart vedtatt at om ein skulle forandre på reguleringsmandatet til NEAFC måtte det 2/3 fleirtal til for å få gjennomslag for det.<sup>119</sup> Det var først i 1974 at kvoter, såkalla TAC (Total Allowable Catch) vart godkjend som ein del av NEAFC sitt mandat.<sup>120</sup>

---

<sup>116</sup> Store norske leksikon angående forhandlingene om kontinentalsokkelen. Henta ut den 30.04.14.

<sup>117</sup> Eriksen, K. E & Pharo, H. Ø. 1997:370. Når det gjaldt Danmark så vart delelinjeavtaler angående Færøyane vart først underskrive i 1979 og ratifisert 1980, jamfør: St. prp. nr. 63 (1979-80)

<sup>118</sup> Ot. Prp. nr. 31 (1966-1967):1 godkjent ved kongelig resolusjon same dag den 3.02.1967.

<sup>119</sup> St. prp. nr. 2 (1959-60): 1-3

<sup>120</sup> Fiskeridirektoratets arkiv, Bergen. I boks markert som "Ark. nr. 067. 1322 NEAFC's Årsmøter 1973, 1974, 1975, 1976 Henv. ark 067 138" I mappe NEAFC 1974. Brev datert den 19.06.74 OL/LGV. *Catch and Effort Regulation*. Brev om Trelandsavtalen og korleis den burde verta nytta som utgangspunkt i kvoteavtale NEAFC:1

Sidan 1970 hadde medlemslanda i NEAFC Noreg, Storbritannia og Sovjetunionen drøfta moglegheita for å inngå kvoteavtale seg i mellom utanfor ramma av NEAFC.<sup>121</sup> Den såkalla Trelandsavtalen vart først framforhandla i 1973 og skulle gjelda for året etter.<sup>122</sup> Årsaken til dette var at desse landa hadde klart størst del av historisk bruksrett til torskeførekomstane og det var i deira interesse at bestanden fekk reguleringar som sette grense for uttaket. Men denne avtalen fall igjennom då Storbritannia og Sovjetunionen trakk seg. Dette var fordi det viste seg at såkalla tredjeland som Spania, Frankrike og Tyskland, som stod utanfor avtalen, hadde auka sine fangstar og kom med krav om høgare kvotedelar enn kva desse to stormaktene var villige til å gje som såkalla "tredjelandskvoter"<sup>123</sup>. Den første kvota som vart framforhandla og førte til faktisk gjennomføring i den grad at det vart 2/3 fleirtal skjedde i 1975 og gjaldt for året etter.

Då FN kalla inn til den tredje Havrettskonferansen i 1973 var eit av hovudmåla å drøfte korleis dei marine levande ressursane kunne verta forvalta på ein meir effektiv måte. Juristen Jens Evensen (1917-2004) hadde lang fartstid i internasjonale forhandlingar på havrett mellom anna som viseformann i FN sin havbotnkomité frå 1968-1973 og formann i Noregs sjøgrenseutval frå 1955<sup>124</sup> der han hadde vore forhandlingsleiar for Noreg i den ovannemnte grensedelingsavtalen om kontinentalsokkelen med Storbritannia.<sup>125</sup> Evensen var den norske forhandlingsleiaren under FN sin tredje Havrettskonferanse og grunna den betydelege utviklinga under drøftingane valde Bratteli-regjeringa å utnemna han til å inneha den nyoppretta statsrådsposten; havrettsminister i 1974.<sup>126</sup> Evensen var gjennom sitt arbeid ein sentral aktør i utarbeidinga av det nye havrettsregimet der mellom anna internasjonale

---

<sup>121</sup> Fiskeridirektoratets arkiv. Bergen. I boks markert "Ark. nr. 067. 1322 NEAFC Årsmötet 1973" Dokument datert 25.04.1973. Ukjend norsk forfattar. Tittel: "*Arctic cod.*" om forhandlingane om Trelandsavtalen med Storbritannia og Sovjetunionen:1

<sup>122</sup> Fiskeridirektoratets arkiv, Bergen. I boks markert som "Ark. nr. 067. 1322 NEAFC's Årsmøter 1973, 1974, 1975, 1976 Henv. ark 067 138" I mappe NEAFC 1973 dokument tittel: "NORTH-EAST ARCTIC COD Agreed recommendations by the Delegations of Norway, the USSR and the United Kingdom":1

<sup>123</sup> I forbindelse med internasjonale avtaler vert omgrepet "tredjeland" nytta om land som stod utanfor avtalen. Innan fiskeriforvalting kunne to land inngå avtale, der tredjeland også vart tildelt ein del av fiskeførekomstane av dei bilaterale partane.

<sup>124</sup> Evensen var formann i sjøgrenseutvalet til 1979. Jamfør; Tamnes, R. 1997:92-93

<sup>125</sup> Store norske leksikon: forhandlingar om kontinentalsokkelen henta ut den 30.04.14.

<sup>126</sup> Evensen gjekk da frå stillinga si som handelsminister som han hadde tiltrått året forut. Jamfør Christensen, P. & Hallenstvedt, A. 2005:191

forvaltingsorganisasjonar som ICNAF<sup>127</sup> (The International Commission of the North West Atlantic Fisheries) og NEAFC spela ei rolle.

Island som eit føregangsland i Europa, hadde utvida si fiskerigrense frå 12 til 50 nautiske mil i 1972. Som ved utvidinga til 12 nautiske mil, medførte også utvidinga til 50 nautiske mil til protestar frå Storbritannia og den andre torskekrigen. Som følge av Island si fiskerigrenseutviding, så kom nordnorske fiskarar med krav om tilsvarende utviding av fiskerigrense.<sup>128</sup> I intervjuet mitt med Knut Vartdal, som var Fiskeridirektør frå 1973-1978, var dette eit brennheitt tema blant nord-norske fiskarar. Kravet var basert både på problemet kystfiskarar hadde med utanlandske trålarars omsynslause åtferd da dei øydela kystfiskarars passive fiskereiskapar, men sjølv sagt også uro torskebestanden.<sup>129</sup>

I intervjuet mitt med Vartdal kom han i hug ei historie om Fiskeridirektør Klaus Sunnanå (1947-1973), som relativ kort tid etter at Island hadde innført fiskerigrense på 50 nautiske mil fekk spørsmålet i kraft av sitt embete om ikkje Noreg også skulle utvide si fiskerisone. Til dette svarte Sunnanå kontant: "Skal ein gjera noko sånt må ein enten vera ein supermakt, eller ein minimakt".<sup>130</sup> Dette tykkjer eg illustrere på ein god måte nokre av utfordringane med utviding av fiskerigrenser i høve til mellomstatlege diplomatiske forhold.

Bratteli-regjeringa valde å ikkje gå inn for å utvida fiskerigrensa mellom anna på grunnlag av arbeidet i forbindelse med Havrettskonferansen. Dåverande Fiskeriminister Eivind Bolle (1973-1981) fortel i eit intervju at han sjølv offisielt valde å gå inn for denne utvidinga på 50-nautiske mil frå Lofoten og nordover. Og at han som Fiskeriminister ville informera nord-norske fiskarar om dette, da han reiste rundt og

---

<sup>127</sup> ICNAF hadde sitt første møte i 1949 i og var ein av verdas første internasjonale regionale fiskeriforvaltings kommisjonar. ICNAF vart nedlagt i 1979 i forbindelse med at medlemslanda hadde innført 200 mils økonomiske soner, den nye organisasjonen NAFO vart etablert for å mellom anna regulere marine levande ressursar som migrerte utanfor dei økonomiske sonene. Jamfør: nettstad, NAFO om ICNAF si historie. *Henta ut den 30.04.14*

<sup>128</sup> Norges Fiskarlags Beretning 1973-1975:81-82

<sup>129</sup> Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

<sup>130</sup> Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

heldt talar i ulike fiskarlag i nord. Bratteli-regjeringa ville ikkje støtte han i dette. I denne forbindelse skal Bratteli ha sagt: *"Bolle, du kan jo bare reise opp og si at du er innstilt på 50-mila, at du vil arbeide for det. Det er nok. Men vi kan ikke – regjeringen går ikke inn for det."*<sup>131</sup> Dette formidla han til nord-norske fiskarar og Bratteli støtta han i denne erklæringa, da det viste sympati og var eit klokt politisk grep i høve til kystfiskarane i nord. Jurist Jens Evensen som var handelsminister og sentral innan havrettsforhandlingar hevda også at det var best å dryge ei eventuell utviding, Bolle medgir at han etterkvart også kom til den konklusjonen at ein direkte overgang frå 12,- til 200 nautiske mil var vegen å gå.<sup>132</sup> Evensen og Bolle kom fram til at innføring av trålfriesoner kunne verta ei midlertidig løysing på problemet. På den måten kunne fiskarane verta betre verna mot trålarar og brukskollisjon mellom trålarar og fiskarars passive fiskerireiskap. På den andre sida kunne politikarar vinna tid ved å vise til dei trålfriesonene når nord-norske fiskarars kom med krav om utviding til fiskerigrense på 50 nautiske mil.<sup>133</sup> Vartdal hevdar at dette var ein god ordning for å redusere på problemet med brukskollisjon mellom den norske kystflåten og utanlandske trålarar.<sup>134</sup> Lov om trålfriesoner vart vedtatt og satt i kraft 1. januar 1975.<sup>135</sup> I fylgje Eivind Bolle så gjaldt den for tre soner og at desse hadde vorte framforhandla med og godkjend av sovjetiske fiskerimyndigheiter.<sup>136</sup>

Våren 1975 vart FN sin tredje Havrettskonferanse samde i prinsippet om utviding av kyststatens jurisdiksjonsområde frå 12 til 200 nautiske mils økonomiske soner. Den territoriale grensa skulle gå ved 12 nautiske mil. Det var viktig for dei statane og konserna som hadde interesse innan sjø- og flyfart å få gjennomslag for fri gjennomfart til havs og i luftrommet over dei økonomiske sonene. Desse aspekta vart vedtatt til å

---

<sup>131</sup> Forum for Samtidshistories Intervjuprosjekt. *Utskrift av intervju med EIVIND BOLLE 14. desember 2005.* 2006:35

<sup>132</sup> Forum for Samtidshistories Intervjuprosjekt. *Utskrift av intervju med EIVIND BOLLE 14. desember 2005.* 2006:38-39

<sup>133</sup> Forum for Samtidshistories Intervjuprosjekt. *Utskrift av intervju med EIVIND BOLLE 14. desember 2005.* 2006:35-36,39

<sup>134</sup> Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

<sup>135</sup> *Lov om trålfriesoner utenfor den norske fiskerigrense.* 17. 01. 1975 nr. 1.

<sup>136</sup> Forum for Samtidshistories Intervjuprosjekt. *Utskrift av intervju med EIVIND BOLLE 14. desember 2005.* 2006:39-40 Bolle om lokaliteten til dei tre trålesonene i Nord-Noreg: *"Vi har jo en der nord, på Nordbanken, og så hadde vi en på Hjelmøybanken, og så har du den nedenfor Senja."* side 39, same kjelde.



gjelde i fredstid. Knyta til dette er det viktig å framheva at sidan Noreg var ein fiskeri-, skipsfart,- og i ferd med å verta ein petroleumsnasjon så var dei økonomiske sonene både med på å trygge kystbusetnaden i Nord-Noreg sin tilgang på torskeførekomstane og på ei anna sida med på å stadfeste og legitimere Noregs rett til petroleumsførekomstane på havbotn.<sup>137</sup>

FN sin tredje Havrettskonferanse varte og rakk i fleire år og avtalen kom ikkje i stand før i 1982. Avtalen vart ikkje ratifisert etter kravet om 2/3 fleirtal før i 1993 og vart sett i kraft først den 16. november 1994.<sup>138</sup> Trass dette var det blant fleirtalet av verdas kyststatar stor interesse for å oppretta dei såkalla 200 mils økonomiske soner utanfor kystane før arbeidet til den tredje Havrettskonferanse var ferdig og ratifisert. I denne forbindelse var det viktig for Noreg å halde tritt med i utviklinga av folkerett og statspraksis. For det første ikkje vera for tidleg ute med utvidinga og møte strid slik Island hadde opplevd.<sup>139</sup> På den andre sida ikkje utvide for seint. Då Noreg kunne stå i fare for at havgåande fiskeriflåtar som hadde vorte kasta ut av andre lands økonomiske soner, ville oppsøke dei fiskerike farvatna utanfor den vidstrekke Norskekysten.<sup>140</sup>

I samband med den føreståande utvidinga til økonomiske soner, innebar dette mange diplomatiske bilaterale forhandlingar. Tidlegare fiskeridirektør Knut Vartdal seier i mitt intervju at det hovudsakleg var to typar forhandlingar vedrørande den føreståande utvidinga av norsk 200 mils økonomiske soner.<sup>141</sup> For det første var det forhandlingar om såkalla rammeavtaler som vart utført av havrettsminister Jens Evensen i samarbeid mellom Utanriksdepartementet og Fiskeridepartementet. For det andre var det forhandlingar om årlege kvoteavtaler der var Fiskeridirektør Vartdal eller assisterande fiskeridirektør Halstein Rasmussen forhandlingsleiar. Desse bilaterale drøftingane med

---

<sup>137</sup> regjeringen.no om havrettskonvensjonen. Henta ut den 15. 12. 2013.

<sup>138</sup> regjeringen.no om havrettskonvensjonen. Henta ut den 15. 12. 2013.

<sup>139</sup> Ved Island sine utvidingar av fiskerigrenser fylgde såkalla torskekrigar, tilsaman vart det tre torskekrigar: 1958-61, 1972-73 og 1975-1976. Jamfør: Snl.no om Torskekrigen mellom Storbritannia og Island. Henta ut den 18.10.13 frå: <http://snl.no/Torskekrigen>

<sup>140</sup> Statsminister Oddvar Nordli: *Regjeringserklæring om 200 mils økonomiske soner*. 5. oktober. 1976. Stortingsforhandlingar 1976-1977. 7A Tidende, S 1-1684:20-21

<sup>141</sup> Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

til dømes EU, Polen, Portugal, Spania, Færøyane<sup>142</sup>, Aust-Tyskland. Tingingane med Sovjetunionen om kvoter vart leia av Fiskeridepartementet. Vartdal kategoriserer desse overgangsforhandlingane i to deler:

1. Dei landa som Noreg ikkje hadde gjensidige fiskeriinteresser med, men som fiska i dei farvatna som kom til å verta Norsk økonomisk sone.
2. Dei landa som Noreg hadde gjensidige fiskeriinteresser med.

Det var sjølvsagt eit mål for Noreg å få til dei best moglege forhandlingsresultata.<sup>143</sup> I forhold til den første gruppa med land var målet å få til kortast mogleg overgangsavtalar, slik at desse framande lands fiskarar etterkvart skulle slutta å fiske i den framtidige norske økonomiske sona. Då det gjaldt dei landa Noreg hadde gjensidige fiskeriinteresser med så var det viktig å få til balanserte avtalar. Her var det ofte at Noreg møtte sin eigen medisin: det var utfordringar å få til avtalar som på eine sida gav fiskeressursar til norske fiskarar som dreiv fjernfiske, og på den andre sida å ikkje gjeva for mykje av dei heimlege ressursane tilbake.<sup>144</sup>

### 3.2 Noregs argumenter for torskeførekommstane under forhandlingane

Noreg innførte 200 mils økonomiske soner 1. Januar 1977 og Sovjetunionen fylgde 1. Mars same år.<sup>145</sup> Med forvaltingsrett kom òg forvaltingsplikt. Fiskeressursar som migrerte mellom økonomiske soner måtte forvaltast gjennom samarbeid mellom dei aktuelle landa. Difor vart den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon oppretta. Fiskeriminister Bolle byrja innleiande forhandlingar med representantar for sovjetiske fiskerimyndigheiter i 1974 og det første offisielle møte i den blanda norsk-sovjetiske fiskerikommisjon kom til den 11. April 1975. I denne forbindelse er det viktig å understreke at fiskerikommisjonen kom til i ei brytningstid der Noreg fortsatt var medlem av NEAFC samstundes som landet var i ferd med viktige forhandlingar i FNs tredje Havrettskonferanse med direkte folkerettslege konsekvensar som innføringa av

---

<sup>142</sup> Danmark forhandla på vegne av Grønland og Færøyane der vestlandske fiskarar hadde betydelege fiskeriinteresser, jamfør: Innst. O. nr. 7(1976-1977) 4

<sup>143</sup> Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

<sup>144</sup> Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

<sup>145</sup> Island var det første landet som innførte 200 mils økonomiske soner blant nordaust Atlanterhavs-landa. Island gjekk frå 50 nautiske mil til 200 den 15. Oktober 1975. Jamfør Hønneland, G. 2007:11

økonomiske soner. I forbindelse med forhandlingane om å få gjennomslag for dei økonomiske soner forfekta Jens Evensen både internasjonalt og nasjonalt at NEAFC var svært lite effektivt. Knut Vartdal medgir at dette til dels stemte at systemet i kommisjonen var tungrodd i høve til prinsippet om 2/3 fleirtal og moglegheita for protest i etterkant som kunne felle vedtak i etterkant. I denne forbindelse vil eg også trekkje fram det faktum at arbeidet i NEAFC også i forskningslitteraturen har vore framstilt som lite effektiv. <sup>146</sup>I forbindelse med min forskning så har eg lese mykje kjelder både frå NEAFC og føregangskommisjonen DPK, og det har slått meg; kvifor fortsette medlemslanda med alt arbeidde i desse kommisjonane om dei var så lite effektive? Var det verkeleg så lite fruktbart som kom ut av desse? Då eg byrja å lese protokollar frå den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon slo det meg at det var mange likskapar med kjeldene i NEAFC. Var det slik at sentrale prinsipp som hadde vorte etablert i DPK og NEAFC vart vidareført og vidareutvikla i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Prinsipp som å innhenta reguleringsanbefalingar frå det internasjonale havforskningsråd ICES, historisk bruksrett til fiskeførekomstar, kyststatspreferanse, m.m. Knut Vartdal bekrefta dette og la vekt på at arbeidet i NEAFC var fundamentalt og ein føresetnad for rammeverket, sedvanar, normer i fiskerikommisjonen. Vartdal understrekar at dette låg i korta, dette kjem frå ein sentral embetsmann som var Noregs forhandlingleiar ved dei aller fleste NEAFC-møta og ein sentral aktør i fiskerikommisjonen i si tid som fiskeridirektør(1973-1978). Han påpeikar vidare at ein må hugse at Jens Evensen kjempa for politisk gjennomslag for økonomiske soner og at i forhandlingane så framhevar ein dei argumenta som ein trur vil gje best mogleg gjennomslag for si sak. I ein slik situasjon kan til dømes NEAFC verta framstilt som ineffektiv, dårleg, med fokus på dei negative aspekta, medan dei økonomiske sonene vert framstilt som løysinga på alle problema: fiskeriforvaltning, brukskollisjon, osv.

Eit viktig og grunnleggjande fordelingsmandat vart framforhandla allereie forut for den første sesjonen i kommisjonen som vart heldt i Moskva 29-30. Januar 1976.<sup>147</sup> For det første skulle den årlege framforhandla totalkvota på torsk verta fordelt likt mellom

---

<sup>146</sup> Odd Nakken et al 2008:84, Hønneland,G. 2007:12-13, Døhlie, K. H. 2007:34, Evensen, J. 1976:22-23

<sup>147</sup> Protokoll etter 2. sesjon den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon 1977: 3

Sovjetunionen og Noreg, etter at det var avsett ein mindre kvotedel til tredjeland.<sup>148</sup> For det andre skulle kvotetildelinga baserast på råd frå norske og sovjetiske havforskarar som hadde fått sitt kvalitetsstempel gjennom ICES.<sup>149</sup> Både Noreg og Sovjetunionen var samde om at torskeførekomstane skulle verta forvalta på ein berekraftig måte, etter prinsippet om Maximum Sustainable Yield (MSY). Denne forvaltingskalkuleringsmetoden inneber at biologar "tel" fisken i havet, for deretter å kalkulere naturleg fluktusjon primært som dødsprosent. Avslutningsvis reknar havforskarar seg fram til kor mykje fisk som kan verta tatt ut samstundes som bestandnivået vert opprettheldt slik at (omtrent) same uttaksnivå kan verta gjentatt året etter samt fortrinnsvis i overskødeleg framtid. Målet er at både kort- og langsiktig økonomisk vinning kan kombinerast.<sup>150</sup>Utfordring med ein slik forvaltingsmodell er at den ikkje tek høgde for ulovlege, uregistrerte og uregulerte fangstar. Ein utrekna dødsprosent på fiskeførekomstane vert rekna inn, men forutan dette tek den i liten grad omsyn til økosystems gjensidige påverknad der mellom anna naturlege fluktusjonar kan påverka størrelsen på torskebestanden. På dette grunnlag av dette vil eg hevde at MSY sin i liggande målsetnad om berekraftig utnytting av ressursane har sine svakheitlar.

Ved å bruke MSY tek forvaltarane utgangspunkt i det historikar Kristin Asdal omtalar som talteknologiar; torskeførekomstane vert omsett til kvantifiserbare einingar og ikkje minst dei vert nytta etter prinsippet om *naturens tålegrense*.<sup>151</sup> Ein av føresetnadane for å innføre økonomiske soner var prinsippet om at kyststatatens levande marine ressursar skulle verta utnytta i høve til MSY, dette innebar at kyststatane var forplikta til å utnytta dei marine levande ressursane maksimalt i høve til naturens tålegrense. Om ein kyststat ikkje har høve til dette er dei forplikta til å gjera den delen av dei marine levande ressursane tilgjengeleg, sjølvst i mot ein form for kompensasjon, til nokre av dei landa som vart rekna som dårlege stilte enten fordi dei ikkje hadde kystlinje eller fordi deira økonomiske sone var små. Av dei 160 statane som var med på forhandlingane under FNs tredje Havrettskonferanse var det 49 statar som vart rekna

---

<sup>148</sup> Tredjeland var EU, Polen, Island, Aust-Tyskland, Færøyane, Spania og Portugal.

<sup>149</sup> Protokoll etter 2. sesjon den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon 1977: 3

<sup>150</sup> Rozwadowski, H. 2002:185

<sup>151</sup> Asdal, K. 2011:216-217

for å vera slike "dårleg stilte" i høve til tilgang på marine levande ressursar i forbindelse med økonomiske soner.<sup>152</sup>

MSY innebere at dei marine levande ressursane skal verta nytt opp til deira tålegrense. Ein av grunnane til dette er moglegvis den sosio-økonomiske funksjonen fiskeførekomstar har. Torsk vert til dømes forvalta på grunn av deira verdi for menneske, og ikkje primært for at bestanden har ein eigenverdi i seg sjølv.<sup>153</sup> På grunnlag av dette vil eg påpeike at dette reflektere nokre av utfordringane i forvaltning av marine levande ressursar. Det å balansere behova til fiskerinæringa her og no i høve til kvotenivå samstundes som ein må ta høgde for at dei marine levande ressursane bør verta ivaretatt for menneskeslekta, å både syte for notid og framtid under eitt.

Den norske kysttorsken var anerkjend som ein eigen torskebestand i ICES, den oppheld seg i dei norske fjordane og fylgjer ikkje den nordaustarktiske torsken sine migrasjonsruter.<sup>154</sup> Men det paradoksale med kysttorsken er at den til forveksling er lik skreien – sjølv ikkje ein erfaren fiskar ser forskjell på den og ein nordaustarktisk torsk. Difor er kysttorsken ein såkalla papirfisk. I fangststatistikken til norsk statistisk sentralbyrå vert det til dømes ikkje skilt mellom nordaustarktisk- og kysttorsk. Da dei fell begge inn under kategorien torsk.<sup>155</sup> Murmansk torsken som dei sovjetiske styresmaktene argumenterte for, hadde derimot ikkje oppnådd status som eigen bestand i ICES, trass iherdige forsøk i frå sovjetiske forskarar i å overtyde ICES kollegaer om dette.<sup>156</sup> I denne forbindelse er det viktig å trekkje inn at i Trelandsavtalen (1973) så fekk Noreg gjennomslag for at deira kysttorskbestand skulle verta tildelt ei kvote på 40.000 tonn som skulle koma i tillegg til deira kvote på nordaustarktisk torsk.<sup>157</sup> Trass i

---

<sup>152</sup> Evensen, J. 1976:30-31

<sup>153</sup> Sosioøkonomiske forhold inneber mellom anna at ein tek sosiale, kulturelle og økonomiske omsyn i reguleringa av torskeressursane. Her spring deira verdi ut i frå den nytten menneska tillegg førekomstane.

<sup>154</sup> Forutan 2% som visstnok skal migrere med ut til Bjørnøya. Jamfør Maurstad, A. 2008:368

<sup>155</sup> SSB.no om norsk fiskeristatistikk henta ut den 9. januar. 2014.

<sup>156</sup> Hønneland, G. 2007:35 & Maurstad, A. 2008:369-371

<sup>157</sup> Fiskeridirektoratets arkiv, Bergen. I boks markert som "Ark. nr. 067. 1322 NEAFC's Årsmøter 1973, 1974, 1975, 1976 Henv. ark 067 138" I mappe NEAFC 1973 dokument tittel: "NORTH-EAST ARCTIC COD Agreed recommendations by the Delegations of Norway, the USSR and the United Kingdom":1

at Trelandsavtalen seinare vart forkasta, så var dette eit prinsipp som Noreg hadde fått gjennomslag for hos Storbritannia og Sovjetunionen som var dei to andre landa som forutan Noreg hadde størst historisk bruksrett til den nordaustarktiske torskebestanden. I tillegg til å få gjennomslag for eigen kvote på kysttorsken, så hadde Noreg fått gjennomslag for eit anna prinsipp i Trelandsavtalen, som gagna den torskeavhengige kystflåten i Nord-Noreg gjennom vedtak om: *"If one of the parties exhausts its quota its fishermen using gill nets, long lines and hand lines are permitted to continue to fish"*.<sup>158</sup> I intervjuet mitt med Knut Vartdal spurte eg han korleis Noreg kom til denne tanken og kva argument Noreg nytta. Vartdal svarte at i ein slik forhandlingssituasjon så er det viktig å koma fram til dei argument som best gagnar eins sak og forhandlingsposisjon. Det at 2/3 av fiskarane som fiska på torsk nytta passive reiskap var eit godt argument for Noregs sak fordi desse fiskarane fiska på langt større fisk enn trålarane. Kvifor var det så viktig for Noreg å argumentere for dette prinsipp?

Sidan protokollane frå sesjonane til den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon er referat så inneber det at protokollane sjeldan referere til forhandlingsprosessen forut for vedtaka. Dette kompliserer difor prosessen i å finne argumentasjonsoppbygginga til Noreg og svar på spørsmålet om kvifor dei valde å forfeakta at kystflåten skulle få fiska fritt etter at torskekvota var oppfiska.

Forvaltningssamarbeidet i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon var prega av utanrikspolitik. Trass dette vil eg hevde at Noregs forhandlingsgrunnlag stod ikkje i eit vakuum. Fiskeriforvaltning råkar i stor grad distrikts-Noreg, og kanskje spesielt i høve til den nord-norske kysten? På grunnlag av dette har eg vald å undersøkje Stortingsmelding nummer 18 frå 1977 "Langtidsplanen for norsk fiskerinæring 1977-78".<sup>159</sup> Grunnen til at denne er vald er først og fremst fordi den er utarbeida av Fiskeridepartementet, ein av dei sentrale forvaltarane av torskeførekomstane i perioden. For det andre inneheld den høyringsinnspel i frå fiskarorganisasjonar samt klare målsetnader og framstillingar av fiskerinæringa. Dette er eit dokument produsert for norsk innanriks politisk bruk, og det er langt i frå ei primærkjelde til Noregs

---

<sup>158</sup> Fiskeridirektoratets arkiv, Bergen. I boks markert som "Ark. nr. 067. 1322 NEAFC's Årsmøter 1973, 1974, 1975, 1976 Henv. ark 067 138" I mappe NEAFC 1974. Brev datert den 19.06.74 OL/LGV. *Catch and Effort Regulation*. Brev om Trelandsavtalen:1

<sup>159</sup> St. mld. nr. 18 1977:5

argument i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. På ei anna side vel eg å nytta den for å trekkje ut samtidige tendensar i høve til syn på kystbusetnaden og deira avhengigheit til fiskeri,- og då spesielt torskeførekomstane.

Fiskeridepartementet posisjonerte seg i høve til generelle overordna samfunnsmessige mål i rikspolitikken i arbeidet med langtidsplanen for fiskerinæringa. Dette var i samanheng med andre langtidsplaner og utarbeidingar gjort før og under arbeidet med denne stortingsmeldinga.<sup>160</sup> Av dei overordna samfunnsmessige måla som Fiskeridepartementet tok utgangspunkt i som del av dei fiskeripolitiske målsettingane var:

"...bosettingsmønsteret skal bevaras, at ressursgrunlaget skal vernas og at folk skal sikras trygge og gode arbeidsplasser."<sup>161</sup>

Langtidsplanen for norsk fiskerinæring la fram fleire mål for korleis fiskerinæringa skulle handtere utfordringar med overkapasitet i ulike deler av fiskeflåten, så vel som innan foredlingsindustrien på land.<sup>162</sup> Med dei tre ovannemnte måla som viktige grunnlag for fiskeripolitikken bidrog desse også til store utfordringar. Det å kunne kombinere bevaring av busetnadsmønsteret, sikra trygge arbeidsplasser og samstundes verne om ressursgrunlaget inneber motsetnadsfulle kombinasjonar. Langtidsplanen var på 136 sider, berre to sider omhandlar ressursvern.<sup>163</sup> Så kvifor var det så viktig at kystflåten skulle få fiska fritt etter at torskekvota var brukt opp?

Målsettingane om å oppretthalde busetnadsmønsteret langs Norskekysten samt at folk skal få ha sikra trygge og gode arbeidsplassar vil eg trekkja fram som to sterke argument for kvifor Noreg forfekta at kystflåten skulle få fiske sjølv etter at den totale torskekvota

---

<sup>160</sup> Fiskeridepartementet nytta fleire stortingsmeldingar i kartlegginga av dei overordna samfunnsmessige måla. Desse vart framheva i stortingsmeldinga: St. meld. nr. 50 1974-1975 ang. naturressursar og økonomisk utvikling samt St. meld. nr. 76 1976-77 om Langtidsprogrammet 1978-81. Jamfør St. mld. nr. 18 1977:77

<sup>161</sup> St. mld. nr. 18 1977:77

<sup>162</sup> St. mld. nr. 18 1977:78

<sup>163</sup> St. mld. nr. 18 1977:53-54 Dei vidare skriveria om ressursar omhandlar korleis ein kan utnytte allereie eksisterande ressursar på ein betre måte, så vel som å finna nye marine levande ressursar til å verta nytta i fiskerinæringa.

vart fiska opp. I tillegg står også desse to argumenta i ein avhengigheits-posisjon til kvarandre.

Vidare var dei statlege subsidiane som skulle sikre fiskerinæringa same inntekt nivå som vanlege industriarbeidarar. Norges Fiskarlag hadde sidan hovudavtalen anno 1964 forhandla subsidiane fram på vegne av heile næringa. Dette igjen var med på både å presse opp kvotene så vel som behovet for at kystflåten skulle få fiske etter at torskekvota var oppfiska.<sup>164</sup>

Som ovanfor har eg understreka at det i hovudsak har vore den sosio-økonomiske betydinga torskeførekomstane har, som danna grunnlaget for forvaltinga av ressursen. Innan forskning og forvalting var det ein sterk einigheit i at det var utnyttinga av småfisken som var farleg for bestanden fordi den øydela rekrutteringa til den gytemodne torsken, skreien. Kystfiskeflåten utnytta i hovudsak skreien eller loddetorsken, men ikkje dei torskeførekomstane på 0-3 år i oppveksthabitatet deira i Barentshavet. Utanlandske trålarar fiska på desse torskeførekomstane og reduserte difor rekrutteringsgrunnlaget til skreifisket. Eit betydeleg livsgrunnlag for den nord-norske kystbusetnaden<sup>165</sup> I denne forbindelse er det viktig å understreka at trass teknologisk utvikling, så bestod den nord-norske kystflåten av mindre fartøy med lite mannskap og fiskebåten var ofte i felleseige blant fiskarane. Av fiskereiskap så var passive svært utbreidd som garn, juksa og line. Kystbusetnaden stod i eit sosio-økonomisk avhengigheitsforhold til torskeførekomstane. I grunnen svært likt som i kapittel 2.<sup>166</sup> Storbritannia og Sovjetunionens fiskefartøy som utnytta torskeførekomstane hørte til havfiskeflåten og bestod av trålarar.

På grunnlag av dette vil eg dermed påstå at Noreg mest sannsynleg nytta argument om at kystfiskarflåten langs kysten av Nord-Noreg var sosio-økonomisk avhengig av torskeførekomstane og at deira utnyttingsmåte var ikkje eller lite skadeleg for torskeressursane. Vidare som fylgje av deira historiske bruksrett og Noregs

---

<sup>164</sup> Gullestad, P et. al. 2013:3

<sup>165</sup> Nakken, O. et. al. 2008:110

<sup>166</sup> Kapittel 2:27-30



kyststatspreferanse så burde desse fiskarane som nytta gamal teknologi i form av passive reiskapar få lov til å fiske også etter at kvota var fullt opp.

Murmansk torsken var ikkje godkjend som ein eigen bestand verken innan ICES eller NEAFC, men korleis kom den på banen? I intervju med tidlegare Fiskeridirektør Knut Vartdal så hevdar han at Sovjetunionen "fann" opp denne bestanden for å kunne få like stor del av den totale torskekvota som Noreg.<sup>167</sup> Innan NEAFC så vart Noreg sitt gjennomslag angående prinsippet om kvote på norsk kysttorsk vidareført, det same vart prinsippet om at fiskarar som nytta passive fiskereiskap skulle få fiske også etter at kvota var brukt opp.<sup>168</sup> I denne forbindelse så vil eg trekkje fram to av vedtaka som kom til under det 14. Årsmøte til NEAFC i 1976:

*"There shall be added to the quota for Norway 40.000 metric tons representing the estimated average annual catch of coastal cod which, for the purposes of this agreement is deemed to be a separate stock. Furthermore, for the purposes of this agreement there shall be added to the USSR quota 40.000 metric tons representing the estimated average annual catch of coastal cod including White Sea cod.*

- 1. Where a quota specified in paragraph 2 is filled before the end of 1976 the Contracting State concerned may nevertheless permit its vessels to continue to fish provided such permission is limited to fishing with gill nets, long lines or hand lines."<sup>169</sup>*

---

<sup>167</sup> Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

<sup>168</sup> Fiskeridirektoratets arkiv i Bergen. I boks markert: "Holm Fiskeriøk. avd. Ark. Nr 067.1322 NEAFC Årsmøter London 1975 Estoril Portugal 1976 Fiskeridirektoratet." North East Atlantic Fisheries Commission Report of the Thirteenth Annual Meeting May 1975 (Trykt) Office of the Commission, London NEAFC 1976 ":23-24

<sup>169</sup> Fiskeridirektoratets arkiv i Bergen. I boks markert: "Holm Fiskeriøk. avd. Ark. Nr 067.1322 NEAFC Årsmøter London 1975 Estoril Portugal 1976 Fiskeridirektoratet." North East Atlantic Fisheries Commission Report of the Fourteenth Annual Meeting July 1976 (Trykt) Office of the Commission, London 1978":136-137

Sovjetunionen hadde her fått gjennomslag for at dei også skulle få 40.000 tonn ekstra torskekvote, trass i at deira kysttorsk ikkje var anerkjend som ein eigen bestand. Det at namnet "Murmanskorsk" ikkje vert nytta i dette NEAFC dokumentet, kva representere det? Er det NEAFC som nektar å nytte termen fordi dei ikkje anerkjenner denne såkalla sovjetiske kysttorsken, samstundes som kvota vart gjeven for å få avtalen i hamn? Eller kanskje det er fordi sovjetarane ikkje har funne eit namn til denne kysttorsken sin?

Det var Noregs målsetnad å få til ei torskekvote innan NEAFC-regime for 1977, men forhandlingane braut saman under NEAFCs ekstraordinære møte i november 1976.<sup>170</sup> Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon kom, etter diplomatisk standard, raskt saman for å mellom anna forhandla seg fram til einigheit om torskekvotene for 1977. Partane møttes til kommisjonens andre sesjon i Oslo frå 21.-24. Desember, same år.<sup>171</sup>

Under forhandlingane om torskekvotane i NEAFC hadde Sovjetunionen gjeve klart uttrykk om at dei skulle ha halvparten av totalkvota, etter avsettinga til tredjeland. Knut Vartdal understrekar at dette var eit ufråvikeleg krav frå Sovjets side. Sovjetunionen hadde funne opp Murmanskorsk med det formål å få kvote på denne "bestanden" på lik linje med Noregs kysttorsk og ikkje minst lik del av den nordaustarktiske torskebestanden. I fylgje Vartdal var den norske delegasjonen fullt klar over dei urimelige aspekta i Sovjetunionens krav, samstundes understrekar han at det var ein god tone på møtet, og at Noreg ikkje var underdanig Sovjet, men samstundes innanforstått med at dei hadde med ein supermakt å gjera.<sup>172</sup> Om ein kvoteavtale ikkje kom til, så ville det vore eit nederlag for Noreg. For det første ville det vore fritt fiske, for det andre ville det vore ein dårleg start på dette bilaterale fiskeriforvaltningssamarbeidet. Skulle ein få til ein avtale om torskekvote så måtte Noreg gjera innrømmingar og gje etter for krava til Sovjetunionen og tillate at Murmanskorsk fekk kvotetilslag tilsvarande den norske kysttorsken. Ein kan ikkje undervurdere betydninga for Noreg å få til eit fruktbart samarbeide med Sovjetunionen for å kunne bevare dei migrerande marine levande ressursane som desse to partane forvalta og utnytta i sine økonomiske

---

<sup>170</sup> Havrettsminister Jens Evensen redegjørelse 1. desember 1976 Forhandlinger i Stortinget nr.107 :1691

<sup>171</sup> Protokoll for den annen sesjon i Den blandede norsk-sovjetiske fiskerikommisjon 1977:1

<sup>172</sup> Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

soner. Symbolverdien for å få til ein avtale på den største og kommersielt viktigaste fiskeressursen som torsken var i denne tida, då havretten var i omforming, må ha vore stor. <sup>173</sup> Ved å få til ein god start, kunne dette verta grunnlaget for eit fruktbart samarbeid vidare. Ved å innføre økonomiske soner var begge partane forplikta til å samarbeida om å forvalte dei ressursane som migrerte mellom deira soner. Forvalte dei på ein berekraftig måte, etter prinsippet om MSY. Dette innebar at torskeførekomstane måtte verta utnytta maksimalt i høve til deira tåleevne. Om Sovjetunionen og Noreg ikkje gjorde det, var dei forplikta ,grunna statspraksisen som låg i grunnlaget for innføringa av 200 mils økonomiske soner, å gjera overskots fisken tilgjengeleg for tredjeland. <sup>174</sup>

---

<sup>173</sup> St. prp. nr. 74 (1976-77):1

<sup>174</sup> Fortrinnsvis tredjeland som var vanskeligstilt i høve til at dei enten hadde små økonomiske soner eller var innanlands statar.

Forhandlingsresultata av torskekvoter for åra 1977 og 1978 vart som fylgjer:

**Tabell 3.2.1 Torskekvoter den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon**<sup>175</sup>

År	Kvote-anbefaling ICES nordaust-arktisk torsk	Kvote nordaust-arktisk torsk	Kvote Murmansk torsk	Kvote Norsk kysttorsk	Samanlagt kvote torsk
1977	810.000 tonn	810.000 tonn	40.000 tonn	40.000 tonn	890.000 tonn
1978	850.000 tonn (inkludert 40.000 tonn Murmansk torsk)	810.000 tonn	40.000 tonn	40.000 tonn	890.000 tonn

Den 18. Juni 1976 erklærte Fiskeribladet i Harstad på si framsida: *"Norsk syn fikk gjennombrudd på NEAFC-konferanse: Konvensjonelle redskaper ingen fare for fiskebestanden"*.<sup>176</sup> Formann i Norges Fiskarlag Johan J. Toft<sup>177</sup> erklærte i opningstalen på Nordland Fylkes Fiskarlags årsmøte; *"Vi har vunnet en skanse som vi skal stå på"*.<sup>178</sup>

Ovanfor har eg vist at Noreg fekk gjennomslag for dette synet så tidleg som i 1973, men eg tok med dette sitatet ovanfor fordi det viser betydninga Norges Fiskarlag sin formann la i det. Noregs delegasjon stod på denne skansen, og fekk den vidareført frå NEAFC og inn i det nye regimet i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon:

<sup>175</sup> **Kvote for 1977** 2. sesjon den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon 1977:3, **Kvote for 1978** 4. sesjon den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon 1977:2. **Kvoteanbefaling ICES 1977** Sak nr.61/76 datert 31.12.1976. *"Orientering om forhandlingene i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen i Oslo 20.-22.12.1976"* I Rapport Reguleringsutvalget for fisk, for året 1976. Fiskeridirektoratet. 1976. **Kvote anbefaling ICES 1978:** Sak 37/77. Datert 24.10.1977. *"1. Bestandssituasjonen for norsk-arktisk torsk"* I Rapport Reguleringsutvalget for fisk, for 1977. Fiskeridirektoratet. 1977

<sup>176</sup> Fiskeribladet Nr. 43. 31. Årgang. 18. juni. 1976:1

<sup>177</sup> Johan J. Toft var formann i Norges Fiskarlag i 17 års perioden 1967-1984.

<sup>178</sup> Fiskeribladet Nr. 43. 31. Årgang. 18. juni. 1976:1

*"Fisket i 1977 med garn, line og håndredskap kan fortsette etter at kvotene er oppfisket. Fordelingen av kvotene på redskap er et nasjonalt spørsmål".*<sup>179</sup> Same vedtak vart gjentatt og vidareført ved fjerde sesjon 1977 for det påfølgjande året.

Med dette hadde Noreg fått internasjonal aksept for at konvensjonelle reiskaper som juksa, garn og line ikkje kunne trua fiskebestander. Indirekte innebar dette at Noreg rekna trålarar som hovudtrusselen mot fiskebestandane. Berre fiske utført av trålarar kunne føre til overfiske.

Når det gjaldt det at fordelinga av kvotene skulle vera eit nasjonalt spørsmål, så var dette eit sovjetisk gjennomslag. Deira fiskeriflåte var hovudsakleg havgåande trålarar. Korleis kvotene skulle verta fordelt mellom ulike tonnasje, regionar og fartystørrelsar var difor viktig for sovjetarane at dei skulle få bestemme sjølv og at slike diskusjonar ikkje høyrte heime i kommisjonen.<sup>180</sup>

Samstundes som dei første sesjonane i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon heldt på, var dei to partane inne i forhandlingar angående korleis dei tilstøytande 200 mils økonomiske sonene skulle verta trekt opp. Dette var krevjande forhandlingar. Ikkje berre var Barentshavet eit viktig område forvaltingsmessig, men også svært tentativt i høve til den kalde krigen og sikkerheitspolitikk.<sup>181</sup> Vidare hadde Noreg og Sovjetunionen to fundamentale tolkingar av korleis grensene skulle verta trekkjast opp. Sovjetunionen forfekta sektorlinjeprinsippet som dei hadde etablert i 1926, Noreg derimot argumenterte for midtlinjeprinsippet som hadde danna grunnlaget for grensedragingar med nabolanda til grensa Nordsjøen.<sup>182</sup> Jens Evensen forfekta at ved innføring av 200 mils økonomiske soner, så ville Noreg få eit meir effektiv fiskeriforvaltingsgrunnlag mellom anna fordi ei sone kom til å gjera det lettare å regulere dei marine levande

---

<sup>179</sup> Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon 2. sesjon 1977:3

<sup>180</sup> Sak nr.61/76 *"Orientering om forhandlingene i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen i Oslo 20.-22.12.1976"* I Rapport Reguleringsutvalget for fisk, for året 1976. Fiskeridirektoratet. 1976.

<sup>181</sup> Hatlem, O. B. 1976:117-120

<sup>182</sup> Hønneland, G. 2007:25-28

ressursane samt kontrollere, registrere og sanksjonere.<sup>183</sup> Utfordringane med å få til grenseavtale med Sovjetunionen kompliserte dette bilete. Noreg og Sovjetunionen inngjekk den såkalla "gråsonavtalen" 11. januar 1978.<sup>184</sup>

**Kart 3.2.2 Kart over dei ulike soner som kom til i forbindelse med Noregs innføring av 200 mils økonomiske soner og påfølgjande forhandlingar med til grensa nabostatars økonomiske soner.**



Ved innføring av økonomiske soner fekk Noreg enorme områder å halda oppsyn med, i denne forbindelse vart også Kystvakta oppretta i 1977 og lagt inn under Sjøforsvaret. Grunna gråsonavtalen tilla dei omstridte områdene "Smuttthullet" og "Gråsonen" større utfordringar for både Noreg og Sovjetunionen. Da begge landa måtte samarbeida om å

<sup>183</sup> Evensen, J. 1976:22-23,42.


<sup>184</sup> Store norske leksikon om gråsonavtalen. Henta ut 30.04.2014

<sup>185</sup> Jacobsen, Kirsti Lothe. *Norges rettigheter i polarområdene*. Utgjeven i forbindelse med Utstilling 2007-II om polarområda ved det juridiske fakultet Universitetet i Bergen. Henta ut den 22.04.2014 frå: <http://www.ub.uib.no/avdeling/jur/arkiv/polar.htm>

halde oversyn over fiskefartøya. I den forbindelse hadde Noreg og Sovjetunionen omfattande vedtak om gjensidig utlevering av informasjon om mellom anna avtalar med tredjeland, utanlandske fartøy, fangstar samt kontrollering og sanksjonering.<sup>186</sup>

### 3.3 Verknadshistorie: overkapasitet og overfiske?

Figur 3.3.1 Noregs torskekvoter- og fangster 1977-1990



Fangsttala er henta frå Statistisk Sentralbyrå sin NOS fiskeristatistikk. Denne fangststatistikken omfattar berre fangst som er levert av norske fartøy. Tala er i rund vekt; -0 kan vera 0,0 eller mindre enn 0.5 av den brukte eininga.<sup>187</sup>

Kvotetala er henta frå den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon sine protokollar og gjeld samanlagt kvoter beståande av både nordaustarktisk torsk og kysttorsk. I fangststatistikken vert ikkje det skilt mellom desse to torskebestandane, difor er kvotetala slått saman i dette diagrammet. I perioden 1977-1990 var den årlege

<sup>186</sup> St. prp. nr. 70 (1977-78): 1-8

<sup>187</sup> SSB.no NOS fiskeristatistikk henta ut den 9. Januar. 2014.

kysttorsk-kvota alltid på 40.000 tonn. <sup>188</sup> Eventuelle kvotebytter mellom Noreg og Sovjetunionen samt tredjeland er ikkje justert i høve til kvotene i kvotestatistikken.<sup>189</sup>

I dette diagrammet kjem det tydeleg fram at det innan norsk fiske på torsk så skjedde det til tider omfattande overfiske. Dei to toppåra i overfiske er 1981 og 1982. Begge desse åra låg kvotene på 150. 000 tonn torsk, medan dei innrapporterte fangstane var på 338 882 tonn (1981) og 344 431 tonn (1982). Over dobbelt opp av kvota vart fiska av norske fiskarar desse to åra. Utan å gå inn på for mykje av drøftingar i neste kapittel så er det viktig å understreke at kystflåten som nytta passive fiskereiskap ikkje vart underlagt eit fast og regulert kvotesystem før i år 1990. Samstundes var trålarane underlagt kvoter og desse hadde ikkje registrert fiske over sine kvoter. <sup>190</sup>Dermed var det kystflåten som hadde utført dette omfattande overfiske.

---


<sup>188</sup> Alle sesjonane oppført under er protokoller frå den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Jamfør: 2.sesjon 1977:3, 4. sesjon 1977:2, 7. sesjon 1978:4, 8. sesjon 1979:4, 9. sesjon 1980:3, 10. sesjon 1981:3, 11. sesjon 1982:3, 12. sesjon 1983:4, 13. sesjon 1984:4, 14. sesjon 1985:3, 15. sesjon 1986:3, 16. sesjon 1987:3, 17. sesjon 1988:3 og 18. sesjon 1989:3.

<sup>189</sup> For tal angående kvotebytte av torsk frå Sovjetunionen til Noreg sjå Hønneland, G. 2007:102-103

<sup>190</sup> Holm, P. et. al. Upublisert manus. 2014:3



Figur 3.3.2 *Subsidier fiske og fangst i millionar kroner 1977-1990*



SSB: Nasjonalregnskapsstatistikk<sup>191</sup>

Samstundes som torskeførekommestane vart utnytta over det nivået havforskarane anbefalte som forsvarleg i høve til MSY, så gav staten ut betydeleg summar i statsstøtte. Eg vil hevde at dette var med på å underbygge overkapasitet i mellom anna kystflåten. Statsstøtta vart tildelt ut i frå prinsippet om at fiskarane skulle ha same lønsnivå som ein industriarbeidar. Dette var tufta på Hovudavtalen av 1964 og Norges Fiskarlag representerte heile fiskerinæringa i dei årlege forhandlingane med staten.<sup>192</sup>

### 3.4 Avslutning

Noreg fekk gjennomslag for at dei som nytta passive fiskereiskap skulle få fortsetje til å fiska fritt. Den opne allmenningen vart difor ikkje lukka for kystflåten. Samstundes så kunne ein som fiskar få statsstøtte om det hadde vore eit dårleg fiske. Legg ein også til det faktum at kystflåten vart modernisert og som difor kunne ta langt større fangstar enn tidlegare. Ein konsekvens til dette kan vera ei kystflåte som overfiskar samstundes

<sup>191</sup> **Tala frå 1982-1990** er henta frå: Statistisk sentralbyrå. *Nasjonalregnskapsstatistikk 1991*. Utgitt 1993:138-139, **Tala frå 1977-1981** er henta frå: Statistisk sentralbyrå. *Nasjonalregnskapsstatistikk 1989*. Utgitt 1989:162

<sup>192</sup> Holm, P. et. al. Upublisert manus 2014:18

som den får statsstøtte, og dette igjen kan føre til overkapasitet i flåten. Ein vond sirkel som det kan vera svært vanskeleg å koma ut av. Dette gjekk i mot det bilete som var etablert: trålarer overfiska rekrutteringsgrunnlaget til Skreien, medan kystflåten fiska med passive reiskaper slik dei har gjort sidan uminnelege tider og kunne difor ikkje føre til overfiske.<sup>193</sup> Korleis kom dette til å gå for kystflåten og torskeførekomstane?

---

<sup>193</sup> Holm, P. et. al. Upublisert manus 2014:4

#### 4.Fiskerispørsmåla i EØS-forhandlingane (1989-1994)

##### - Korleis argumenterte Noreg for fiskeførekomstane og då spesielt torsken?

Kva var hovudstridstema når det gjaldt fiskerispørsmåla i forbindelse med EØS-forhandlingane mellom Noreg og EF? Korleis argumenterte Noreg for fiskeressursane og då spesielt torskeførekomstane under EØS-forhandlingane? Det er tema for dette kapitlet.

Da EØS-forhandlingane til dels i stor grad gjekk føre seg på tekniske nivå, så vart alle fiskeslaga ofte tatt under ein kam. Samstundes er torskeførekomstane på denne tida, trass torskekrise, den største bestanden Noreg forvaltar både økonomisk og i størrelsesomfang. Da det er vanskeleg å til tider trekkje ut argumenter for torskeførekomstane så er difor hovudfokuset på korleis Noreg forfeikta fiskeressursane i samband med forhandlingane om EØS-avtalen. Desse spørsmåla dannar difor grunnlaget for diskusjonen og dermed avsluttinga for denne masteroppgåva. Sidan fokuset er på fiskerispørsmåla i dei europeiske økonomiske samarbeidsavtale-forhandlingane skal tidsavgrensinga strekkje seg frå januar 1989 ved Det Europeiske Felleskapskommisjonens leiar Jacques Delors tale i Europarlamentet som leia fram til forhandlingar mellom det Europeiske frihandelsforbundet (EFTA) og EF til EØS-avtalen vart verksett 1. Januar 1994.

Innleiingsvis skal den politiske samanhengen rundt avgjersla av at det EFTA der Noreg var medlem og EF valde å inngå forhandlingar om EØS-avtalen drøftast. Dette skal hovudsakleg diskuterast ut i frå eit norsk perspektiv der to sentrale fiskerinæringsmessige- og politiske punkt skal undersøkast. Deretter skal utviklinga i forhandlingane drøftast; kva var hovudstridstema? Forandra det norske standpunkt i høve til fiskerispørsmåla seg ved regjeringsskifte frå den borgelege Syse-regjeringa til Brundtlands mindretalsregjering? Måtte Noreg inngå store kompromiss på fiskefronten for å få ein EØS-avtale i hamn? Avslutningsvis kjem ein konklusjon.

#### 4.1 Dei politiske grunnsteinane for ein EØS-avtale vert lagt

Då EFTA vart oppretta i 1960 var det som ein motpol til Det europeiske økonomiske fellesskap (EEC) som hadde vorte til etter Romatraktaten av 1957. I 1989 var det berre seks medlemsland igjen: Austerrike, Finland, Island, Noreg, Sveits og Sverige. I denne forbindelse er det viktig å ta med at Liechtenstein vart tatt opp som medlem i EFTA undervegs i EØS-prosessen, i 1991.<sup>194</sup> Trass i at EFTA i 1984 hadde kome til ein samarbeidsavtale med EF om fri handel av industrivarer begge organisasjonane sine nitten medlemsland seg i mellom, så var EFTA-landa urolege for at EF var i ferd med å sigle frå dei.<sup>195</sup> Ein av grunnane til EFTA-landas uro var EF si såkalla "hvitbok" som innebar konkrete planar for ei gjennomføring av ein indre marknad der det som seinare skulle verta kjent som EF sine fire fridomar stod sentralt. Her skulle det vera fri flyt av kapital, tenester, personar og varer. Målet var at denne indre marknad skulle verksetjast 1. Januar 1993.<sup>196</sup> Gro Harlem Brundtland skriver i biografen sin at ho og Arbeidarpartiet var opptatt av å få til *"en tryggere og mer omfattende samarbeidsavtale i lys av EFs egen prosess med det indre marked, en avtale som kunne ha varighet..."*<sup>197</sup> Brundtland skal ha diskutert dette allereie med EF-kommisjonens leiar Jacques Delors då han var på offisielt besøk i Noreg september 1986, og ho understrekar at Delors delte hennar ovanfor siterte visjon, samt at både dei og stabane deira heldt kontakten i åra som fylgde. I denne forbindelse er det verdt å trekkje fram det faktum at historikaren Rolf Tamnes visar til Brundtlands gode diplomatiske band både til franske Jacques Delors, men også til Vest-Tysklands forbundskanslar Helmut Kohl.<sup>198</sup>

I forbindelse med at Arbeidarpartiet, med Brundtland i spissen, søkte eit meir proaktivt samarbeid med EF, la regjeringa Brundtland II fram den såkalla Europameldinga i mai 1987.<sup>199</sup> Denne diskuterte hovudsakleg korleis Noreg kunne tilnærma seg Europas politikk, og då spesielt EF. I fylgje Tamnes var det svært viktig å unngå debatt om eit eventuelt medlemskap, da dette var tabu som ein fylgje av EF-striden og Nei-sidas siger

---

<sup>194</sup> EFTA om EFTA sin historie. Henta ut den 20.02.2014.

<sup>195</sup> NOU 2012:2:321

<sup>196</sup> Tamnes, R. 1997:221

<sup>197</sup> Brundtland, Harlem.G. "Dramatiske år 1986-1996". 1997:165

<sup>198</sup> Tamnes, R. 1997:229

<sup>199</sup> NOU 2012:2:49-50

ved folkeavstemminga i 1972.<sup>200</sup> Det var særleg uro rundt fiskerispørsmåla. Dåverande fiskeriminister Knut Hoem gjekk i januar 1972 av som statsråd i protest mot fordi han ikkje kunne stille seg bak den fiskeriavtalen Noreg hadde forhandla fram med EF.<sup>201</sup> Brundtland understrekar at det på denne tid ikkje var snakk om medlemskap, men ein tilpassing til EF, spesielt i høve til utviklinga av Fellesskapets indre marknad.

Etter at Stortinget i 1988 hadde godkjend Stortingsmeldinga om Europapolitikken, byrja eit tilpassingsarbeid.<sup>202</sup> Statsministerens kontor sendte den 13. Juni 1988 eit brev om at departementa skulle gjennomgå Noregs lov- og regelverk med det mål for auge å harmonisera dei til EF sine reguleringar; *acquis communautaire*.<sup>203</sup> I brevet stod det eit viktig unntak: *"Den nye ordningen skal ikke forhindre at en fra norsk side utformer nye lover og forskrifter som avviker fra EFs regelverk, dersom helhetsvurderingen tilsier det."*

204

I denne samanheng er det viktig å understreke at Noreg, forutan ovannemnte avtale mellom EFTA og EF 1984, hadde fleire samarbeidsavtalar med EF. I den forbindelse er det særleg to type avtalar eg vil trekkje fram. For det første handelsavtalen anno 1973 som kom i stand etter det norske folks "nei" til EF-medlemskap. Denne var av statisk karakter og den største vinnaren skal ha vore norsk industri, da desse i stor grad fekk tollfri marknadstilgang til EF-landa.<sup>205</sup> Når det gjaldt fisk var det ei rekkje handelshindringar som ikkje vart brote ned ved desse avtalane anno 1973. Vidare vart tollene auka i høve dei tidlegare EFTA-landa Danmark og Noreg som nettopp hadde trede inn i Fellesskapet. Utan å gå for mykje i detalj kan ein seie på generell basis at tilverka fisk hadde høgare toll enn utilverka fisk.<sup>206</sup>

Den andre type samarbeidsavtale mellom Noreg og EF eg vil trekkje fram, angår fiskeriforvaltning av felles marine levande ressursar. I forbindelse med Noregs innføring av 200 mils økonomiske soner 1. Januar 1977 (jamfør kapittel 3) byrja eit

---

<sup>200</sup> Tamnes, R. 1997:225-226

<sup>201</sup> Christensen, P. 1993:23ff

<sup>202</sup> Tamnes, R. 1997:226

<sup>203</sup> NOU 2012:2:50

<sup>204</sup> Sitat henta frå: Brundtland, Harlem.G. "Dramatiske år 1986-1996". 1997:166

<sup>205</sup> NOU 2012 nr. 2:47

<sup>206</sup> Tamnes, R. 1997:182

forvaltningssamarbeid mellom Noreg og EF angående dei marine levande ressursane som migrerte mellom Noregs sone og EF sitt felles fiskehav. Eit tilsvarande forvaltningssamarbeid eksisterer den dag i dag. Avtalen kom til på grunnlag av partane sin plikt til å samarbeida om å verna og utnytta marine levande ressursar som migrerte mellom ulike forvaltingsområder. Dette skulle gjerast i forhold til prinsippet om økonomiske soner, som hadde vorte framforhandla under det pågåande arbeidet til FNs tredje Havrettskonferanse. Denne rammeavtalen opna mellom anna for gjensidig kvotebytte og moglegheit for å forhandle fram avtalar om gjensidig fiske i kvarandre sine forvaltingsområder. Grunna indre stridigheiter i EF vart denne fiskeriatvanten først undertekna i 1980 trass at den *de facto* hadde vore grunnlag for årlege multilaterale forhandlingar partane seg i mellom sidan 1977.<sup>207</sup>

Tilbake til 1988 og regjeringa-Brundtland sitt arbeid med å tilpasse seg EF med mål om eit tettare framtidig samarbeid, så skulle Noreg overta den rullerande formannskapsposten i januar 1989. I den forbindelse valde Brundtland å sikre seg eit møte med alle statsleiarane i EFTA i Oslo mars 1989, for at dei kunne samtala om målsetjingar og strategi i høve til å få til ein nærare samarbeidsavtale med EF og deira indre marknad.<sup>208</sup> Den 17. januar 1989 talte EF-kommisjonens leiar til Europaparlamentet og la fram forslag om eit utvida samarbeid med EFTA på grunnlag av felles juridiske og administrative institusjonar, med den hensikt å utvida samarbeidet vedrørande finansielle, økonomiske, kulturelle og sosiale områder.<sup>209</sup> Dermed kom Delors på den eine sida med ein utfordring, og på den andre sida med ei utstrakt hand til EFTA angående moglegheita for eit framtidig utvida samarbeid. Om dette var planlagt spel mellom enkelte medlemsland i EFTA og Jacques Delors, veit ein ikkje, men Rolf Tamnes framhev at Brundtland vart ikkje berre informert, men også konsultert om planen, før den vart lagt fram av Delors.<sup>210</sup> Faktum var at dette utspelet kom i grevens tid og var ein perfekt innleiing for samtalanane mellom EFTA-landas statsleiarar i Oslo 14.-

---

<sup>207</sup> NOU 2012:2: 671, forhandlingane om kvoter byrja i 1976, men var for året 1977, difor vel eg å skrive at avtalen gjaldt frå 1977 sjølv om forhandlingsgrunnlaget kom til før.

<sup>208</sup> Brundtland, Harlem.G. "Dramatiske år 1986-1996". 1997:165

<sup>209</sup> NOU 2012:2:51 & Brundtland, Harlem.G. "Dramatiske år 1986-1996". 1997:168

<sup>210</sup> Tamnes, R. 1997: 230

15. mars 1989 der Delors utspel vart ynskt velkomen.<sup>211</sup> Gro Harlem Brundtland nyansere dette likevel med at Sveits var særlig skeptisk og at det var diplomatiske utfordringar, men at etter fleire forhandlingsrundar så hadde EFTA sine regjeringsjefar lagt ein god plattform for vidare drøftingar. For det første vart dei einige av at EFTA-landa skulle stå saman med ein samla front i forhandlingane med EF, noko som innebar at EFTA difor internt skulle drøfte seg fram til eit felles forhandlingsgrunnlag. For det andre fekk Noreg og Island gjennomslag for fri handel av fisk i EFTA-området.<sup>212</sup> Her er det viktig å trekkje fram at i 1985 gjekk 51,2% av den samla eksporten frå EFTA-landa til EF, dette var ein av grunnane til at eit nærmare tilknytning til EF var å ettertrakte.<sup>213</sup> Tidleg på 1990-talet gjekk om lag 75 prosent av norsk eksport til EF og EFTA-landa der petroleum og fisk hadde dei klart største eksportdelane. All gasseksport og 2/3 av oljeeksporten gjekk til EF-land, medan på fiskerifronten kjøpte EF på årleg basis om lag 70 prosent av norsk eksportert fisk og fiskeprodukt.<sup>214</sup> Tida kom til å vise at nettopp fiskerispørsmåla kom til å verta eit vanskeleg forhandlingstema både innan EFTA, og særleg i møte med EF som hadde sine eigne interne fiskerimessige utfordringar.

Etter EFTA-regjeringsjefanes møte, vart det verksett eit betydeleg konsolideringsarbeid innan frihandelsorganisasjonen.<sup>215</sup> Brundtland-regjeringa med statsministaren i spissen kom også i gang med liknande sonderingar i forhold til andre lands posisjonar samt ved å innhente sakkyndige rapportar frå departement og direktorat. I denne samanheng er det av betydning å trekkje fram at det var Stortingsvalår.

I juni 1989 forhandla dei tre borgarlege partia Høgre, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet fram 22 punkter som dei gjekk til val på, med den målsetjing av å kunne danna regjering ved eit borgarleg fleirtal. Framstegspartiet vart utelatt frå desse forhandlingane. Stortingsvalet 10. og 11. september 1989 førte til borgarleg fleirtal, og mogleggjorde at Høgre, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet kunne danna ei mindretalsregjering med til saman 37,2 prosentpoeng av stemmene og 62 av dei 165

---

<sup>211</sup> Tamnes, R. 1997:230-231, Brundtland, Harlem.G. "Dramatiske år 1986-1996". 1997:168

<sup>212</sup> Brundtland, Harlem.G. "Dramatiske år 1986-1996". 1997:170-171

<sup>213</sup> NOU 2012:2:48

<sup>214</sup> NOU 2012:2:60 & Norges Fiskarlags Beretning 1992 og 1993:45

<sup>215</sup> NOU 2012:2:52

stortingsrepresentantane.<sup>216</sup> FrP vart ståandes utanfor det borgarlege gode selskap med sine 13 prosentpoeng og 22 stortingsrepresentantar. Difor vart Syse-regjeringa ei mindretalsregjering på Stortinget. Trass at FrP ikkje fekk påverka regjeringas politiske plattform, stod likavel Syse-regjeringa samstundes i eit avhengigheitsforhold til Carl. I. Hagen sitt parti og trong deira støtte i enkeltsaker for å oppnå fleirtal på Stortinget.<sup>217</sup>

### **Lysebu-erklæringa**

Lysebu-erklæringa vart offentleggjort 4. Oktober 1989 etter om lag tre veker med forhandlingar mellom Høgre, KrF og SP. I denne samanheng skal eg fokusera på erklæringas politiske målsetjingar når det gjaldt fiskerinæringa og EF-EFTA forhandlingane.

Når det gjaldt fiskerinæringa var det viktig at ein for det første skulle bidra til å oppretthalde busetnaden langs kysten, for det andre at ein skulle byggje opp fleire viktige fiskebestandar, ved at dette arbeidet skulle verta tufta på forsvarleg ressursforvaltning. For det tredje var det viktig at næringa skulle verta meir marknadstilpassa dei internasjonale avsetnadsområda samstundes som den skulle verta meir uavhengig av statsstøtte.<sup>218</sup> Den framtidige Syse-regjeringa sine politiske målsetjingar bar dermed preg av å vera framforhandla i ei tid der viktige fiskebestandar som lodde, norsk vårgytande sild og nordaustarktisk torsk var i ferd med å restituere seg. Samstundes som ein politisk sett såg behovet for å trappe ned statsstøtta for heller å opne opp marknadstilgangar for auka fiskerinæringas inntekter slik at dei kunne verta meir sjølververva, marknadstilpassa og etterkvart stå på egne bein. Slik kunne næringa vera med å sikra busetnadsmønsteret langs Norskekysten.

Lysebu-erklæringa sine målsetjingar angående tilpassinga til EF sin indre marknad var bygd på fleire føresetnadar. For det første skulle den framtidige Syse-regjeringa basera seg på Stortingets og den føregåande Brundtland-regjeringa sitt arbeid med tilpassinga til EF sin indre marknad og at det framtidige arbeidet med dette skulle skje "*...i nært*

---

<sup>216</sup> NOS Stortingsvalget 1989: 12 & Thomassen, P. 1991:56

<sup>217</sup> Thomassen, P. 1991:62-64

<sup>218</sup> Lysebu-erklæringa 04.10.1989:11



*samråd med Stortinget.*"<sup>219</sup> Vidare så skulle regjeringa aktivt arbeida for å bidra til samsvarlege haldningar frå EFTA si side, som igjen skulle vera tufta på erklæringa regjeringsleiarane i EFTA ga på Oslo-møte 14-15. mars 1989. Det var særleg viktig for Syse-regjeringa at dei proaktivt skulle setja ein stoppar for potensielle nye handelshindringar som kunne oppstå mellom Noreg og EF. Til slutt vil eg framheva kor viktig det var å understreke Noregs dåverande posisjonsforhold til EF: *"Regjeringen må basere sitt forhold til EF og tilpassningspolitikken til EF's indre marked på at Norge ikke er medlem av EF."*<sup>220</sup>

I denne sammenhengen vil eg trekkje fram lesarinnlegget til Jan P. Syse i Aftenposten den 2. mars 1989, altså omtrent eit halvår før Lysebu-erklæringa. Her kritiserte Syse Arbeidarpartiet og Brundtland sine planar om EF-tilpassing innan ramma av EFTA:

*"Er det sannsynlig at Norge vil kunne ivareta sine totale interesser i Europa innenfor et overnasjonalt samarbeide i EFTA?...Det er ingen tvil om hvor det politiske initiativ og tyngdepunkt vil ligge. EFTA må regne med å arbeide på EFs premisser."*<sup>221</sup>

For Syse og Høgre var det berre eit alternativ for ein norsk EF tilpassing: Noreg som fullt medlem i EF.<sup>222</sup>

Eit halvt år seinare, i eit borgarleg regjeringssamarbeid, hadde Høgre ikkje berre gått med på, men også forfekta at deira regjering skulle arbeide for å få til ein god EØS-avtale. Dette innebar ikkje at Høgre veik frå si programfesting i 1988 om at Noreg skulle søkje medlemsskap i EF. Ein kan heller hevde at EØS vart sett på som ein uunngåeleg veg til Høgres mål om fullt medlemsskap i EF.

Syse-regjeringa tiltredde den 16. Oktober 1989, og forutan Høgres Jan P. Syse som statsminister, er det i denne sammenhengen særleg viktig å trekkje fram Utanriksminister

---

<sup>219</sup> Lysebu-erklæringa 04.10.1989:30

<sup>220</sup> Lysebu-erklæringa 04.10.1989:29

<sup>221</sup> Jan P. Syse lesarinnlegg Aftenposten Morgen. 02.03.1989:2

<sup>222</sup> Jan P. Syse lesarinnlegg Aftenposten Morgen. 02.03.1989:2

Kjell Magne Bondevik (KrF), Handelsminister Kaci Kullmann Five (Høyre) og ikkje minst Fiskeriminister Svein Munkejord (Høyre).<sup>223</sup>

#### 4.2 Samanfall av to fiskerimessige omveltingar

I forbindelse med EØS-forhandlingane er det to samanhengar som eg hevdar er viktig å ta med for å belyse fiskerinæringsmessige og fiskeripolitiske omveltingar. I det føregåande kapitlet drøfta eg mellom anna korleis Noreg fekk gjennomslag for at fiskarar som nytta passive reiskap fortsatt kunne fiske etter at kvota vart fullt opp. Den 18. April 1989 erklærte fiskeriminister Bjarne Mørk Edem at torskekvota var oppfiska og med dette stengde han fisket for resten av året. Havforskningsinstituttet hadde feilrekna bestandestimatet og torskeførekomstane var mindre enn tidlegare førespeglar. Difor måtte slike kraftige tiltak iverksetjast. Året etter innførte fiskerimyndigheitene i samarbeid med Norges Fiskarlag fartøykvoter. Desse vart fordelt på to grupper basert på ein kombinasjon av fangsthistorikk frå 1987-1989, fartøylengde og til dels regionale omsyn i høve til fiskeriavhengigheit. <sup>224</sup>Anno 1990 var det om lag 3500 fiskebåtar innanfor gruppe 1 og ca. 2900 fiskebåtar i gruppe 2. Kvotemessig var gruppe 1 den klare vinnaren, da dei dette året vart tildelt 73% av kystflåtens torskekvoter.<sup>225</sup> Fangstleddet i kystflåten gjennomgjekk dermed store omveltingar; for det første vart den opne allmenningen for alvor stengd for denne fangstgruppa, for det andre var det krisetider i ressurstilgang, som for det tredje førte til økonomiske nedgangstider for den torskeavhengige hav- og kystflåten.

Den andre store omveltinga skjedde innan fiskeripolitikken og kom til å få store konsekvensar, særleg for den torskeavhengige kystflåten nord for 62 breiddegrader. Denne delen av fiskerinæringa hadde sidan hovudavtalen anno 1964, inngått mellom fiskerinæringas representant Norges Fiskarlag og Staten, motteke årlege subsidier for å sikra at fiskarane skulle halde same inntektsnivå som andre næringar. Moxnes-utvalet vart nedsett i 1987 og fekk i oppdrag å drøfte rammevilkåra på store delar av fiskerinæringa i alt frå fangstledd, foredling, eksport, korporative lag med særleg fokus

---

<sup>223</sup> Tamnes, R. 1997:232 & Kollé, N. 2003:149

<sup>224</sup> Dette gjaldt særleg der kystbusetnaden var spesielt avhengig av torskeforekomstane.

<sup>225</sup> Christensen, P. & Hallenstvedt, A. 2005: 274-275

på reguleringar som råka desse. Den første delutgreiinga kom i november 1989 og den andre i juni 1990. Dei alle fleste tilrådingane til Moxnes-utvalet vart i ettertid vedtatt av Stortinget, dette førte i stor grad til omstrukturer og rasjonalisering av fiskerinæringa med målsetjing om auka marknadstilpassing.<sup>226</sup> Ein av dei direkte konsekvensane vart ein politisk visjon om nedtrapping av statsstøtta som fiskerinæringa hadde hatt sidan før Hovudavtalen av 1964. Dette må sjåast i samanheng med at Noreg var i ferd med å marknadstilpasse seg ikkje berre til Europa, men også på globalt nivå. Begge dei største norske partia Høgre og Arbeidarpartiet søkte aktivt, om enn med ulike målsetjingar og verkemiddel, for at Noreg skulle verta meir konkurransetilpassa. Samstundes kjempa dei for at høge tollmurar både her heime og ute i verda skulle ned, både for at internasjonal handel skulle møte færre hindringar, men også for å leggje til rette for meir flyt av varer, tenester og kapital på tvers av landegrensene. Innan EF sitt regelverk var det regler for å hindre konkurranssevridande statsstøtte fordi dette gjekk i mot EF sine fire fridomar. Internt hadde Noreg kome fram til at fiskerinæringa burde omstrukturast og marknadstilpassast. I tillegg kom det påtrykk frå EF om at enkelte typar statsstøtte måtte vekk for at Noreg og EF kunne samarbeida.<sup>227</sup> EF hadde sjølv eit Cohesian-fond som vart nytta i hjelp til dei mindre privilegerte landa og regionane innan EF. Her var det strenge reguleringar på kva type støtte som kunne verta gjeven. Ein generell regel var at den ikkje skulle vera konkurranssevridande i den grad at den kunne gje fortrinn foran andre aktørar.<sup>228</sup>

Torskekrisa og den påfølgjande innføringa av fartøykvoter som ressursbevarande tiltak førte til sosio-økonomiske krisetider for den delen av fiskerinæringa som var sterkt avhengig av torskeførekommstane. Dette skjedde samstundes som ein evaluering og nedtrapping av dei årlege statlege subsidiane var i gang.

---

<sup>226</sup> NOU 1990:24:1-4 & Kolle, N. 2003:156

<sup>227</sup> NOU 2012:2:384-388

<sup>228</sup> NOU 2012:2:763-764

### 4.3 Syse-regjeringa sitt standpunkt angående fiskerispørsmåla

Den ovannemnte kartleggingsprosessen innan EFTA fortsette hausten 1989. Den 1. desember same år tildelte Stortinget Syse-regjeringa mandat til å inngå forhandlingar gjennom EFTA, for å forhandla med EF om eit vidtgåande samarbeid, samt tilpassing til EFs indre marknad.<sup>229</sup>

Seinare same månad var det eit betydingsfullt Utanriksministermøte mellom EF og EFTA der det vart semje om at forhandlingar vedrørande å skapa Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, kunne starta på offisielt nivå. Dermed gjekk ein frå førebuande sonderingar, til ein offentleg politisk einigheit om at det skulle innleiast formelle forhandlingar. På dette møtet fekk EF, som hadde økonomisk og politisk størst tyngde av dei to partar, gjennomslag for at EFs regelverk; *acquis communautaire* skulle danne det juridiske grunnlaget for forhandlingane. EØS-avtalen skulle dermed basera seg på at EFTA-landa einsidig skulle tilpassa seg EF for å få tal del i Fellesskapets indre marknad og fri rørsle av varer, tenester, kapital og personar. Samstundes så er det viktig å understreke at erklæringa på Utanriksministermøtet opna for framtidig moglegheit til å framforhandla unntak og overgangsordningar.<sup>230</sup>

I februar 1990 oppnemnte Syse-regjeringa Noregs forhandlingsdelegasjon for EØS-avtalen. Den bestod av framtrédande embetsmenn og diplomatar frå mellom anna Finansdepartementet og Utanriksdepartementet. Eivinn Berg<sup>231</sup> som hadde vore EF-ambassadør i Brussel sidan 1. januar 1989 vart tildelt posten som forhandlingsleiar, og

---

<sup>229</sup> NOU 2012:2:52

<sup>230</sup> NOU 2012:2:52

<sup>231</sup> Eivinn Berg: Ambassadør ved Noregs delegasjon til EF 1988–96 samt forhandlingsleiar ved EØS forhandlingane 1989–92. Jamfør [http://snl.no/Eivinn\\_Berg](http://snl.no/Eivinn_Berg)  
Henta ut den 08.05.2014

elles bestod den av Knut Almeland, Einar Bull<sup>232</sup>, Per Ludvig Magnus<sup>233</sup>, Erik Selmer og Amund Utne<sup>234, 235</sup>

Korleis posisjonerte Syse-regjeringa og Fiskeriminister Svein Munkejord seg i høve til fiskerispørsmåla i dei nærliggande EFTA-forhandlingane med EF om EØS-avtalen?

Her er det sjølvsagt svært sentralt å trekke fram spørsmålet om korleis politiske målsetjingar kjem til. I samanheng med fiskerispørsmåla, så vil eg understreka betydinga av tidlegare forhandlingar, samt inngåtte avtalar mellom Noreg og EF der Høyringsinstitusjonen i form av myndigheitene sin aktive innsamling av sakkyndige rapportar, lag, organisasjonar og privatpersonar sine høyringsinnspel er inkludert. Saman møtte ulike forhandlingsutgangspunkt som i større og mindre grad gjensidig påverka kvarandre. Så når eg her leitar etter kva standpunkt Syse-regjeringa tok i fiskerispørsmåla for Noreg i forbindelse med EØS-forhandlingane, så betyr det ikkje at eg verken utelet offentlege departements, Stortinget, Høyringsinstitusjonens og tidlegare forhandlingars påverknad på dette standpunkt. Derimot avgrensar eg fokuset til å gjelde Syse-regjeringa, rett og slett for å kunne syntetisere meg fram til nokre hovudtrekk i deira posisjonering.

I forbindelse med statsminister Syse sitt møte med kommisjonen i januar 1990, vart det sendt eit brev frå Fiskeridepartementet til Statsministerens kontor om kva Noregs fiskerimessige plan var.

*"Målsettingen er full frihandel for fisk i EØS. Norge bør gå inn for prinsippet om en balansert EF/EFTA-avtale. Norge bør motsette seg enhver kopling av markedsadgang for fisk og adgang til fiskeressursene."*<sup>236</sup>

---

<sup>232</sup> Ekspedisjonssjef UD med spesielt ansvar for EØS-saken 1991-1994. Jamfør [http://snl.no/Einar M. Bull](http://snl.no/Einar_M._Bull) Henta ut den 08.05.2014

<sup>233</sup> Per Ludvig Magnus norsk diplomat: Underdirektør i Utanriksdepartementet 1990-91 deretter Ekspedisjonssjef i Utanriksdepartementet samt leier av utanriksøkonomisk avdeling 1992-96. Jamfør [http://snl.no/Per Ludvig Magnus](http://snl.no/Per_Ludvig_Magnus) Henta ut den 08.05.2014

<sup>234</sup> Amund Utne ekspedisjonssjef Finansdepartementet. Jamfør Dagens Næringsliv Morgen 23.10.1991:18

<sup>235</sup> NOU 2012:2:53

<sup>236</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK I mappe datert: 1.1.88-31.3.90. Dato: 23.01.90. Kopi av telefax fra Fiskeridepartementet til statsministerens kontor.

I dette høve har eg ikkje funne fram til kva for kommisjon Syse skulle ha møte med, men det kjem tydeleg fram i brevet at det var ei utanrikssak som omhandla EF og EFTA. Kanskje det var med EF-kommisjonen, eller innan EFTA? Uansett kjem det fleire essensielle punkt fram i dette skrivet om Noregs målsetjing i høve til EØS-avtalen. Som i Lysebu-erklæringa kjem det tydeleg fram betydinga av at EFTA stilte i ein samla front i forhandlingane med EF. Når det gjeld fiskerispørsmåla, så eksisterte det derimot allereie ein ubalanse. EF hadde lågare tollsatsar på fisk frå Island enn Noreg, fordi sagaøya vart rekna for å vera meir fiskeriavhengig av Noreg. Det var nemlig ein etablert førestilling i EF at fiskeriavhengigheit var eit norsk regionalt problem som til dømes Nord-Noregs kystbusetnads sosio-økonomiske binding til torskeførekomstane. På ei annan sida vart Island derimot rekna for å vera så og sei totalt avhengig av fiskeførekomstane.<sup>237</sup> Innan EFTA var det difor svært viktig for Noreg å få konsensus om at Island og Noreg stod likt og at begge landa hadde kystbusetnadar som var like avhengig av fiskeførekomstane. Det var på grunnlaget at Noreg burde aktivt streve for å få gjennomslag "*...for prinsippet om en balansert EF/EFTA-avtale.*"<sup>238</sup> Hovudmålsettinga var å få fri handel for fisk i heile EF, slik Noreg allereie hadde med EFTA-landa. I denne forbindelse var det svært viktig for Noreg å sikre seg mot EF sin koplingskrav mellom marknads-, og ressurstilgang.

I denne samanheng er det viktig å understreke at EF sitt koplingskrav om at marknadstilgang burde betalast ved auka marine levande ressursar til Fellesskapet. Noreg hadde nekta å kople dei to tinga heilt tilbake til 1972. Dette kravet hadde EF framlagt ved andre seinare korsvegar, der Noreg konsekvent hadde ført same politikk.<sup>239</sup> I dette høvet vil eg trekkje fram Fiskeridepartementets ekspedisjonssjef Trond S. Paulsen sitt interne brev til Utanriksdepartementet i 1988 angående Spania

---

"Bakgrunnsnotat for statsminister Syses besøk i kommisjonen januar 1990. EF/EFTA-prosessen. Fiskerisektoren." Side 2.

<sup>237</sup> Tamnes, R. 1997:235

<sup>238</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK I mappe datert: 1.1.88-31.3.90. Dato: 23.01.90. Kopi av telefax fra Fiskeridepartementet til statsministerens kontor.

"Bakgrunnsnotat for statsminister Syses besøk i kommisjonen januar 1990. EF/EFTA-prosessen. Fiskerisektoren." Side 2.

<sup>239</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK I mappe datert: 1.1.88-31.3.90. Brev frå Det kongelige fiskeridepartement til UD, 5. august 1988 "EF's indre marked - EFTA-landenes tilpasning"

sine krav om høgare fiskekvoter ved EFTA-landas eventuelle tilpassing til EF sin indre marknad:

*"Fra norsk side vil en ikke være innstilt på i det hele tatt å drøfte spørsmål om fiskerettigheter i norske fiskerisoner i forbindelse med tilpasningsdrøftelser til EF's indre marked."*<sup>240</sup>

Denne striden bar dermed sterkt preg av kontinuitet, men samanhengane for begge partar hadde forandra seg i mellom tida. Utan å trekkje for generelle slutningar, så vil eg derimot koma med ein påstand om at dette var vel så viktig for Noreg i 1990, som i 1972. Det var torskekrise, samstundes som det var i gang ein omstruktureringsprosess av fiskerinæringa for at den mellom anna skulle verta meir marknadstilpassa og kunne verta sjølververva. I denne forbindelse var det i tillegg ei nedtrapping av statleg støtte til næringa i gang. Det å kunne få til gode handelsavtalar og fortrinnsvis få full marknadstilgang for fisk var dermed svært viktig for Noreg. Full marknadsadgang for norsk fisk var dermed Syse-regjeringa sin målsetjing trass i at den var ei vidareføring av tidlegare norske framlegg i møte med EF, så var ikkje denne utdatert. Det var også av stor betydning for Syse-regjeringa og Noregs EF-delegasjon å hindre EF i å få gjennomslag for sine krav om at marknadsadgang måtte "betalast" med fiskekvoter.

Ovanfor har eg slått fast at det var betydingsfullt for Syse-regjeringa at Noreg skulle forfekte at EFTA skulle stå saman med felles målsetnadar, dette gjaldt ikkje minst i fiskerispørsmåla. I eit fortruleg notat sendt frå Noregs EF-delegasjon til Utanriksdepartementet og Fiskeridepartementet kjem det fram at delegasjonen var uroleg i høve til nokre utspel frå Island. Noreg var allereie indignert over at Island hadde betre handelsavtalar med EF fordi landet vart rekna som ekstra fiskeriavhengig. For det første hevda Noreg internt at Nord-Noreg i 1990 hadde fleire fiskarar fordelt over færre torskeressursar og dårlegare økonomi.<sup>241</sup> Det at Island no kom med ytringar som tilsa at

---

<sup>240</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK I mappe datert: 1.1.88-31.3.90. Brev frå Det kongelige fiskeridepartement til UD, 5. august 1988 "EF's indre marked - EFTA-landenes tilpasning"

<sup>241</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK. I mappa datert 1.4.90-31.12.90. Frå Noregs EF delegasjon til Fiskeridepartementet og Utanriksdepartementet. Sak: EØS-Forhandlinger – Fisk Fortolig notat. Datert 15.05.1990:2

dei ville ha særbehandling i spørsmålet om marknadsadgang i EF, skapte uro på norsk side. I den forbindelse sette EF-delegasjonen føre ein strategi om å: *"...bringe Island tilbake til folden"*.<sup>242</sup> Ved å overtyde Island om at deira einaste realistiske sjanse til å oppnå fri marknadstilpassing for fisk var ved å forhandla i eit samla EFTA og ikkje åleine. Vidare påpeika EF-delegasjonen fiskerispørsmåla ikkje stod i eit vakuum, skulle EFTA-landa få gunstige avtalar når det gjaldt fisk, så var det viktig at totalresultatet til EØS-avtalen var godt.

Den 20. Juni 1990 byrja dei første offisielle forhandlingane mellom EFTA og EF angående EØS-avtalen. Innan EFTA hadde det vorte forhandla fram ein felles front om at EFTA-landa skulle på den eine sida arbeide for å få full marknadstilgang på fisk, medan dei på den andre sida skulle avvise EF-kommisjonens koplingskrav om ressursgiving for marknadstilpassing. I EF-kommisjonens opningsinnlegg vart denne prinsipielle fordring lagt fram og deretter bastant avslått i EFTA-landa sin innleiande tale.<sup>243</sup>

På eit møte i EFTAs Fiskeriekspertkomité i Genève sju dagar etterpå kom landa i frihandelsforbundet til einigheit om at i tillegg til eit frihandelsregime så burde EØS-avtale også omhandle antidumping og veterinære føremål når det gjaldt fiskerispørsmåla.<sup>244</sup> Norsk oppdrettsnæring opplevde stadig i samtida at deira laks vart utsett for dumping på EF sin marknad, mellom anna på grunn av kritikk mot kvalitet, men ikkje minst fordi den var så billig i forhold til dømes irsk laks.<sup>245</sup>

---

<sup>242</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK. I mappa datert 1.4.90-31.12.90. Frå Noregs EF delegasjon til Fiskeridepartementet og Utanriksdepartementet. Sak: EØS-Forhandlinger – Fisk Fortolig notat. Datert 15.05.1990:5

<sup>243</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK. I mappa datert 1.4.90-31.12.90. Korrespondanse frå EF-delegasjonen til UD. 23.7.90 Sak: "EØS. Handel med landbruks- og fiskervarer".

<sup>244</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK. I mappa datert 1.4.90-31.12.90.Referat første møte i EFTAs Fiskeriekspertkomité. Genève 27. Juni. 1990:1

<sup>245</sup> NOU 2012:2:386



#### 4.4 EØS-forhandlingane står i stampe

Hausten 1990 vart det tydeleg at EFTA og EF stod langt i frå kvarandre i EØS-forhandlingane og at desse dermed stod i stampe.

Innan EFTA kom dei til ein einigheit om at dei måtte vera villige til å fira på nokre krav og inngå kompromiss for at forhandlingane ikkje skulle falle i grus. For Noreg gjaldt eit av desse områda dei såkalla konsesjonslovane. I regjeringa si Lysebu-erklæring hadde partia vorte samde i at: *"Regjeringen vil arbeide for å sikre nasjonale konsesjonsordninger som gir nasjonal kontroll med forvaltningen av ressurser og miljø, bygget på gjensidighetsprinsippet."*<sup>246</sup> Her er det viktig å trekkje fram betydinga av vedtakets plass i Lysebu-erklæringa. Den stod under punktet *"Forholdet til Europa"* som hovudsakleg var retta mot forhandlingane mellom EF-EFTA og Noregs tilpassing til EFs indre marknad.<sup>247</sup>

*"-bygget på gjensidighetsprinsippet"* er for meg ikkje eit veldig tydeleg uttrykk, men noko som kan verta tolka på ulike måtar. Dåverande Næringsminister og stortingsrepresentant for Høgre, Petter Thomassen, hevda at dette innebar at Syse-regjeringa kom til å omforma dei konsesjonslovane som var diskriminerande mot utlendingar. Dette skulle gjerast i høve til det såkalla "gjensidighetsprinsippet" under den føresetnad at EF mest sannsynleg kom til å laga tilsvarende reglar som kom til å verta brukt mot nordmenn som ynskte å dra nytte av EFs indre marknad og dei fire fridomar.<sup>248</sup> Om dette er Thomassen sin private oppfatning eller om den er på vegne av Høgre, så kan ein ikkje seia for sikkert om Senterpartiet meinte det same ved inngåinga av Lysebu-erklæringa. Det ein derimot kan slå fast er at SP innan Syse-regjeringa i løpet av hausten 1990 motsette seg å tilpassa konsesjonslovene til EFs indre marknad. Konsesjonslovane det dreide seg om var hovudsakleg industrikonsesjonslova og finansinstitusjonslova. Dette var ein av stridsmomenta mellom EFTA og EF, sistnemnte ville ikkje gå med på unntak, i alle fall ikkje i for stor monn, i høve til deira regelverk.

---

<sup>246</sup> Lysebu-erklæringa. 1989:30

<sup>247</sup> Lysebu-erklæringa. 1989:29-33

<sup>248</sup> Thomassen, P. 1991:68

I denne forbindelse er det verdt å påpeike at Norges Fiskarlag i eit høyringsinnspel sendt frå deira Landsmøte som vart heldt den 29. September same år hadde vedtatt at Noreg måtte sikre at berre nordmenn fortsatt skulle kunne eige norske fiskefartøy da dette var av *"stor nasjonal betydning"*.<sup>249</sup>

Trass i at det var usemje på Stortinget i korleis ein tilpassing til EF skulle gjerast, så var det relativt fleirtal på at det vart verdt å arbeide for å få til forhandlingar med EF og etablere ein EØS-avtale. Den 28. oktober 1990 braut regjeringssamarbeidet saman og dagen etter annonserte Statsminister Jan P. Syse sin regjeringss avgang.<sup>250</sup>

Høgre arbeidde for å få danne ei ny regjering, enten med KrF eller åleine basert den politiske plattformen i Lysebu-erklæringa. Den 29. oktober 1990, direkte på Dagsrevyen erklærte SP sin støtte til Arbeidarpartiet mellom anna på grunnlag av at det partiet ikkje hadde programfesta at Noreg skulle søkje om EF-medlemsskap, slik Høgre hadde forfakta sidan 1988. Vidare hevda SP at difor ville AP kjempa for ein best mogleg EØS-avtale for Noreg. Med dette snudde SP ryggen til Høgre og opna samstundes vegen for at Gro Harlem Brundtland fekk etablere si tredje regjering, ei mindretals regjering. Syse-regjeringa gjekk offisielt av den 3. November 1990 etter å ha vore regjering i litt over eit år.<sup>251</sup>

#### **4.5 Brundtland-regjeringa tek vidare kampen om dei vanskelege fiskerispørsmåla i EØS-forhandlingane**

Brundtland-regjeringa fekk dermed overlevert stafettpinnen under vanskelege forhold i EØS-forhandlingane. Oddrun Pettersen vart ny fiskeriminister medan Eldrid Nordbø som hadde vore statssekretær for Brundtland under føregåande statsministerperiode vart Handelsminister medan Thorvald Stoltenberg var Utanriksminister.

---

<sup>249</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK. I mappa datert 1.4.90-31.12.90. Høyringsinnspel Norges Fiskarlag vedtatt på Landsmøtet 29. September 1990. Sendt til Fiskeridepartementet, Næringsdepartementet og Utanriksdepartementet. Datert den 16.10.90:2

<sup>250</sup> Thomassen, P. 1991:163-171 & Tamnes, R. 1997:234

<sup>251</sup> Thomassen, P 1991:171-184.

Eit av dei første grepa Brundtland og regjeringa tok var å ta fatt på arbeidet med konsesjonslovene. I stor grad vart desse lovane allereie tilpassa EFs *acquis communautaire*. Samstundes er det viktig å påpeike at til dømes fossefalla, petroleumsførekomstane og dei marine levande ressursane ikkje vart opna opp for utanlandsk oppkjøp då desse allereie enten var i offentleg eige, under statlege reguleringar eller var internasjonalt anerkjent som norske i høve til internasjonale bindande avtalar.<sup>252</sup>

Det var to unntak i dei nye konsesjonslovane som var tilpassa EFs indre marknad. For det første fekk Norges Fiskarlag<sup>253</sup> ein siger ved at utlendingar ikkje fekk eige norske fiskefartøy samstundes fekk heller ingen som ikkje var nordmenn eller likestilt med nordmenn lov til å kjøpe norske fritidseigedomar. Regjeringa la også inn klausuler som tilsa at Noreg kunne attføra restriksjonar under visse føresetnadar samstundes som det kom til statlege styringsreguleringar som stramma kontrollen med bedriftsoppkjøp <sup>254</sup>

Brundtland-regjeringa og EF-delegasjonen fortsette med å forfekte i EFTA og gjennom diplomatiske kanalar betydinga av at Noreg og EFTA-landa skulle vinna fram med kravet om frihandel for fisk. Inngåande arbeid vart gjort for å finne argument mot EF sine motkrav som kopla marknadsadgang med ressursadgang. Frontane var harde og Norges Fiskarlag var bekymra for at fiskeriforhandlingane kom til å verta ein salderingspost som vart skjøve til slutten av EØS-forhandlingane, dette var noko laget ikkje kunne akseptera.<sup>255</sup>

---

<sup>252</sup> Petroleumsførekomstar, jamfør Kapittel 3:, Marine levande ressursar jamfør kapittel 3:, Fossefall;”Rundt 85 prosent av fossefallene i Norge tilhører kommunale, fylkeskommunale eller statlige kraftselskap. Her har altså det offentlige full kontroll. Dessuten har staten hjemfallsret for nesten alle utbygde fossefall” jamfør Thomassen, P. 1991:150-151

<sup>253</sup> Det er vanskeleg å seie at Norges Fiskarlag var med på å direkte påverke dette valet, men på ei anna side så kan ein heller ikkje utelukka det.

<sup>254</sup> Tamnes, R. 1997:235

<sup>255</sup> UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK. I mappa datert 1.4.90-31.12.90. Høyringsinnspel Norges Fiskarlag vedtatt på Landsmøtet 29. September 1990. Sendt til Fiskeridepartementet, Næringsdepartementet og Utanriksdepartementet. Datert den 16.10.90:1

Ein av pådrivarane til at EF skulle kople marknads- og ressurstilgang var Portugal og mest av alt Spania. Spania si fiskarflåte opererte hovudsakleg i fjernfiske og rundt innføringa av 200 mils økonomiske soner (1977) var den spanske fiskarflåten den tredje største i verda, målt i bruttoregister tonn.<sup>256</sup> Ved lukkinga av den opne allmenningen fekk Spania store problem innan fangstleddet. Trass i at Spania også innførte dei økonomiske sonene, så var det ikkje nok fiskeressursar i deira sone til å dekkja fiskeriflåten etterspurnad for fisk. Då Spania søkte om medlemskap i EF bar difor deira fiskeriflåte preg av overkapasitet, og det å kunne bli ein del i EF-havet med sin felles ressurspolitikk var dermed forlokkande. Dei dåverande EF-landa valde derimot ein proteksjonistisk tilnærming gjennom vedtak om nasjonal fiskerikvotefordeling mellom seg, før Spania og Portugal vart innlemma i EF 1986.<sup>257</sup>

I januar 1991 kom det på banen i samråd mellom EF-delegasjonen og Regjeringa om Noreg skulle prøve å finne fram til ordningar som kunne få EF sitt fokus vekk i frå å kople marknads- og ressursadgang. Det å opne for tollkutt på Landbruksvarer importert frå EF, kunne verta ein mogleg løysing.<sup>258</sup> I denne forbindelse vil eg understreke at norsk jordbruk ikkje skulle verta ein del av EFs felles jordbrukspolitik. Samstundes var det tydeleg at EF og EFTA-landa hadde eit gap mellom seg i å koma fram til løysingar angående fiskerispørsmåla.<sup>259</sup> Vidare var Noreg særleg påpasselig med å samle inn argument mot EFs koplingskrav. Særleg det faktum at Noreg og EF allereie hadde bilaterale fiskeriforvaltingsavtalar seg i mellom og at dette koplingskravet ikkje hadde vorte etablert innan EF, så burde ikkje det vera ein del av EØS-forhandlingane heller. Spania og Portugal sine krav om auka tilgang på fiskeriressursar var rekna som eit grunnleggjande problem i konflikten: Noreg hevda at Spania kom med krav om auka fiskekvoter i norske og islandske fiskerisoner for å kompensera for deira tap av

---

<sup>256</sup> Hersoug, B. 1993:107

<sup>257</sup> Holm, P. (red.) 1993:11

<sup>258</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.1.91-31.5.91. Gradert fax frå EF-delegasjonen til UD datert 30.01.91. Angående statsministerens besøk til Spanias statsminister.

<sup>259</sup> Tamnes, R. 1997:235-236

fiskerikvoter innan EF sin fiskerisone.; "Det er uakseptabelt at interne fordelingsproblemer skal skape fundamentale problemer for EØS-forhandlingene." <sup>260</sup>

Den 18. Juni 1991 var det ein ministermiddag i Luxembourg der framtreddande delegatar innan EFTA og EF deltok, deriblant Noreg. I løpet av middagen så kom det til forhandlingar mellom Noreg og EF-delegatar der mellom anna Handelsminister Eldrid Nordbø, EF-delegasjonsleiar Eivinn Berg og Utanriksminister Thorvald Stoltenberg skal ha spelt ei sentral rolle. Noregs skal ha fått gjennomslag i målsetjinga si om fri handel for fisk i EF for heile EFTA-området ved å gje EF høve til å landa fisk i norske hamner, investera i norsk fiskeforedlingsindustri og ved å få til ein ordning på at Spania skulle overta EF-landa sine torskekvoter i vernesona rundt Svalbard. Dette hadde kome til slik ved at dei EF-landa som overførte sine kvoter til Spania skulle få desse ved å verta tildelt fiskekvoter innan Noregs økonomiske sone. Noreg hadde ikkje gjeve EF auka kvoter, men dette skulle vera ein del av EF og Noregs balanserte bilaterale fiskeriavtale. <sup>261</sup>

Med dette hadde Noreg fått fri tilgang for fisk i EØS-avtalen. Her vil eg derimot påpeike eit paradoks: EF-delegasjonen og Brundtland-regjeringa hadde vore veldig opptatt av å ikkje kople marknads,- og ressurstilgang. Dette var på grunn av at Noreg og EF allereie hadde bilaterale ein fiskeriavtale seg i mellom som var balansert og skulle verta framforhandla årleg. Difor skulle ikkje ressurspørsmål verta ein del av EØS-forhandlingane fordi dette allereie var etablert og skulle dermed stå utanfor. Dei bilaterale fiskeriforhandlingane mellom EF og Noreg skulle difor ikkje drøftast i same forum som rammeverket for ein framtidig EØS-avtale vart drøfta. Trass i at Noreg påpeike at det ikkje har skjedd ein kopling mellom marknad-, og ressurstilgang så har dette uansett vorte framforhandla i eit forum der dette ikkje etter Noregs føresegnar skulle skje.

---

<sup>260</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.1.91-31.5.91. Gradert fax frå EF-delegasjonen til UD datert 30.01.91. Angående statsministerens besøk til Spanias statsminister.

<sup>261</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.6.91-15.7.91. Kryptograf frå EF-delegasjonen ved Eivinn Berg til mellom anna UD, Statsministerens kontor og Fiskeridepartementet. Datert 19.06.1991 klokka 20:10: Inneheld PM på engelsk der avtalen inngått i Luxembourg hadde vorte nedskrive.

Dagen etterpå har regjeringa formidla dette betydelege gjennombrøtet i EØS-forhandlingane i dei vanskelege fiskerispørsmåla. Ingen avtale hadde vorte signert, men regjeringa og EF-delegasjonen var sikker i si sak og at munnlege løfter . Eivinn Berg forfattar eit utkast til avtalen og distribuerte den 19. 06. 1991.<sup>262</sup>

Sjøkket vart dermed stort da det byrja å koma inn meldingar frå EF-land om at det ikkje hadde kome fram til noko einigheit i Luxembourg og at møtet innan EF mellom anna vart omtalt som "misforståinga frå Luxembourg".<sup>263</sup>

Eit møte vart heldt mellom representantar frå EF-kommisjonen og Noregs EF-delegasjon den 28. Juni 1991 og hovudtema var det norske forslaget til ei fiskeriløysing på Luxembourg-møte. Frå EF si side vart det spurt om Noreg hadde bidrege med ekstra fisk eller om det i grunnen berre var EF som kom til å bytte fisk internt mellom sine eigne medlemsland. EF bekrefta at det var torsk dei ville ha, ikkje nokon anna fisk. Samstundes var dei bekymra for om Noreg kom til å leggje ned krav i framtida om å få fiskeslag i form av makrell og sild, som EF ikkje var villig til å gjeva avkall på. Det var viktig at den fisken Noreg skulle få attende skulle vera av lite kommersiell interesse i samtida og fortrinnsvis også framtida. EF kom også med nye krav om Noregs innrømmingar i høve til å gje EF fiskarar fri tilgang til norske hamner, så burde dei også få fri transitt av fisken gjennom Noreg. Vidare så burde borgarar i EF ikkje berre få kjøpe fiskeritilverksingsanlegg, men også få høve til å kjøpe fiskefartøy. Noreg på si side hevda at EF hadde fått meir fisk, og at det skulle vera torskekvoter. Det vart understreka av Noreg at dei rekna med at torskeførekomstane kom til å auke med 20 prosent kvart år, og at det difor kom til å verta meir fisk også til EF-landa.<sup>264</sup>

---

<sup>262</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.6.91-15.7.91. Kryptograf frå EF-delegasjonen ved Eivinn Berg til mellom anna UD, Statsministerens kontor og Fiskeridepartementet. Datert 19.06.1991 klokka 20:10: Inneheld PM på engelsk der avtalen inngått i Luxembourg hadde vorte nedskrive.

<sup>263</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.6.91-15.7.91. Referat møte med Islands ambassadør Einar Benediktsson og mellom andre Einar Bull. Datert den 08.07.1991

<sup>264</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.6.91-15.7.91. Møte med EF-kommisjonen om det norske forslaget til fiskeriløsning. Brussel. Datert 27.06.1991

EF-delegasjonen var tydeleg i ein pressa situasjon og statssekretær J. I. Nålsund påpeikte utfordringa ved at:

*"...situasjonen er vanskeligere enn før Luxembourg møte. Inntil det er bevist at ministrene ikke mente noe med det som ble sagt i Luxembourg, må regjeringen forholde seg til det som der fremkom".<sup>265</sup>*

I eit møte med EF-kommisjonen den 2. Juli 1991 gjer Noreg innrømmingar på at:

*"...man fra norsk side var villig til ytterlige fleksibilitet... " Samstundes vart det understreka at "...en absolutt forutsetning var fri markedsadgang. Der har man fra norsk side intet forhandlingsmonn"<sup>266</sup>*

Sommaren 1991 var den overhengande faren for at forhandlingane skulle bryta saman, til tider stor.<sup>267</sup> Gro Harlem Brundtland hevdar at ein av grunnane til dette var fordi fisk i stor grad ikkje vart sett på som eit politisk tema som kunne engasjera politikarar på høgt nivå. <sup>268</sup>

#### **4.6 Forhandlingseinigheit angående fiskerispørsmåla i EØS-avtalen**

Den 18. Oktober. 1991 var Noregs Fiskarlag, ved Einar Hepsø og Arent M. Henriksen i møte med Statsminister Brundtland og Fiskeriminister Pettersen angående fiskeriforhandlingane under EØS-diskusjonane. Aftenposten skriv at:

---

<sup>265</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.6.91-15.7.91. Referat møte med Islands ambassadør Einar Benediktsson og mellom andre Einar Bull. Datert den 08.07.1991

<sup>266</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.6.91-15.7.91. Brev fra ambassaden til mellom anna Utanriksdepartementet og Statsministerens kontor. Datert den 02.07.1991:2

<sup>267</sup> UD Arkiv VII 533.85 EFTA/EF Fiskeripolitikk. I mappa datert: 1.6.91-15.7.91. Brev fra ambassaden til mellom anna Utanriksdepartementet og Statsministerens kontor. Datert den 02.07.1991:1

<sup>268</sup> Brundtland, Harlem.G. "Dramatiske år 1986-1996". 1997:254-255

*"Norges Fiskarlag sier et absolutt nei til EFkommisjonens (sic) skisse til løsning på fiskerisektoren i EØS. Men statsministeren gir ingen garanti for at Norge vil opprettholde sitt krav om ikke å koble markeds- og ressursadgang i forhandlingene."* <sup>269</sup>

Vidare uttalar Hepsø at Norges Fiskarlag: *...har hele tiden advart mot at fisk skulle bli det siste som sto igjen i EØSforhandlingene. Nå frykter vi at det blir en salderingspost og det vil vi ikke godta. Arvesølvet og livsnerven i kystNorge selger vi ikke...* <sup>270</sup>

Samstundes som forhandlingar føregjekk i Luxembourg den 21. Oktober 1991 blokkerte mellom 80-100 fiskebåtar Tromsø hamn i protest mot den føreståande EØS-avtalen, blokaden er eit samarbeid mellom Norges Råfisklag og Troms Fylkinglag inn under N.F., melder Nordlys den 22. Oktober 1991.<sup>271</sup>

Etter lange drøftingar vart det under den siste forhandlinga natt til 23. Oktober 1991 inngått eit kompromiss mellom Noreg og EF-kommisjonen angående fiskerispørsmåla i EØS-avtalen som begge partar kunne vedgå.

Noreg hadde ikkje klart å få gjennomslag for sin målsetnad om fri handelsadgang for fisk i EF, samstundes understreka regjeringa at det ikkje hadde vorte gjennomført kopling mellom marknads,- og ressurstilgang. Samstundes hadde Noreg trass stort press i frå EF-kommisjonen fått gjennomslag for at utlendingar ikkje skal få eigedomsrett til fiskerifartøy i Noreg. Handelsminister Edrid Nordbø opplyse Stortinget om at dette var *"ett av de vanskeligste spørsmålene i slutfasen av den avgjørende EØS-runden i Luxembourg."*<sup>272</sup>

Kva hadde Noreg fått gjennomslag for og kva for innrømmingar hadde Noreg gjort for å kome EF i møte?

For det første hadde ikkje Noreg fått gjennomslag for fri handel av fisk i EFs indre marknad. Eksportvarer som reker, laks, makrell, sild, sildemjøl hadde ikkje fått noko

---

<sup>269</sup> AFTENPOSTEN MORGEN 19.10.1991:10

<sup>270</sup> AFTENPOSTEN MORGEN 19.10.1991:10

<sup>271</sup> NORDLYS MORGEN 22.10.1991:5

<sup>272</sup> NTBTEKST 24.10.1991



tollreduksjon i det heile.<sup>273</sup> Når det gjaldt såkalla kvitfisk hadde EF og Noreg kome langt i sine forhandlingar. Fersk og frossen kvitfisk, som inkluderte torsk, skulle frå 1993 få heile tollen fjerna. Vidare så var tollen på lite tilverka fisk redusert frå opptil 15 prosent ned til mellom 3,6 og 4,5 prosent. EF fortsette sin politikk som tenderte mot nærast ein generell regel: til meir tilverka fiskeprodukt, til høgare tollsatsar. Dette oppfattar eg på som ein form for proteksjonistisk politikk med den hensikt å beskytte EFs indre marknads fiskeforedlingsindustri. For meir tilverka produkt vart tollen redusert frå eit nivå på opptil 25 prosent til mellom 6 og 7.5 prosent.<sup>274</sup>

Med dette som utgangspunkt så teiknar det eit bilete av at Nord-Noreg med sin avhengigheit til torskeførekomstane har få viktige gjennomslag, men dette gjeld mest av alt fangstleddet. Tilverka fiskeriprodukt av mellom anna torsk vil fortsatt møte tollmurar, men i langt mindre grad enn før. Kardinalspørsmålet var om dette var gode nok løysingar i høve til å bidra til å sikre og kanskje til og med starte opp nye fiskeriforedlingsbedrifter?

Kva for innrømmingar hadde Noreg måtte gjort for å få gjennomslag for desse tollreduksjonane? For det første hadde Noreg opna opp for å auka handelen på landbruksvarer med Sør-Europa.<sup>275</sup> Vidare hadde EFTA-landa gått med på å bidra til EF sitt såkalla Cohesion-fond som hadde vorte oppretta for å hjelpe dei meir vanskelegstilte landa i EF. Her skulle Noreg bidra med mellom 125 og 130 nominelle kroner årleg, frå 1993 og fem år framover.<sup>276</sup>

I forbindelse med Noregs motytingar er det særleg viktig å trekkje fram den delen av totalpakke som var med på å gje Noreg gjennomslag for redusert toll på dei ovanfor nemnte varene. Trass i at regjeringa hevda at det ikkje hadde vorte gjeven noko fisk til EF mot koplingskravet, men at den vart gjeven i balanse med EF og Noreg sin allereie etablerte gjensidige fiskeriavtale. Her vil eg understreka at desse fiskeriavtalene stod uløyselig knytt til at Noreg i det heile fekk forhandla fram ein avtale om fiskerispørsmåla i fiskeriavtalen. EF ville ha torsk, og det var torsk EF hadde fått på

---

<sup>273</sup> Dagens Næringsliv Morgen 23.10.1991:17

<sup>274</sup> Dagens Næringsliv Morgen 23.10.1991:17-18

<sup>275</sup> Tamnes, R. 1997:236

<sup>276</sup> Dagens Næringsliv Morgen 23.10.1991:18

grunnlag av det prinsipp Noreg la ned om at torskeførekomstane kom til å vekse betrakteleg i åra framover. Norge og EF hadde vorte samde i at frå 1993 skulle fastlegge EFs torskekvote i Norges økonomiske sone nord for 62°N, aukast til 2,9 % av den totale fangst (TAC) av nordaustarktisk torsk.<sup>277</sup> I tillegg hadde Noreg satt seg viljug til å gje EF ei ekstrakvote som skulle følgje fastsette kvotetal, sjølv med ein klausul om at skulle det skje brå veksingar i naturgrunlaget til torskebestanden, så kunne desse verta re-forhandla.

For åra 1993-97 skulle tilleggskvota fordela seg slik:

1993: 6.000 tonn, 1994: 7.250 tonn, 1995: 8.500 tonn, 1996: 9.750 tonn og for 1997: 11.000 tonn. Etter 1997 skulle tilleggskvota utgjøra ein gjennomsnittlige del basert på EFs *de facto* totalkvote for åra 1993-97. Dei fiskeslag som EF skulle balansere denne fiskeritavtale med, hadde EF satt atterhald om at skulle verta fiska opp i Nordsjøen, i områda vest av 4°V.<sup>278</sup>

Vidare hadde ikkje Noreg fått gjennomslag for avklaring av sentrale spørsmål som mellom gjaldt transitt av fisk som var brakt i land av utanlandske fiskerifartøy. Faren om at anti-dumpingvåpenet kunne verta nytta av EF hang fortsatt over fiskerinæringa og då spesielt laks.<sup>279</sup>

Regjeringas gjennomslag av fiskerispørsmål i EØS-forhandlingane møtte raskt ramsalt kritikk frå ei fiskerinæring som hadde vore skeptisk til avtalen både forut og under forhandlingane. Det vart tala om løftebrot og at regjeringa hadde gjort ein dårleg jobb og fira på for mange av krava under forhandlingane.

Norges Fiskarlags informasjonsleiar hevdar at kystfiskarane kjem til å få redusert sine torskekvoter som ein følgje av dei auka torskekvotene til EF. Vidare understrekar han at dei fiskekvotene som Noreg får attende for det første er "*Verdiløs papirfisk*" samstundes som dei skal takast i farvatn som er utanfor rekkjevidde til den nord-norske kystflåten. At kystflåten difor må gje avkall på dyrebare torskekvoter, utan å få noko fisk tilbake. Fiskeriminister Oddrun Pettersen understreka på si side at dei nord-norske fiskarane

---

<sup>277</sup> Innst.S.nr.15 (1992-1993):3

<sup>278</sup> Innst.S.nr.15 (1992-1993):3-4

<sup>279</sup> Innst.S.nr.15 (1992-1993):7

ikkje miss noko torskekvoter i det heile fordi dette skal balanserast ut i høve til dei nasjonale torskekvotene og at dei fiskekvotene Noreg hadde fått tildelt som balanse mellom anna består av kommersielt gode marine levande ressursar som sild, makrell, kolmue og reke.<sup>280</sup>

Avisa Nordlys tok opp Noregs argument om at torskeførekomstane kom til å auke betrakteleg frå 1993-1997 og at den skulle nå opp til ei totalkvote på heile 700 000 tonn. Nordlys intervjuar mellom anna Havforskningsinstituttets leiar Odd Nakken som hevda at desse anslaga ikkje stemte overeins med deira estimat, og at ICES skulle vandlig kome med kvoteanslag for eit år for gangen. Nakken understrekte at torskebestanden kom til å vakse opp igjen ein god og trygg måte fordi det var så stort fokus på fleirbestandsforsking- og forvalting. Nordlys kritiserte også EF trålaranes utprega dumping av småfisk. Da dette kunne vera til stor skade på dei maine levande ressursane. Kystfiskarar sa nei til EØS-avtalen mellom anna grunna frykt for at EF-trålarar skal jukse seg til å fiske opp småfisk og dermed øydeleggje livsgrunnlaget for skreien og kystflåten.<sup>281</sup>

Distriktsekretær i Nord-Noreg Hans Johan Dahl i Norsk Nærings- og Nytelsesarbeidarforbund (NNN), som var det største fagforbundet innan fiskeriforedlingsindustrien, hevda derimot at kritikken mot EØS-avtalen var for hard. Han kom difor med eit meir nyansert bilete av saken og hevda at for dei ti til tolv tusen industriarbeidarane i Nord-Noreg som arbeidde med fiskeriforedling så var EØS-avtalen god.<sup>282</sup> Her er det verdt å trekkje fram at landstyret i NNN trass dette gjorde vedtak på NNN sitt Landsmøte året etter der dei stemte i mot EØS-avtalen.<sup>283</sup>

Fiskerispørsmåla var ein viktig del av EØS-avtalen, men på ei annan sida berre ein del av det store bilete og målsetnaden om at Noreg skulle tilpassa seg EF sin indre marknad gjennom EFTA-samarbeidet. Vidare er det viktig å understreke at regjeringa som bestod av garva politikarar hadde vore ute i hardt vêr før og var mest sannsynleg meir enn innstilt på at ein slik omfattande avtale som EØS var, kom til å møte kritikk og motbør undervegs som i kjølvatnet av forhandlingane.

---

<sup>280</sup> Nordlys Morgen 24.10.1991:3

<sup>281</sup> NORDLYS MORGEN 28.10.1991:4

<sup>282</sup> NORDLYS MORGEN 24.10.1991:3

<sup>283</sup> AFTENPOSTEN MORGEN 19.04.1993:23

EØS-avtalen vart underteikna den andre mai 1992 i Oporto Portugal. Heime byrja drøftingar om korleis EØS-avtalen skulle verta ratifisert. Grunnloven § 93 hadde vorte forandra i forbindelse med EF-tilpassinga og denne gav Stortinget heimel til at Noreg kunne overføra myndigheit til ein internasjonal avtale dei var ein del av, etter 3/4 fleirtal på Stortinget.<sup>284</sup> Dette var eit etablert faktum på Stortinget, men drøftingar oppstod om dette var den rette vegen å gå, eller om det burde verta ei folkeavstemming for å avgjera om Noreg skulle binde seg til den framforhandla EØS-avtalen?

Anne Enger Lahnstein hevda i sin tale på SP sitt landsstyremøte den 29. Juni 1991 at nettopp folket burde få bestemme og at Stortingspolitikarane burde gje dette oppdraget til dei.<sup>285</sup>

Den 16.10.1992 kunngjorde NTB:

*”Stortinget sa et klart ja til EØS-avtalen. Allerede tidlig fredag innrømmet motstanderne at det gikk mot nederlag i kampen om Norges hittil største internasjonale samarbeidsavtale. To dagers debatt flyttet ikke frontene: Et trygt tre firedels flertall av Ap, H, KrF og Frp, minus noen få enkeltpresentanter, brakte avtalen i havn.”*

EØS-avtalen hadde no blitt vedtatt av Stortinget, og dermed var den virkeleg brakt i hamn. Medan avtalen vart signert og ratifisert vart det samstundes fortsatt pågåande tekniske drøftingar mellom EF-delegasjonen og EF-kommisjonen på deler som enno ikkje hadde vorte avklart på fisk: transitt, antidumping og veterinære forhold. Forhandlingane gjekk hovudsakleg via diplomatisk note korrespondanse og trakk ut.

I november same år sendte regjeringa inn søknad om fullt medlemsskap i EF, kritiske røyster hadde hevda at Arbeidarpartiet nytta EØS-avtalen som ein bakveg inn til EF og at det var ein del av partiets taktiske spel. Høgre hadde som ovannemnt allereie programfesta fullt medlemsskap i 1988. KrF stortingsrepresentantane Bondevik og Gjønnnes hevda på si side at det burde verta folkeavstemming om Noreg skulle søkje

---

<sup>284</sup> St.prp.nr.100 (1991-92): 335ff

<sup>285</sup> Anne Enger Lahnstein sin tale om EØS-avtalen på SP sitt landsstyremøte 29. Juni. 1991. Henta ut den 31.03.2014 frå: <http://virksommeord.uib.no/taler?id=313>

medlemsskap i det heile, grunna folkets "nei" i 1972.<sup>286</sup> KrF hevda at EØS-avtalen var ein god tilpassing til EF-sitt indre marknad og gjekk difor i stor grad i mot fullt EF-medlemsskap. SP på si side var allereie i mot EØS-avtalen og det var difor ikkje uvventa at dei også stilte seg negativ til fullt medlemsskap for Noreg.

Då EØS-avtalen vart verksett 1. April 1994, var det fortsatt tekniske drøftingar angående transitt, antidumping og veterinære spørsmål mellom EU-delegasjonen og EU-kommisjonen.<sup>287</sup> Samstundes var Brundtland-regjeringa godt i gang med førebuingarbeidet i forbindelse med dei føreståande EU-forhandlingane. Jan Henry T. Olsen var ny fiskeriminister og fekk under EF-forhandlingane tilnamnet: "No-fish Olsen" fordi han var veldig tydeleg på at han ikkje hadde ein einaste fisk å gje til EU. Fiskeriministeren fekk vetorett i forhandlingane, i fylgje Gunnar Mørk må dette sjåast i samanheng med det store nederlaget da Fiskeiminister Hoem gjekk av som stratsråd fordi forhandlingsresultatet for fisk vart så dårleg forut for EF-valet 1972. Det var difor viktig for Brundtland-regjeringa å ha ei fiskeriminister som innga tillit hos fiskarane. Torsk og makrell måtte fram på forhandlingsbordet på slutten av forhandlingane i 1994, dermed måtte også Fiskeriminister "No-fish Olsen" gje frå seg fisk for å få gjennomslag for eit forhandlingsresultat med EF om medlemsskap.<sup>288</sup>

#### 4.7 Avslutning

Da fleirtalet på 52,5 prosent stemte "Nei" til EU under folkeavstemminga valde fleirtalet i Noreg å stille seg utanfor EF. Gjennom EØS-forhandlingane hadde fiskerispørsmåla vore eit stort og vanskeleg tema som til tider kunne stå i fare for å velte heile avtalen. Norges Fiskarlag var ein organisasjon som engasjerte seg mykje i denne sak. Både ved å sende inn høyringsinnspel og arrangera protestar. Målet var lenge å få full marknadsadgang både for Norges Fiskarlag, Syse-regjeringa og Brundtland-regjeringa. Til slutt vart dette ikkje mogleg lenger, då alt kunne stå og falle ved å få til ein gjensidig avtale om fisken. Norges Fiskarlag hadde lenge åtvare Brundtland-regjeringa om at

---

<sup>286</sup> Dok.nr.8:41 (1991-1992) Forslag fra stortingsrepresentantene Kåre Gjønnes og Kjell Magne Bondevik om at det avholdes folkeavstemning før eventuell søknad sendes om norsk medlemskap i EF. Datert 27.05.1992

<sup>287</sup> St. meld. nr. 51 1997-1998: Vedlegg 1 "EØS og fiskerisektoren":2

<sup>288</sup> Mørkl, G. 2009:55,65.

fisken ikkje skulle verta ein salderingspost, men i botn og grunnen vart den det.<sup>289</sup> Noko av det siste forhandlane måtte verta samde om, før heile EØS-avtalen var i boks.

Noreg stemte nei til EU-medlemsskap, men samstundes er det med denne unionen Noreg har den største internasjonale overeinskomst med. Innanfrå EU er den dynamiske EØS-avtalen med på å direkte og indirekte påverka norsk lovgjeving <sup>290</sup> Her står fiskeri,- og landbruk i ein særstilling. Noreg valde etterkvart ikkje å fullt ut å integrere seg til EU sin felles fiskeripolitikk og landsbrukspolitikk grunna sjølvrådetretten. I fylgje Europautgreiinga står fisk både utanfor og innanfor EØS-avtalen. Når det gjeld ressursforvaltning og rett til å eige fiskefartøy står fisk utanfor slik heile landbrukspolitikken. På den andre sida når det gjeld marknadstilgang og handel står fisk innanfor EØS-avtalen fylgjer ein denne logikken vil eg hevde at handel innanfor landbruket gjer at den delen av landbrukspolitikken står innanfor EU/EØS, samstundes er det viktig å understreke at verken landbruk,- eller fiskerisektoren har full frihandel.<sup>291</sup> Vidare er det viktig å påpeike at grunna Noregs overtaking og dynamisk tilpassing til EU sitt regelverk vert både landbruks,- og fiskerinæringa sine deler som står utanfor EU indirekte råka av lovar og direktiv frå EU/EØS, som til dømes i høve til EU/EØS sitt veterinærregelverk. Noreg overtok dette veterinærregelverket i 1999, dette var av særleg betyding for norsk eksport av fisk, ved å implementere dette regelverket ville ikkje fiskeprodukta utsett for lange undersøkingar ved grenseovergangar i EØS-områda, noko som kunne forringe kvaliteten på fisken. Dermed kunne eit av Noregs viktigaste eksportvarer, forutan petroleum, stå i fare for å få dårleg rykte og mista markadsandelar. <sup>292</sup> I Europautgreiinga (NOU 2012:2) vart det slått fast at sett frå Brussel så er Noreg det tredjeland som har knytt seg sterkast opp mot EU, dermed er Noreg samstundes både utanfor og innanfor EU.<sup>293</sup>

---

<sup>289</sup> Norges Fiskarlag Beretning for 1992 og 1993:45-48

<sup>290</sup> NOU 2012:2:64,321

<sup>291</sup> NOU 2012:2657

<sup>292</sup> NOU 2012:2:645-647. Om lag 90% av Mattilsynets reglar kjem frå EU/EØS

<sup>293</sup> NOU 2012:2:35

## 5. Konklusjon

I denne oppgåva har eg drøfta korleis Noreg framstilte og argumenterte for torskeførekomstane i internasjonale forhandlingsfora ved tre ulike høve gjennom ei fase på femti år. Innleiingsvis skal eg kronologisk drøfta dei ulike enkeltsakene kvar for seg. Deretter følgjer ein komparativ diskusjon med hovudformål om å visa korleis dei norske argumenta for torskeførekomstane utviklia seg i perioden 1949-1994 belyst gjennom mine tre caser.

I den norsk-britiske fiskerigrensetvisten var det svært viktig for Noreg under rettssaken å forsvare torskeførekomstane frå utanlandske trålarar. Dette gjaldt både i høve til kollisjon av fiskereiskap og frykt for desimering av torskeførekomstane. I den forbindelse framstilte Noreg korleis det norske system hadde vorte bygd opp grunna den nord-norske kystbusetnadens avhengigheit til torskeførekomstane og skjergardens struktur. Det var på grunnlag av dette at den kongelege resolusjon av 12. juli 1935 vart vedtatt på Stortinget, ikkje på grunnlag av vilkårlege trekkingar av fiskerigrensene, som Storbritannia påstod. Den nord-norske kystbebuar var avhengig av torskeførekomstane, dette gjaldt både fangst- og foredlingsleddet samt skipsverfta og dei som produserte fiskereiskaper. I tillegg så hadde den nord-norske fiskar fanga fisk der sidan uminnelege tider og det var ein kontinuitet i dette fram til samtida. Dermed hadde kystbusetnaden utanfor Nord-Noreg historisk bruksrett til torskeførekomstane der, hevda Noreg.

Noreg la ned store ressursar i arbeidet med denne rettssaken. Mangfaldet i fiskerigrensekomiteen og advokatane visar til at dette gjekk på tvers av partipolitikk. Fiskerigrensetvisten stod fram som ei nasjonal sak der Noreg kjempa for den nord-norske kystbusetnadens rett til å fiske utanfor kysten deira. I sine framlegg gjekk dei norske advokatane djupt til verks ved å argumentere for at Noreg sine sømelege krav var korrekt i høve til folkeretten. Dette gjorde Noreg ved å dra dei britiske argument i tvil frå alle moglege vinklar. Noko av hovudkritikken mot Storbritannia var at deira tolking av folkerettslege generelle regler var rigide og ikkje heldt mål i høve til den omfattande utviklinga innan internasjonal statspraksis. Samstundes understreka Noreg betydinga av at når dei standheftig og utan brot hadde hevda Noregs rett til 4 nautiske

mil, trekt opp etter prinsippet om dei rette grunnlinjer i internasjonale forhandlingsfora var dei ikkje forplikta til å følgje det britane påstod var "etablert folkerett".

Då domaravgjersla falt i Haag var det ein stor siger for Noreg. Domstolen tok seg til og med ein saksutviding der Noreg ikkje berre fekk rett til fiskerigrense på 4 nautiske mil trekt opp etter prinsippet om rette grunnlinjer. Domaravgjersla innebar også den territoriale sjøgrense. Med dette sette domstolen prejudikat for seinare tvistar rundt Havretten både innanfor og utanfor domstolens domene.

Ved opprettinga av den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon i case to er det særleg tre funn som eg vil framheva. 1. Korleis NEAFC var ein premissleverandør og føresetnad for arbeidet i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjonen. På grunnlag av dette vil eg hevde at fokuset på at NEAFC var ein lite effektiv forvaltingsorganisasjon ikkje er direkte feil, men at biletet bør nyanseras. 2. Eit av argumenta Noreg nytta var at kystflåten skulle få fiska også etter at totalkvota vart brukt opp, visar at fokuset var på trålaranes jakt på ung-torsk i Barentshavet. Det var denne reiskapsgruppa som kunne desimere den nordaustarktiske torskebestanden. Her vil eg påpeike mitt funn på at Noreg fekk gjennomslag for dette allereie under Trelands- forhandlingane i 1973. 3. Trass i at Noreg var fullt klar over at Murmanskorsk torsk var ei "oppfinning" frå sovjetarane si side så gjekk dei med på at denne bestanden skulle få lik kvotedeler som norsk kysttorsk. Dette kom av Noregs hovudmål: å få til ein kvoteavtale på torsk. Då måtte Noreg gå med på dette fordi det var eit ufråvikeleg krav frå Sovjet si side at dei skulle få halvparten av totalkvota etter at tredjeland hadde fått sin del.

Ein direkte konsekvens av at kystflåten fekk fiska fritt vart overkapasitet, overfiske og høgare statsstøtte. Desse tre påverka kvarandre i ulik grad som i ein vond sirkel som ein trong sterk kost for å kome ut av. Først ved torskekrisa i 1989 vart fisket regulert ved fiskeriminister Mørk-Eidem sin stenging av de ope torskefiske for kystflåten allereie den 18. april same år. Året etter vart den opne allmenningen offisielt lukka ved at kystflåtens fartøy vart tildelt kvoter.

Innan casen i kapittel 4 er dette ein viktig samanheng. Samstundes med stenging av torskefiske var det også i gang ein prosess i Moxnes-utvalet som mellom anna innebar



kutting i statsstøtte som del av marknadstilpassing. Målet var at fiskerinæringa skulle verta sjølververva. Ein slik fiskeripolitikk kom Noreg også til å overta frå EF i forbindelse med forbodet av konkurransevridande tiltak innan EF, da dette gjekk i mot prinsippet om dei fire fridomar og fri konkurranse. Dermed var fiskerinæringa råka av strukturpolitisk press både internt i Noreg og utanfrå til å verta meir marknadsorientert. Dette kom i samanfall med torskekrisa og var mest sannsynleg med på å auke fiskerinæringa og då spesielt fangstleddets skepsis til EF-tilpassing.

Innan EFTA var det viktig for Noreg at desse landa stod saman i ein samla front. Frihandel for fisk vart framforhandla innan EFTA i 1989, målet vart å få gjennomslag for dette i drøftingane med EF i forbindelse med ein framtidig EØS-avtale. Island hadde allereie betre vilkår i fiskerihandesavtalar med EF enn Noreg. Dette var fordi EF rekna Island som eit utsett land i europeisk samanheng som på eit nasjonalt plan var avhengig av fiskeriressursane rundt øya. Når det gjaldt Noreg derimot hevda EF at fiskerispørsmåla berre var eit regionalt problem i Noreg. Island stilte seg offisielt ved Noregs side om full frihandel for fisk i EF/EØS-området. På ei anna sida er det her viktig å få fram funn om at Island vakla på dette og at det var indre strid på Island angående dette punkt. Noreg var no eit rikt oljeland, og fleire sentrale aktørar i den islandske fiskerinæringa hevda at Noreg difor burde ta seg råd til å takle sine egne fiskerimessige problem på heimebane.

EF gjorde motkrav om å få til ein kopling mellom marknadsadgang mot ressursadgang. Noreg og EFTA motsette seg dette kravet i gjennom heile perioden. Eller gjorde Noreg det? Det kjem an på kva perspektiv ein ser med. Syse-regjeringa stod på dette kravet gjennom det året dei satt i regjering. Brundtland-regjeringa påstod på si side at det aldri vart gjort innrømmingar på eit slikt koplingskrav. Noreg kjempa for å ha suverenitet over sine egne ressursar og mellom anna norsk eigedomsrett til fiskefartøy og fekk gjennomslag for dette. Noregs fiskeriforvalting skulle difor ikkje leggjast inn under EF sin felles fiskeripolitikk. Frå 1977 hadde Noreg og EF årlege multilaterale fiskeriforhandlingar om dei marine levande ressursane som migrerte mellom dei økonomiske sonene dei forvalta. Dette var i eit anna forum, dette skulle opphavleg ikkje vera ein del av EØS-avtalen. Frå Luxembourg i juni 1991 til og med EØS-avtalen hovudsakleg var i boks i slutten av oktober same år så vart dei multilaterale

forhandlingane om fiskeriforvaltning tatt inn i drøftingane om EØS-avtalen. Brundtland-regjeringa hevda at det vart byting av fiskekvoter der EF fekk nordaustarktisk torsk utanfor Nord-Noreg medan Noreg fekk litt kommersielt dårlegare fisk vest for Nordsjøen som kompensasjon. For enkelte Stortingspolitikarar og til dømes Norges Fiskarlag var det gjort ein klart kopling mellom marknads- og ressursadgang for å få EØS-avtalen i hamn. Dette var mellom anna tufta på utsegn frå EF om at dei hadde fått gjennomslag for dette prinsipp. Andre Stortingspolitikarar innrømde berre at det var uheldig at ressursforvaltingsdrøftinga vart heldt parallelt med EØS-forhandlingane. Brundtland-regjeringa stod fast på at det ikkje hadde skjedd noko kopling i det heile. Her er det viktig å påpeike at eit viktig formål for Brundtland-regjeringa var ideelt sett å få til ein god EØS-avtale.

Fiskerispørsmåla kom til sist, og vart ein salderingspost som Norges Fiskarlag hadde frykta. Sjølv fleire år etter at EØS-avtalen hadde vorte signert i mai 1992 føregjekk det noteveksling mellom Noreg og EF om vanskelege fiskerispørsmåla angående transitt, antidumpingtiltak og veterinære spørsmål. Noregs fleirtal stemde "Nei" til eit EU-medlemsskap den 28. november 1994. Gjennom den dynamiske EØS-avtalen står Noreg i ein særstilling der landet samstundes er utanfor og innanfor. Noreg forut, under og etter at EØS-avtalen vart satt i kraft tilpassa seg EU og denne dynamiske avtalen som mellom anna inneber at nye reguleringar vert implementert inn i det norske regelverk. Noreg er i dag det tredjeland som er mest knytt til EU.

Gjennom dette tverrsnittstudiet har eg drøfta tre spanande og unike caser der Noreg forsvarte og argumenterte for torskeførekomstane. Er det forandring i Noregs argument, kvifor eller kvifor ikkje?

Desse tre caser er vidt forskjellige både i høve til motpart, tid og rom. Samstundes er det tre ulike forhandlingsfora: ein rettssak, ein bilateral fiskeriforvaltingsorganisasjon og ein forhandlingsplattform for tilpassing til EF sin indre marknad. Torsken, fiskeførekomstane og Noregs forsvar er derimot eit kontinuerleg tema. Eg vil hevde at Noreg gjennom denne perioden i ulik grad framstiller torskeførekomstane som ein livsviktig næringsveg spesielt for den nord-norske busetnaden. Dette gjeld i høve til å halde på busetnadsmønsteret samstundes som det er eit suverentits aspekt der Noreg

ikkje vil la seg kue av andre statar sine angrep på det Noreg hevdar er eit eige suverenitets område. I tillegg er det eit tryggleikspolitisk aspekt her, og fram til Sovjetunionens fall var det viktig å ha Nord-Noreg busett som ein sikkerheitsventil mot den store bjørnen i aust.

I alle tre caser vert Nord-Noreg sin avhengigheit til torskeførekomstane framheva som ein sentral del av Noregs argumentasjon. Eg vil hevde at Noreg fekk gjennomslag for dette synet ved domaravgjersla i Haag 1951 og i den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon ved at kystflåten som nytta passive reiskaper fekk fiska etter at kvota var fullt opp. Noregs sine strategiar i å framstille Nord-Noreg på denne måten som ein fiskeriavhengig landsdel vinn dermed fram og får internasjonal anerkjenning. Under EØS-forhandlingane møter Noreg derimot motgang. Nord-Noreg er ein fiskeriavhengig region, ja, men sidan Noreg er ein rik oljenasjon, så bør dei klare å ordne opp i sine heimeliggende problem. Noreg fekk såleis ikkje full frihandels tilgang for fisk i EØS-avtalen. Derimot fekk Noreg behalde sin suverenitet over ressursane og berre norske statsborgarar eller dei som er likestilte med norske statsborgarar fekk lov til å eige fiskerifartøy. Her vann Noreg fram på visse skansar, men måtte også gje ein del tilbake gjennom anna i form av betydelege årlege utbetalingar til EF sitt Cohesian-fond.

Gjennom desse tre enkeltsakene har ein sett korleis Noreg forsvarte sin nasjonalstats rett til å sikre dei marine levande ressursane for eigne formål. Globaliseringa utfordrar i dag den nasjonale råderetten over eigne ressursar grunna stadige omveltingar innan den internasjonale marknaden. Med overnasjonale konsern som trugar den norske sjølvråderetten. Korleis vil Noreg forsvare fiskeførekomstane i framtida?

*"....Ney! Fisken i Vandet , det er vores Brød,  
Og miste vi hannem, da lide vi Nød,  
Og jammerlig nødes at sukke."*

*-Petter Dass Nordlands Trompet 1739<sup>294</sup>*

---

<sup>294</sup> Dass, Petter. 1989:46

## Kjelder

Arntzen, Sven. *Fiskerigrensesaken mellom England og Norge for den Internasjonale domstol i Haag*. Foredrag holdt i Den Norske Sakførerforening, Oslo krets, i januar 1952 (noe bearbeidet). I *Tidsskrift for rettsvitenskap* 1952:113-136

Bourquin, Maurice. *Den alminnelige rekkevidde av den dom som ble avsagt 18. Desember 1951 av den internasjonale domstol i den norsk-britiske fiskerigrensetvist*. Oversett til norsk av ambassaderåd E. A. Colban ved den norske ambassade i Stockholm. I 22 *Nordisk Tidsskrift Int'l Ret* 183. 1952. Henta ut frå <http://heinonline.org> 24.10.2013.

### Den internasjonale domstolen i Haag

Den internasjonale domstolen i Haag. Kjelde henta ut den 04.09.2013 frå: [http://www.icj-cij.org\\_docket\\_files\\_5\\_1713](http://www.icj-cij.org_docket_files_5_1713)

Den internasjonale domstolen i Haag. Kjelde henta ut den 04.09.2013 frå: [http://www.icj-cij.org\\_docket\\_files\\_5\\_1715](http://www.icj-cij.org_docket_files_5_1715)

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon: henta ut den 01.08.2013 frå: <http://www.jointfish.com/>

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 1. sesjon 1976.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 2. sesjon 1977. (Denne sesjonen var i desember 1976, men protokollen vart først publisert i 1977)

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 3. sesjon 1977.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 4. sesjon 1977.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 5. sesjon 1978.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 6. sesjon 1978.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 7. sesjon 1979.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 8. sesjon 1979.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 9. sesjon 1980.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 10. sesjon 1981.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 11. sesjon 1982.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 12. sesjon 1983.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 13. sesjon 1984.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 14. sesjon 1985.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 15. sesjon 1986.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 16. sesjon 1987.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 17. sesjon 1988.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 18. sesjon 1989.

Den norsk-sovjetiske fiskerikommisjon. Protokoll frå 19. sesjon 1990.

-

Evensen, Jens. *The Anglo-Norwegian Fisheries Case and Its Legal Consequences* I *The American Journal of International Law*, Vol. 46, No. 4 (Oct., 1952): 609-630. Published by: American Society of International Law Stable. Henta ut den 19.09.2013 frå: <http://www.jstor.org/stable/2194293>

Evensen, Jens. *F.N. og Domstolen i Haag som Internasjonale Konfliktløserne*. Foredrag på IKFFs Landsmøte Grimstad 26/27 April 1991 av folkerettsdommer Jens Evensen. I *Internasjonal Kvinneliga for Fred og Frihet*. Hefte nr. 51, 1991 nr. 4:13-20

Fiskeridirektoratets arkiv i Bergen. Besøksadresse Strandgaten 229, 5004 Bergen

Fiskeridirektoratets arkiv. Bergen. I boks markert."Ark. nr. 067. 1322 NEAFC Årsmötet 1973"

Fiskeridirektoratets arkiv, Bergen. I boks markert som "Ark. nr. 067. 1322 NEAFC's Årsmøter 1973, 1974, 1975, 1976 Henv. ark 067 138"

Fiskeridirektoratets arkiv i Bergen. I boks markert: "Holm Fiskeriøk. avd. Ark. Nr 067.1322 NEAFC Årsmøter London 1975 Estoril Portugal 1976 Fiskeridirektoratet."

Hylen, Arvid, Sætersdal, Gunnar. *The State of the Arctic Cod*. 1957.

Intervju med Knut Vartdal av underteikna

Telefonintervju med Knut Vartdal den 29.04.2014.

Intervju av forum for samtidshistorie: Eivind Bolle

Forum for Samtidshistories Intervjuprosjekt. *Utskrift av intervju med EIVIND BOLLE 14. desember 2005*. Intervjuarar: Tjelmeland, Hallvard, Christensen, Pål, Hovland, Edgar. Jan Gausemel, red. Forum for Samtidshistorie. Institutt for arkeologi, konservering og historiske studier. Universitet i Oslo . Mai. 2006

Norges Fiskarlag Beretning

Norges Fiskarlags Beretning 1992 og 1993

Norges Fiskarlags Beretning 1973-1975

### Norges fiskerimuseum, museum vest i Bergen.

Bilete frå domstolen i Haag. Dommarar studerer Noregs relieffkart. Brukt etter løyve frå Norges fiskerimuseum

Relieffkartet Noreg nytta under fiskerigrensetvisten i Haag. Fotografi tatt etter løyve frå Norges fiskerimuseum.

### Reguleringsutvalget for fisk

Rapport Reguleringsutvalget for fisk, for året 1976. Fiskeridirektoratet. 1976.

Rapport Reguleringsutvalget for fisk, for året 1977. Fiskeridirektoratet. 1977.

### Riksarkivet

Riksarkivet. Utanriksdepartementets arkiv. S-2259. Utanriksdepartementet 1940-1949 31.6 Statsterritorium. Ingenmannsland. Fritt hav. Norge. Sjøterritorium I. Generelle spørsmål: Norge 10 Fiskerigrensekomiteen av 1949.

Riksarkivet. Utanriksdepartementets arkiv. S-2259. Utanriksdepartementet 1950-59 31.6 Statsterritorium, ingenmannsland, fritt hav. Sjøterritorium I. Generelle spørsmål: Norge. 10 Fiskerigrensekomiteen av 1949 og fiskeritvisten i Haag.

### Statsarkivet i Bergen

Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskerirådet/Fiskeridirektoratets ledelse. Underdirektør Olav Lund 06/18

Statsarkivet i Bergen. Fiskeridirektoratets arkiv. Fiskeridirektør Klaus Sunnanå (1947-1973) arkiv. 043/77 Permanent Commission 1957-1958.

Stortingsmeldingar, Norges offentlige utredninger (NOU) og Norges offentlige statistikk

Dokument nr. 22. *Fastsettelse av grunnlinjepunkter for beregningen av Norges fiskerigrense fra Grænse-Jakobselv til Træna*. Offentliggjort i henhold til Stortingets beslutning av 24 juni 1935.

St. prp. nr. 16. *Om Stortingets samtykke til at Norge ratifiserer den internasjonale overenskomst av 5 april 1946 om fastsettelse av maskevidden i fiskenøter og minstemål for fisk*. "Tilråding fra Fiskeridepartementet 24. Januar 1947 godkjent ved kongelig resolusjon samme dag". 1947

Stortingsmelding nr. 87 1952

Høyesterett – kjennelse 24.10.1953 Publisert: Rt-1953-1312

St. prp. nr. 2. (1959-1961). *Om ratifikasjon av en overenskomst om fisket i det nordøstlige Atlanterhav, underskrevet i London 23. januar 1959*. "Tilråding fra Utenriksdepartementet av 10. juli 1959, godkjent ved kongelig resolusjon samme dag".

FOR 31. mai 1963 nr. 1. *Resolusjon om norsk statshøyhet over visse undersjøiske områder*. I 1963 s. 573, II 1963 s. 275

Lov 21. 06. 1963 nr. 12. *Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster*.

Ot. Prp. nr. 31 (1966-1967) *Om lov om endring i lov av 24. Mars. 1961 om Norges fiskerigrense*. "Tilråding fra Fiskeridepartementet av 3. februar 1967, godkjent ved kongelig resolusjon samme dag"

St. prp. nr. 86 (1974-1975) *Om samtykke til inngåelse av en avtale mellom Norge og Sovjetunionen om samarbeid innen fiskerinæringen*. "Tilråding fra Utenriksdepartementet av 10. januar. 1975, godkjent ved kongelig resolusjon samme dag."



Lov av 17.01.1975 *Lov om trålfriesoner utenfor den norske fiskerigrense.*

*Forhandlinger i Stortinget nr. 107. 1. des. 1976 Redegjørelse av havrettsministeren om fiskerigrenseforhandl. og havrettssp. I Stortingsforhandlinger 1976-1977. 7B Tidende S, 1685-3290: 1685-1692*

Innst. O. nr. 7 (1976-1977). *Innstilling fra den forsterkede utanriks-og kontitusjonskomiteen om lov om Norges økonomiske sone.*

Stortingsforhandlinger 1976-1977. 7A Tidende, S 1-1684. Statsminister Oddvar Nordli: *Regjeringserklæring om 200 mils økonomiske soner. 5. oktober. 1976.:20-21*

St. prp. nr. 74 (1976-77) *Om samstykke til ratifikasjon av en avtale mellom Regjeringen i Kongeriket Norge og Regjeringen i Union av Sovjetiske Sosialitiske Republikker om gjensidige fiskeriforbindelser. "Tilråding fra Utenriksdepartementet av 26. november 1976, godkjent ved kongelig resolusjon samme dag".*

St. prp. nr. 70 (1977-78). *Om samtykke til inngåelse av en avtale mellom Norge og Sovjetunionen om en midlertidig praktisk ordning for fisket i et tilstøtende område i Barentshavet. "Tilråding fra Utenriksdepartementet av 16. desember 1977, godkjent ved kongelig resolusjon samme dag".*

Stortingsmelding nr. 18. *Langtidsplan for norsk fiskerinæring 1977-78. 1977*

St. prp. nr. 63 (1979-80) *Om samtykke til ratifikasjon av en overenskomst mellom regjeringen i Kongeriket Norge og regjeringen i Kongeriket Danmark om avgrensning av kontinentalsokkelen i området mellom Norge og Færøyene og om grensen mellom fiskerisonen ved Færøyene og den norske økonomiske sone, undertegnet i København 15. juni 1979. "Tilråding fra Utenriksdepartementet av 18. januar 1980, godkjent i statsråd samme dag."*

Stortingsmelding nr. 100 1991-1992.

Innst.S.nr.15 (1992-1993) Innstilling fra utenriks- og konstitusjonskomiteen om godkjenning av en avtale i form av en brevveksling mellom Norge og Det europeiske økonomiske fellesskap om utvikling av det bilaterale fiskerisamarbeidet.

St. meld. nr. 51 (1997-1998) Om EØS-avtalen og fiskerisektoren. Henta ut den 26.03.2014 frå:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/nfd/dok/regpubl/stmeld/19971998/stmeld-nr-51-1998-/12.html?id=191985>

NOU 1990:24. *Moxnes-utvalget*.

NOU 2008:5 *Hvem har rett til fisken i havet utenfor Finnmark*.

NOU 2012:2 *Utenfor og innenfor. Norges avtaler med EU*.

Statistisk sentralbyrå. *Nasjonalregnskap 1976-86*. Norges offisielle statistikk. Oslo – Kongsvinger. 1987

Statistisk sentralbyrå. *Nasjonalregnskapsstatistikk 1987*. Norges offisielle statistikk. Oslo – Kongsvinger. 1989

Statistisk sentralbyrå. *Nasjonalregnskapsstatistikk 1988*. Norges offisielle statistikk. Oslo – Kongsvinger. 1990

Statistisk sentralbyrå. *Nasjonalregnskapsstatistikk 1991*. Norges offisielle statistikk. Oslo – Kongsvinger. 1993

Norges offentlige statistikk. *Stortingsvalget 1989*. STATISTISK SENTRALBYRÅ OSLO-KONGSVINGER. 1990

Statistisk sentralbyrå Norsk fiskeristatistikk. Henta ut den 9. Januar. 2014 frå:

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=Fiskeslag2&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=jord-skog-jakt-og-fiskeri&KortNavnWeb=fiskeri&StatVariant=&checked=true>

Statistisk sentralbyrå om deira fiskeristatistikk viktig i høve til kjeldekritikk. Henta ut den 4.januar.2014 frå: <https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/fiskeri/aar/2013-11-15?fane=om>

Utanriksdepartementets arkiv Henrik Ibsens gate 5, 0251 Oslo.

Utanriksdepartementets arkiv. Totalt 5 boksar med arkivmateriale:

UD Arkiv VII 533.85 EF. EF/EFTA FISKERIPOLITIKK 1.1.88-31.5.94

### Aviser og blader

Aftenposten

Dagbladet om "kystaksjonen" Henta ut den 04.03.14 frå:

<http://www.dagbladet.no/2014/03/04/kultur/meninger/debattinnlegg/kystaksjonen/kronikk/32130192/>

Dagbladet Røkke løftebrot, torsk, Nord-Noreg løftebrot. Henta ut den 3.3.2014 frå

<http://www.dagbladet.no/2014/03/03/nyheter/innenriks/politikk/fiskeripolitikk/fiskeridepartementet/32018572/>

Dagens Næringsliv

Fiskeribladet

Fiskeridirektoratets småskrifter

Lofotposten

Nordlys

NTB

### Litteraturlista

Andresen, Astri et. al. *Å gripe fortida*. Samlaget. Bergen. 2012

Asdal, Kristin. *Politikkens natur – naturens politikk*. Oslo. Universitetsforlaget. 2011

Brundtland, Gro Harlem. *Dramatiske år 1986-1996*. Gyldendal norsk forlag ASA 1997

Christensen, Pål. *Tua som velter lasset?*, i Holm, Petter (red.) *I Et marked for fisk? Om EFs*

*fiskeripolitikk og norsk fiskerinæring*. Oslo 1993.

Christensen, Pål og Hallenstvedt, Abraham. *I kamp om havets verdier. Norges Fiskerilagshistorie*. Trondheim. 2005

Cushing, D. E. *The Provident Sea*. Cambridge University Press. 1988

Dass, Petter. *Nordlands Trompet*. Første gang utgitt 1739. J·M·STENERSENS FORLAG A·S. Oslo. 1989.

Døhlie, Kjartan Hjermann. *Ressursar under press. Norges rolle i det nordaustatlantiske fiskerisamarbeidet 1946-1977*. Masteroppgåve AHKR. Universitetet i Bergen. 2007

Eriksen, Knut E. og Pharo, Helge Ø. *Kald krig og internasjonalisering 1949–1965. Norsk utenrikspolitikk historie*. Bind IV. Universitetsforlaget AS. Oslo 1997.

Evensen, Jens. *Den nye havrettsorden. I Norges havretts- og ressurspolitikk*. Treholt, Arne et. al (red.) s. 14-42. Noreg. 1976

Finstad, Bjørn-Petter *Bjarne Andreas Mørk-Eidem (1986-1989) Fiskeriministeren som stoppet fisket*. I Tande jr., Thorvald *Uriaspost ved Kongens bord Norske fiskeriministre 1946-2004*. Norsk fiskerinæring AS. Gjøvik/Oslo 2003

Fulton, Thomas Wemyss. *The Sovereignty of the Sea An Historical Account of the Claims of England to the Dominion of the British Seas, and of the Evolution of the Territorial Waters: With Special Reference to the Rights of Fishing and the Naval Salute*. Opphavleg utgjeven av William Blackwood and Sons Edinburgh and London 1911. The Lawbook Exchange, LTD. Union, New Jersey. 2002.

Giverholt, Helge. *Den norsk-britiske fiskerigrensetvisten*. I *Tidens Ekko, småskrifter om storpolitikk*. Nr. 1. 1952. Utgitt av Chr. Michelsens institutt for videnskap og åndsfrihet. I kommisjon hos John Griegs forlag. Bergen. 1952

Gram, Harald og Steenstrup, Bjørn. *Hvem er hvem? 1948*. Forlagt av H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard.) Oslo. 1948

Gullestad, Peter et. al. *Changing attitudes 1970-2012: evolution of the Norwegian management framework to prevent overfishing and to secure long-term sustainability*. ICES Journal of Marine Science; doi:10.1093/icesjms/fst094. 2013.

Hardin, Garrett: *The Tragedy of The Commons*. I: *Science* vol. 126. 1968

Haaland, Anders. *Oddrun Pettersen (1990-1992) Kvinnfolk med handlekraft. A)* I Tande jr., Thorvald *Uriaspost ved Kongens bord Norske fiskeriministre 1946-2004*. Norsk fiskerinæring AS. Gjøvik/Oslo 2003

Haaland, Anders. *Jan Henry T. Olsen Fra "no-fish" til for lite makrell! B)* I Tande jr., Thorvald *Uriaspost ved Kongens bord Norske fiskeriministre 1946-2004*. Norsk fiskerinæring AS. Gjøvik/Oslo 2003

Hatlem, O. B. *Internasjonal havrettsordning sikkerhetspolitiske aspekter*. I *Norges havretts- og ressurspolitikk*. Treholt, Arne et. al (red.) s. 109-128. Noreg. 1976

Heiret, Jan, Ryymin, Teemu og Skålevåg, Svein Atle (RED.): *Fortalt fortid norsk historieskriving etter 1970*. Pax forlag A/S. Oslo. 2013

Hersoug, Bjørn. *Spansk fiskerinæring mellom Madrid og Brussel*. s. 105-122. I Holm, Peter. *Et marked for fisk? Om EFs fiskeripolitikk og norsk fiskerinæring*. Kystnæringen forlag og informasjonskontor A/S. Oslo. 1993.

Hersoug, Bjørn. *Er fiskeripolitikk distriktpolitikk?* Side 67-104 I Teigen, Håvard (red.) *Bygdeutvikling: Historiske spor og framtidige vegval*. Norges forskningsråd. Tapir akademisk forlag. Trondheim. 2000

Holm, Peter (red.). *Et marked for fisk? Om EFs fiskeripolitikk og norsk fiskerinæring*. Kystnæringen forlag og informasjonskontor A/S. Oslo. 1993.

Holm, Petter: *Kan torsken temmes? Moderniseringsprosesser i fiskerinæringa 1935-1995*. I: Eriksen, Erik Oddvar (red.): *Det nye Nord-Norge. Av-hengighet og modernisering i nord*. Bergen 1995, s. 109-142

Holm, Petter, Finstad, Bjørn-Petter og Pål Christensen *Kapittel 6 "Aldri mer 18. April"*  
Upublisert manus i Norges fiskeri- og kysthistorie, Bind IV Norges fiskerihøgskole, UiT  
Norges arktiske universitet 2014.

Hønneland, Geir. *Kvotekamp og kyststatssolidaritet: Norsk-russisk fiskeriforvaltning  
gjennom 30 år*. Fagbokforlaget. Bergen. 2007

Jacobsen, Kirsti Lothe. *Norges rettigheter i polarområdene*. Utgjeven i forbindelse med  
Utstilling 2007-II om polarområda ved det juridiske fakultet Universitetet i Bergen.  
Henta ut den 22.04.2014 frå: <http://www.ub.uib.no/avdeling/jur/arkiv/polar.htm>

Kolle, Nils. *200 mils sonen blir innført* (artikkel i fagbladet Norsk Fiskerinæring , nr. 5)  
Noreg. 2002.

Kolle, Nils. *Kven har retten til fisken i havet? Ei hundreårig konfliktlinje i norsk  
fiskerihistorie*. Prenta i bilag til Fiskaren 9. Juni. 2005. Bergen. 2005

Kolle, Nils. *Svein Munkejord (1989-1990) En frittalende rogalending*. I Tande jr., Thorvald  
*Uriaspost ved Kongens bord Norske fiskeriministre 1946-2004*. Norsk fiskerinæring AS.  
Gjøvik/Oslo 2003

Maurstad, Anita. *"Performing" coastal cod – Enacting nature*. I Sosiologisk Tidsskrift. Vol.  
16:363-382. Universitetsforlaget. 2008

Mørk, Gunnar. *Fisk og følelser. En kvalitativ historisk studie av hva som gjorde  
fiskerispørsmålet så sentralt i norsk EU-debatt i forkant av 1994-avstemmingen*.  
Masteroppgåve i historie. Institutt for arkeologi, konservering og historie. Universitet i  
Oslo. Våren 2009

Nakken, Odd (red.) et. al. *Norwegian Spring-spawning Herring & Northeast Arctic Cod. 100  
Years of Research and Management*. Havforskningsinstituttet. Tapir Academic Press.  
Trondheim. 2008

Rozwadowski, Helen. *The Sea knows no Boundaries*. University of Washington Press. 2002

Schwach, Vera. *Havet, fisken og vitenskapen. Fra fiskeriundersøkelser til havforskningsinstitutt 1860-2000*. Grafisk produksjon John Grieg AS – 1351. Bergen. 2000

Skogvang, Susann Funderud. *Fiskerigrensesaken mellom Norge og Storbritannia og sakens betydning for norsk rett 60 år senere*. I Arctic Review on Law and Politics, vol. 3, 1/2012 s. 81–107. Gyldendal. Noreg. 2012

Tamnes, Rolf. *Oljealder 1965-1995*. Bind nr. seks I serien *Norsk utenrikspolitikk historie*. Universitetsforlaget. Oslo. 1997

Thomassen, Petter. *En regjerings fall*. J. W. Cappelens forlag A.S. Oslo. 1991

### Nettsteder

Historikk EFTA. Henta ut den 20.02.14 frå: <http://www.efta.int/about-efta/history>

Henta ut den 29.04.14. kystmuseene om "Mehamnoppøret 2014" frå: <http://www.kystmuseene.no/mehamnoppoeret-2014.5409680-107295.html>

FAO sitt fiskeri- og akvakulturdepartement om fiskeriforvaltning, definisjonar. Henta ut den 23. August. 2013 frå: <http://www.fao.org/docrep/005/y3427e/y3427e03.htm>

NAFO (*Northwest Atlantic Fisheries Commission om historia til ICNAF*) henta ut den 30.04.14 frå: [www.nafo.int/icnaf/ICNAF history-kulka.pdf](http://www.nafo.int/icnaf/ICNAF%20history-kulka.pdf)

Regjeringen.no, fiskeri- og kystdepartementet om Havrettskonvensjonen. Henta ut den 15.12.2013 frå: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/tema/fiske/rydde-internasjonalt/havrettskonvensjonen.html?id=445763>

Regjeringen.no historikk Norge-EU henta ut den 20.02.14 frå:  
<http://www.regjeringen.no/nb/sub/europaportalen/norge-og-eu/historikk.html?id=692066>

Store norske leksikon om Sven Arntzen henta ut den 8.11.2013 frå:  
[http://nbl.snl.no/Sven\\_Arntzen/utdypning](http://nbl.snl.no/Sven_Arntzen/utdypning)

Store norske leksikon om Eivinn Berg. Henta ut den 08.05.2014 frå:  
[http://snl.no/Eivinn\\_Berg](http://snl.no/Eivinn_Berg)

Store norske leksikon om Paal Berg henta ut den 8.11.2013 frå:  
[http://nbl.snl.no/Paal\\_Berg/utdypning](http://nbl.snl.no/Paal_Berg/utdypning)

Store norske leksikon om Einar Bull. Henta ut den 08.05.2014 frå:  
[http://snl.no/Einar\\_M.\\_Bull](http://snl.no/Einar_M._Bull)

Store norske leksikon om Frede Castberg henta ut den 8.11.2013 frå:  
[http://nbl.snl.no/Frede\\_Castberg/utdypning](http://nbl.snl.no/Frede_Castberg/utdypning)

Store norske leksikon om Jens Evensen henta ut den 8.11.2013 frå:  
[http://nbl.snl.no/Jens\\_Evensen/utdypning](http://nbl.snl.no/Jens_Evensen/utdypning)

Store norske leksikon om C J Hambro. Henta ut den 8.11.2013 frå:  
[http://nbl.snl.no/C\\_J\\_Hambro/utdypning](http://nbl.snl.no/C_J_Hambro/utdypning)

Store norske leksikon om gråsoneavtalen. Henta ut den 30.04.2014 frå:  
<http://snl.no/Gr%C3%A5soneavtalen>

Store norske leksikon angående forhandlingane om Noregs kontinentalsokkel. Henta ut den 30.04.2014 frå: [http://snl.no/forhandlingene\\_om\\_Norges\\_kontinentalsokkel](http://snl.no/forhandlingene_om_Norges_kontinentalsokkel)

Store norske leksikon om Per Ludvig Magnus. Henta ut den 08.05.2014 frå:  
[http://snl.no/Per\\_Ludvig\\_Magnus](http://snl.no/Per_Ludvig_Magnus)

Store norske leksikon om Gunnar Rollefsen henta ut den 8.11.2013 frå:  
[http://nbl.snl.no/Gunnar\\_Rollefsen/utdypning](http://nbl.snl.no/Gunnar_Rollefsen/utdypning)

Snl.no om Torskekrigen mellom Storbritannia og Island. Henta ut den 18.10.13 frå:  
<http://snl.no/Torskekrigen>

Store norske leksikon om Fylkesmann Trygve Utheim. Henta ut den 8.11.2013 frå:



[http://snl.no/Trygve Utheim](http://snl.no/Trygve_Utheim)